

Frivilligturisme og *bullshit jobs*:

om verdifullt arbeid, kapital og søppel



Synne Sørenes
Master i Sosialantropologi
Universitetet i Bergen
Våren 2020

Forord:

First and foremost I must thank Alejandro and the volunteers in Pura Vida who greeted me with open arms even before I sat foot on costarican soil. Thank you for introducing me to everyone and everything the first weeks of my stay, so that I could start figuring out the small, yet complex smalltown that is Santa Teresa. Without you I would be lost. And thank you to John and Zakra, for taking me in as one of their own, without a word or request of repayment. And to my informants, who might have wondered why I was so interested in their lives, but never thought twice about including me, both in their volunteer work, trips to the beach and personal conversations. Without you there would be no master thesis. Thank you!

Takk til rettleiaren min, Cecilie Ødegaard, som har møtt meg med eit smil og positive ord sidan dag éin. Dine gode, konstruktive og detaljerte tilbakemeldingar har vore gull verdt gjennom heile masterprosessen, og eg kunne ikkje bedt om ein betre rettleiar! Og til masterkullet 2020; takk for gode samtalar, både faglege og ikkje så faglege. Eg kjem til å sakna tida på lesesalen!

Takk til HV-gjengen for korrekturlesing og kontinuerlig støtte, oppmuntring og genuin (?) interesse i skriveprosessen, sjølv om eg som oftast ikkje ville snakke om det. Eg set umåteleg pris på alle fjellturar og vinkveldar over videochat då koronapandemien brøyt ut, samstundes som eg gjekk inn i den mest intense skriveperioden. Utan de ville eg enda opp i eit ”virrvarr” av uvaska hår, prestasjonsangst og ei masteroppgåva full av skriveleifar. De gjer meg glad!

Til slutt vil eg gi ein stor takk til mine foreldre og sambuar, som på kvar sitt vis har hjelpt meg med å nå målet. Takk til Pappa som stiller kritiske spørsmål og ikkje let meg unna med halvegs svar. Takk til Mamma for oppmuntrande ord og for at du let meg unna med halvegs svar. Takk Frankemann, for at du har stått støtt, med kvilepuls og ein overraskande høg terskel for ”bullshit”, utan deg hadde heile masterløpet vorte ein heil del keisamare.

Bergen, 21. mai, 2020.

Pura Vida!

Innhold:

Kapittel 1: Introduksjon	1
Feltområdet og problemstilling	1
Turisme og frivillig arbeid i antropologien	2
Costa Rica og Santa Teresa	7
Pura Vida.....	10
Zakra Surf Camp.....	11
Metode, etikk og meg sjelv i felten	14
Kapittel 2: Arbeid	17
Introduksjon	17
Ingrid og “bullshit jobs”	18
Alejandro og ulike oppfatningar av verdifullt arbeid.....	22
Case: Community Garden Opening	27
Konklusjon	30
Kapittel 3: Å kunne hjelpe - klasse, kapital og førestillingar om sør.....	33
Introduksjon	33
Zakra og presentasjon av dei frivillige	34
Privilegiet av å kunne hjelpe - klasse og kapital.....	37
“Untourist”.....	41
Sør versus nord: ynskje om å hjelpe “dei”	45
Intensjonell utvikling.....	46
Konklusjon	49
Kapittel 4: Sjøppel.....	51
Introduksjon	51
Eit samfunnsproblem - lokalt og globalt	52
Sjøppel i naturen - “matter out of place”	55
“Good to think with”	57
Case: Resirkuleringspunktet og Blue Flag Ceremony	62
Konklusjon	67
Avslutning:	69
Litteratur:.....	75

Kapittel 1: Introduksjon

Til tross for at klokka nærma seg fire stod sola framleis høgt på himmelen. Det var ikkje eit teikn til skyer i dag heller, og kvar eit vindkast kjentes ut som ei gåve frå Gud i den elles drepende varmen. Det blå, avkjølande havet var så vidt synleg mellom trea, og det var som om ein kunne smake havsaltet. “Look at this, so disgusting”, sa Mary og erstatta lukta av hav med lukta av ein gammal yoghurtkartong. “I dare you to open it”, lo Iris og Mary gjorde som ho sa. Illeluktande og klumpete yoghurt datt ned mot den knusktørre bakken og jentene skreik og ropte “euuuu”, medan dei lo og rista på hovudet. “Who has plastic”, spurte Mary og kasta yoghurtbegeret til jenta med posen for plastavfall. “This is not what I pictured when I booked this camp”, sukka Mary og såg på meg med oppgitte auge. “Since I was a little girl I’ve dreamt of saving sea turtles, that’s why I came. But I haven’t even seen one sea turtle in these two weeks. All I do is pick up trash, and I don’t want to do it anymore”. Akkurat der og då, midt i forsøket på å få ei brukt barnebleie ut i frå eit buskas, var det enkelt å forstå.

Feltområdet og problemstilling

Fyrste halvdel av 2019 utførte eg eit antropologisk feltarbeid i tettstaden Santa Teresa, på sørvestkysten av Costa Rica, som ein del av min mastergrad i sosialantropologi. Tettstaden, med sine kring 5000 innbyggjarar, har dei siste åra opplevd ein enorm vekst i både innbyggjartal og turisme. Området som før vart brukt som beite til eit titals storfe knytt til eit par “fincas” eller smågardar, er i dag ein stadig veksande tettstad med nabolag, kaféar, hotell og butikkar. Staden i seg sjølv ligg relativt utilgjengeleg til, med lange, svingete og humpete grusveggar som einaste tilkomstveg. Dårleg infrastruktur til tross har dei konstante og verdsberømte surfebølgene klart å trekke til seg ein relativt stabil straum av tilreisande, både på godt og vondt. Den enorme veksten i turisme og generell immigrasjon frå land som Nicaragua og Argentina har ført til fleire problem, oftast knytt til vatn og avløp, og avfallshandtering, då infrastruktur som vegnett og kloakksystem på ingen måte var laga for å handtere auken i menneskeleg aktivitet. Myndighetene slit med mangel på ressursar, både menneskelege og økonomiske, i møte med dei stadig aukande infrastrukturelle problema. Som ein av mine informantar fortalde meg; “Santa Teresa is a small town with big city problems”. Fleire organisasjonar har etablert seg i lokalområdet i håp om å betre problema, og mange av dei tek i mot frivilligturistar som ynskjer å hjelpe. Nokre av dei mange lokale

surfeskulane tilbyr også overnatting, måltid, språkundervisning og moglegheit til å arbeide frivillig. Gjennom feltarbeidet har eg vore i kontakt med fleire av desse organisasjonane, der eg har følgd to av dei spesielt tett. Gjennom samarbeidet har eg fått innsyn i korleis organisasjonane og dei frivillige bidreg, eller vonar å bidra til å endre sosiale, miljømessige og infrastrukturelle problem. Tida eg har delt saman med dei frivillige har gitt meg kunnskap kring kva som motiverer og inspirerer til frivillig arbeid, og korleis dei frivillige ser og opplev det faktiske arbeidet. Denne masteroppgåva er basert på tida mi i Santa Teresa og samtalane, arbeidet og opplevingane eg delte saman med dei frivillige. Gjennom eigen etnografi vil eg i denne oppgåva diskutere kva frivilligturisme kan fortelje oss om ulike førestillingar om arbeid. Kvifor seier nokon opp den godt betalte jobben sin for å arbeide frivillig? Kva gjer arbeid verdifullt og kva gjer det meningslaust? Og kvifor føler dei frivillige på ei trong til å reise utanlands for å arbeide frivillig? Er det frivillige arbeidet meir verdifullt om det skjer i andre omstende enn det kjente? Og korleis vert verdien konkretisert? Og sist men ikkje minst, kva har søppel med alt dette å gjere? Kvifor vart frivillige som Mary i introduksjonen oppgitt over å måtte plukke søppel, når alt ho ynskja var å redde sjøskilpadder frå menneskeleg harme?

Turisme og frivillig arbeid i antropologien

Santa Teresa er ein såkalla “surftown” og dei fleste som bur der lev av surfe- og naturinteresserte turistar frå store deler av verda. Turisme er eit komplekst fenomen, med mange moglege definisjonar. Felles for definisjonane er at turisme som oftast involverer ei midlertidig reise til eit område utanfor eigen heim plass (Przeclawski, 1993, s. 11). Ofte er definisjonane basert på ei vestleg oppfatning av ordet, og inkluderer ein idé om “ferie”, der ein skal slappe av og ta fri frå stress, arbeid og ansvar i dagleglivet (Lanfant, 1993, s. 75). Vidare er det vanleg å sjå turisme som ein verdsomspennande industri, der ulike land, regionar og turistbyar kjempar om mest mogleg (eller i dei seinare år også minst mogleg) besøkande (Burns, 2004). Fleire og fleire land har turisme som ein av deira største inntektskjelder, og turismen sin kompleksitet og eksistens i store delar av verda aukar behovet for ei djupare og meir holistisk forståing av fenomenet. Likevel har turisme opp til nyleg vore lite studert i antropologien. Dette kan det vera fleire grunnar til, blant anna turismen sin tilsynelatande lettbeintheit og mangel på alvor som gjer temaet mindre verdtt blant seriøse akademikarar, slik sosiolog og antropolog Pierre Van der Berghe skildrar nedanfor:

“Judging by the smirk which the mere mention of tourism brings to the face of my colleagues, most social scientists do not take tourism seriously . . . most of my colleagues strongly imply that a professed interest in tourism constitutes little more than a clever ploy to pass off one’s vacations as work. I would not deny that the study of tourism is great fun, but must a subject be boring to be worthy of study? By now, enough fascinating work on tourism . . . has been produced to document that tourism is not only a phenomenon of gigantic import to the modern world but also one presenting intellectually challenging problems”. (Van den Berghe, 1994, s. 3–4)

I tillegg til å vera sett på som mindre spennande blant den akademiske eliten, kan likskapane mellom ein turist og ein antropolog ha ført til ei generell avståing frå temaet (Burns, 2004). Som midlertidig besøkande, utan permanent opphald, ofte med annleis utsjånad og språk enn dei innfødde, gjer antropologen vanskeleg å skilje frå ein simpel turist, og eit forsøk på eit antropologisk studie av turisten kan i verste tilfelle bli som å studere seg sjølv. Tradisjonelt sett har antropologar fokusert på minoritetar eller lite kjende folkegrupper i eksotiske områder, langt i frå turistar og vestlege “kjentfolk”. I dag er turismen så verdssprett at den også er å finne blant dei same folkegruppene antropologar som Malinowski ein gong studerte, noko blant anna Michelle MacCarthy skildrar i monografien “Making the Modern Primitive” (2016), der ho drøftar forholdet mellom turist og fastbuande, og ideen dei besøkande har om eit autentisk trobiansk samfunn og kultur. MacCarthy og andre antropologar, som Erica Robb Larkins med sitt arbeid kring turisme i den brasilianske favelaen (2015), har i dei siste tiåra skjont viktigheita bak ei djupare forståing av turisme og påverknad det har på lokalsamfunn, økonomi, miljø, reisande, bedrifter og organisasjonar. Både MacCarthy og Larkins har vore til inspirasjon i val av tema for denne masteroppgåva.

Frivilligturisme er ei grein innan turismenæringa som vert stadig meir populær, spesielt blant yngre reisande. Professor i turisme, Stephen Wearing skildrar “volunteer tourists” eller frivilligturistar som:

“those individuals who, for various reasons, volunteer in an organised way to undertake holidays that might involve aiding or alleviating the material poverty of some groups in society, the restoration of certain environments or research into aspects of society or environment” (2001, s.1)

Ein frivilligturist er altså, ifølge Wearing, nokon som dreg på ferie for å bidra til å betre dei sosiale eller miljømessige kåra som finst på reisemålet, og det er denne definisjonen eg tek utgangspunkt i når eg refererer til frivilligturistar gjennom denne oppgåva. Det engelske omgrepet ”volunteer tourist” er eit godt brukt og etablert omgrep i engelsk faglitteratur og elles, men det manglar eit tilsvarande etablert omgrep på norsk. Ofte vert tilsvarande fenomen referert til som ”frivillig arbeid i utlandet” i sosiale medium og liknande, men eg innsåg raskt at dette vart for langt og tungvint å bruke som eit sentralt omgrep i masteroppgåva. I tillegg inkluderer det ikkje turismedelen, som er sentral i definisjonen på omgrepet ”volunteer tourist”. Vidare arbeidde eg med omgrepet ”frivillig arbeidsturist”, men då frivillig vert ståande aleine, og arbeidsturist saman, mista det litt av poenget, der ein fyrst og fremst er frivillig og turist. Til slutt enda eg opp med ”frivilligturist”, då det er ein meir direkte omsetjing frå det veletablerte engelske omgrepet. Det syner til det det refererer til, nemleg ein turist som også er frivillig. Det er likevel ikkje til å stikke under ein stol at omgrepet ”frivilligturist” er finurleg, både på norsk og engelsk. Det at frivilligturisme faktisk involverer frivillig arbeid gir ein ny dimensjon til definisjonen på turisme, der fri frå arbeid og forpliktingar ofte står i høgsetet. Dei som reiser på ferie for å arbeide frivillig tek kanskje fri frå arbeid og skule i heimlandet, men forpliktar seg til ansvar, rutine og forventningar på feriestaden, noko som skil det frå den “vanlege” definisjonen på turisme. Frivillig arbeid i seg sjølv er også eit interessant omgrep. Med frivillig arbeid meiner eg arbeid ein utfører av eigen vilje, ofte med intensjonen om å gjere noko eller nokon godt, utan å få betydelig betalt for arbeidet. Det at frivillig arbeid understreker det frivillige til ein slik grad gjer at ein kan setje spørsmål ved “vanleg” betalt arbeid. Er ikkje betalt arbeid også frivillig? Ein kan argumentere for at ein *må* arbeide for å kunne leve, og difor ikkje har noko val. Likevel kan mange velje kva type betalt arbeid ein vil utføre, og på den måten blir det frivillig. Eller? Ein slik diskusjon har eg diverre ikkje plass til å ta i denne oppgåva, men eg let spørsmåla stå til refleksjon.

Til tross for at turisme har vorte eit meir populært fenomen å studere dei siste åra, har ikkje frivilligturisme vore det mest prioriterte feltet, spesielt i antropologien. Hovudvekta av litteraturen kring frivilligturisme kjem frå “leisure and hospitality studies”, slik som Wearing nemnd ovanfor. Ein del av litteraturen er basert på etnografiske studier, spesielt frå Australia (Higgins-Desbiolles, 2009), Indonesia (Galley & Clifton, 2004), Sør-Afrika (Stoddart & Rogerson, 2004) og sist, men ikkje minst, Latin-Amerika (Søderman & Snead, 2008) og Costa Rica (Campbell & Smith, 2006). I denne litteraturen vert frivilligturisme ofte omtalt som

eit beundringsverdig møte mellom besøkande og vert, der moglegheita for kulturell utveksling, sosial transformasjon og personleg utvikling er langt større enn ved den elles tankelause masseturismen (Wearing, 2001; McGehee & Santos, 2005). Det er verre å finne ein klar tendens i fokus og argument blant antropologiske studiar av frivilligturisme, då det nesten ikkje finst noko antropologisk litteratur på emnet. Nokre masterstudentar har utført liknande feltarbeid som meg (Borgejordet, 2009; Tesfai, 2014), men masteroppgåvene har fokusert meir på dei frivillige organisasjonane enn arbeidet i seg sjølv. Wanda Vrasti brukar etnografi frå feltarbeid med frivilligturistar i Ghana og Guatemala i PhD-avhandlinga “Volunteer Tourism in the Global South” (2013), der fokuset ligg på dei frivillige si rolle i oppretthaldinga av det neoliberalistiske samfunnet, noko antropolog Jim Igoe også diskuterer i artikkelen “The spectacle of nature in the global economy of appearances” (2010), og seinare i boka “The Nature of Spectacle” (2017). Eit av hovudargumenta til både Vrasti og Igoe er at konservering, internasjonalt humanitærarbeid og turisme spelar ei mykje større rolle i det internasjonale kapitalistiske systemet og neoliberalistiske samfunnet enn ein fyrst skulle tru. Vrasti spesielt har vore til stor inspirasjon i utforminga av denne oppgåva, men der ho legg hovudfokus på subjekt og stat, legg eg det på arbeid og kapital.

Sjølv om det er eit hol i antropologiske studiar av frivillig arbeid og turisme, finst det ein del litteratur kring frivillig arbeid generelt. Ofte har fokuset vore på organisasjonen eller mottakaren av det frivillige arbeidet, men i “The Need to Help” (2015) skiftar Liisa H. Malkki fokus vekk i frå mottakaren og tilbake til givaren. Malkki diskuterer korleis finske humanitærarbeidarar og frivillige frå den verdsomspennande hjelpeorganisasjonen Røde Kors opplev seg sjølv og deira bidrag til verda “der ute”. Sjølv om fokuset ligg på dei frivillige manglar Malkki refleksjon og diskusjon kring informantane sine sosio-økonomiske bakgrunnar, og til tross for ei god drøfting av “the need to help” nemner ho aldri det privilegiet det er å *kunne* hjelpe. Dette meiner eg er avgjerande i forståinga av frivillig arbeid og eg vil difor diskutere dette i mykje større grad enn det Malkki gjer. Vidare er antropologien sitt fokus på bistandsarbeid viktig å nemne i ei oppgåve kring frivillig arbeid i utlandet. Litteraturen har ofte vore sentralisert kring vestleg bistandsarbeid og påverknaden det har på sørlege eller “ikkje-vestlege” nasjonar. Ofte, spesielt i antropologien, har litteraturen vore kritisk til bistandsarbeidet sin påverknad på andre nasjonar, og ord som neokolonialisme vert ofte nemnd (Brosius, 1999; Escobar, 1995; Ferguson, 1994). Knut Nustad og “Gavens makt” (2003) har vore spesielt avgjerande i mi forståing av vestleg

bistandsarbeid og påverknaden det har hatt på vestlege (og mi eiga) oppfatning av sørlege nasjonar i dag, noko eg vil utdjupe seinare i oppgåva.

I motsetning til mykje av litteraturen nemnt ovanfor vil ikkje hovudfokuset i denne oppgåva vera på i kva grad frivilligturisme er eit betre eller meir bærekraftig alternativ til masseturisme, eller korleis frivilligturisme påverkar og spelar ei rolle i oppretthaldinga av neoliberale samfunn. Eg vil heller ikkje fokusere på korleis vestleg bistandsarbeid påverkar lokalsamfunna dei prøver å hjelpe. Sjølv om det er viktige spørsmål, har eg i denne oppgåva valt å fokusere på noko som litteraturen kring frivilligturisme overraskande nok ofte overser, nemleg tydinga av arbeid, klasse og kapital i det frivillige arbeidet. Fleire av mine informantar hadde eit sterkt ynskje om å arbeide, gjere ein forskjell og skape noko konkret medan dei var i Santa Teresa. Nokre av dei frivillige var spesielt på jakt etter meiningsfullt arbeid, etter år i det David Graeber vil definere som ”bullshit jobs”, der den tilsette sjølv ikkje ser meininga med eige arbeid (2018). Kva frivilligturisme kan fortelja oss om ulike syn og verdsett knytt til arbeid vil eg ved hjelp av Graeber og Olivia Harris diskutere i neste kapittel. Frivilligturisme er spesielt populært blant yngre då det kombinerer reise, arbeid, velgjerd og personleg utvikling, som i stor grad kan vera avgjerande for unge vaksne i søken på retning og meining (Vrasti, 2013, s. 72). Frivillig arbeid i utlandet kan også vera avgjerande i spørsmål kring sosial mobilitet og klasse, noko eg vil diskutere nærare i kapittel tre. Ved hjelp av Pierre Bourdieu sine refleksjonar kring ulike former for kapital vil eg vise at frivillig arbeid kan gi tilgang til viktig og avgjerande kapital som ein elles ville ha vanskelig med å akkumulere (1986). Den sosiale og kulturelle kapitalen ei slik type reise kan gi er for mange naudsynt for å oppnå visse håp og draumar for framtida, spesielt i arbeidsmarknaden. Studentar eller ferdig utdanna unge vaksne ynskjer å skilje seg ut i frå massane, noko erfaring med frivillig arbeid i eit anna land kan hjelpe dei med. Eit lengre opphald i eit anna land og kultur kan også bidra til å endre haldningar og fordommar knytt til andre kulturar eller folkegrupper enn dei ein sjølv har vokse opp i (Ooi & Laing, 2010). Haldningane, forventningane og fordommane dei frivillige kjem til Costa Rica med kan ha vore etablert gjennom fleire tiår med vestleg utviklingshjelp (Nustad, 2003), noko eg også vil diskutere nærare i kapittel tre. Førestillingane om sørlege nasjonar er ofte haldt ved like gjennom ulike symbol, ofte fysiske objekt eller subjekt som er “good to think with” (Lévi-Strauss, 1964) i oppfatninga av sør som trengande, hjelpelaus og sårbar (Malkki, 2015). Dette vil eg gå nærare inn på i kapittel fire.

Costa Rica og Santa Teresa

Som nemnt ovanfor finst det få antropologiske studiar kring frivillig arbeid i utlandet, og eg fant ikkje eit einaste med empiri frå Costa Rica. Likevel er generell samfunnsvitskapeleg litteratur basert på Costa Rica enkelt å finne, då deira velfungerande demokrati og mangel på militært forsvar gjer nasjonen til eit populært “annleisland” å studere, spesielt i latinamerikansk kontekst. Antropologar som Karen Stocker har fokusert på landet sine innfødde, som i fleire hundreår vart totalt ignorert av costaricanske myndigheiter (2005). Megan Rivers-Moore har fokusert på turisme og stat (2007), medan andre har fokusert på landbruk, som er og har vore ein av dei viktigaste inntektskjeldene i landet (Barlett, 1982; Hugøy & Ødegaard, 2019). Costa Rica er eit relativt lite land i Mellom-Amerika, med grenser mot Nicaragua i nord, Panama i sør, det Karibiske hav i aust og Stillehavet i vest. Landet, med sine kring fem millionar innbyggjarar, har dei siste tiåra hatt eit stort fokus på utdanning, og brukte i 2012 kring 6,9 % av statsbudsjettet på nettopp det (Gonzales, 2017). Som eit resultat er mange i landet godt utdanna, og gjennomsnittsinntekta er god, spesielt samanlikna med andre land i regionen. Før spanjolane etablerte koloni i området på starten av 1500-talet budde det fleire ulike grupper innfødde spreidd omkring det som i dag er kjent som Costa Rica. I dag bur det kring 100 000 ”indigenas”, eller innfødde i landet, og sjølv om dei på 1970-talet fekk erklært delar av Costa Rica sitt landområde som deira eige, fekk dei ikkje stemmerett før i 1994, og rasisme og trakassering er framleis vanleg, spesielt i arbeidslivet. Hovuddelen av den costaricanske befolkninga er katolske, spanskætta, og ser seg sjølv som kvite eller ”meztico”, ein blanding av europeiskætta og innfødd. På den karibiske sida av Costa Rica bur det likevel ein større del afrikanskætta, ofte med band til andre land i Karibien, som Jamaica og Haiti. Grunna uro i nabolandet Nicaragua finst det også ein god prosentdel ”nिकास”, eller nicaraguanere, i landet.

I tillegg til å bli omtalt som eit “annleisland” i latin-amerikansk kontekst vert Costa Rica også lagt merke til i klima- og miljødebatten. Landet har gått inn for å bli karbonnøytralt innan 2021, noko som har gitt dei mykje omtale og internasjonal merksemd. Store deler av nasjonen sine landområde er freda nasjonalparkar, og landet har ofte gått i bresjen når det kjem til miljøvennlege tiltak som å forby plastsugerøyr. Til tross for fokus på miljø slit staten med å oppdatere vegnett, hamner og vatn- og avløpssystem, noko som hindrar den tenkte utviklinga. På spørsmål kring kvifor landet framleis har grusbelagte hovudvegar og kloakk som hamnar i sjø og elver vert fingene ofte vendt mot byråkratiet og langdryge prosessar, både på kommunalt og statleg nivå. I tillegg til å ha eit stort fokus på miljø og klima, har Costa

Rica etablert seg som ein av dei største destinasjonane for økoturisme, ein type turisme der ein legg spesielt vekt på natur og lokalmiljø sin velferd. Turisme har dei siste tiåra vorte ein av Costa Rica sine største inntektskjelder, saman med jordbruk og industriell produksjon. Mange av dei besøkande kjem med ei forventning om eit grønt, friskt, reint og naturleg Costa Rica, ei forventning basert på internasjonal marknadsføring frå staten. Ifølge antropologen Megan Rivers-Moore er Costa Rica som turistdestinasjon eit nøye konstruert prosjekt av både staten og turistnæringa sjølv (Rivers-Moore, 2007). Bilete av grøne junglar, friske og lykkelege dovendyr, reine strender og naturleg, sunn mat vert brukt i marknadsføringa av landet som turistdestinasjon, ofte saman med slagordet “pura vida”, direkte oversatt til “reint liv”. Den største andelen turistar reiser til større destinasjonar som Tamarindo, Liberia og San José, men fleire og fleire oppdagar dei mindre tettstadane spreidd rundt om kring i landet, slik som Santa Teresa.

Som forklart innleiingsvis er Santa Teresa eit relativt nyetablert samfunn på vestkysten av Costa Rica. Området er dekkja av grøn skog og kvite strender, og det meste av hushald, hotell og restaurantar er sentralisert kring ein fem kilometer lang hovudveg. Vegen er utan ordentleg asfalt, noko som skapar enorme mengder støv under tørketida, og gjørme under regntida. Frå november til mai er skyer på himmelen eit sjeldan syn, og det varme og tørre klimaet gjer dette halvåret til toppsesong for turismenæringa i området. Tørketid til tross bognar det av grøne tre og planter, då elver og fossefall skapar god vasstilførsel til jungelen året rundt. Området har eit rikt dyreliv, både i jungelen langs fjella og i Stillehavet langs stranda, noko som gjer området spesielt attraktivt for dyre- og naturinteresserte turistar. Med cirka 5000 faste innbyggjarar har berre litt over halvparten av desse costaricansk opphav. Ein stor del av innbyggjarane er tilflyttarar frå nabolandet Nicaragua og Argentina. I tillegg kjem ein del frå Israel og søreuropeiske land som Spania og Italia. Med gratis skulegong til alle born (papirlause immigrantar inkludert), innlagt vatn og straum i dei fleste hus, i tillegg til ei generell låg arbeidslause er det relativt god levestandard blant befolkninga i Santa Teresa. Likevel syner millionhusa på toppen av fjella og brakkene med blikktak langs elva ved hovudvegen eit klart klasseskilje.

Grunna tettstaden si enorme vekst på kort tid har ikkje infrastrukturen klart å halde følge, og vegar er holete, sandete og i tider med mykje nedbør, direkte farlege. Hovudvegen inn til Santa Teresa var stengt då eg fyrst kom i januar, og opna ikkje igjen før ut i mars, då store mengder nedbør i november og desember hadde gjort hovudvegen ukøyrbar. Problemet med

dårlege vegar fører også til problem i handteringa av avfall. I utgangspunktet er det dei lokale myndigheitene som tek seg av avfallshandteringa i Santa Teresa, jamfør ei lov frå 2010 som stadfester at alle lokale myndigheiter har ansvar for søppelhandtering i eigen kommune (Ley para la Gestion Integral de Residuos, No. 8839). Søppelbilen skal kjøre gjennom Santa Teresa ein gong i veka, men i periodar der hovudvegen er stengt kjem den sjeldnare, då den alternative køyreruta er både lang og risikofullt. Til tross for at lova frå 2010 også stadfestar at alle lokale myndigheiter skal legge til rette for resirkulering, fanst det inga offisielt opplegg for det i Santa Teresa, og alle småhotell, restaurantar, butikkar og privatpersonar kasta søppelet sitt i store, svarte søppelsekkar, utan å skilje mellom bioavfall, plast eller restavfall. I periodar då søppelbilen ikkje kom som forventa vart søppelsekkane liggande ute langs gatene over natta, noko som gav hundar og andre dyr moglegheit til å forsyne seg av matrestar og anna godt frå søppelposen. Resultatet vart ofte avfall spreidd utover gata, noko ein turistby basert på fantastisk natur ikkje tente på. Som eg skal diskutere nærare i kapittel fire er søppel i naturen “matter out of place” (Douglas 1966), og vert sett på med avsky, spesielt av tilreisande frå nord.



Figur 1. Kart over Santa Teresa. Frå santa-teresa.com, av G. McCabe, 2011.

Som skildra innleiingsvis var det fleire organisasjonar og bedrifter som hadde etablert seg i Santa Teresa dei siste ti åra. Fleire av desse såg nytte i å aktivisere turistar som ynskja å bidra til å betre tettstaden sine sosiale og infrastrukturelle problem. Under feltarbeidsperioden min var eg i kontakt med fleire av desse organisasjonane og bedriftene. Ved å gi innsikt i dei politiske, økonomiske og miljømessige problema tettstaden slit med har eg fått ein god og heilskapleg forståing av Santa Teresa som samfunn. Eg har også fått innblikk i kva rolle frivilligturisme spelar i det store sosioøkonomiske bilete. Etnografien i denne oppgåva er

hovudsakleg basert på samarbeid med ein “non governmental organisation” (NGO); Pura Vida, og ei bedrift; Zakra. Begge driv med frivillig arbeid for turistar, og begge baserar det frivillige arbeidet sitt hovudsakleg på miljøarbeid i form av avfallshandtering, resirkulering og informering om dette til lokalsamfunnet. Likevel skil dei seg der den eine er ein organisasjon utan profitt, hovudsakleg eigd og driven av éin person, og den andre er ei bedrift med profitt og fleire betalte tilsette. I tillegg tilbyr Zakra arbeid med dyr, hovudsakleg sjøskilpadder, under periodar der sjøskilpaddeegg vart lagt på den lokale stranda, oftast mellom september og januar. Det at etnografien er basert på to forskjellige organisasjonar gir meg moglegheit til å få eit enda breiare bilete av det frivillige arbeidet i Santa Teresa, og av frivilligturistar generelt. Dei frivillige frå Pura Vida var hovudsakleg i 30-åra, med utdanning og arbeidserfaring. Ingen av dei betalte for å arbeide frivillig og dei reiste og budde aleine. Zakra er ei bedrift som tek i mot betalande deltakarar, hovudsakleg i tidleg 20-åra og utan spesiell arbeidserfaring. Skilnaden mellom dei frivillige i Pura Vida og Zakra gir meg moglegheit til å sjå felles tendensar til tross for alder, arbeidserfaring og kva type organisasjon ein vel å arbeide frivillig for. Eg får også informasjon frå både ei kommersiell bedrift og ein “non-profit”-organisasjon, noko som gir meg uvurderleg innsyn i ulike intensjonar, draumar og formål bak engasjementet i frivilligturisme. Ein person som betalar for eit opphald der frivillig arbeid er ein av aktivitetane har moglegvis andre krav og forventningar til opphaldet enn nokon som ikkje betalar.

Pura Vida

Tidleg i feltarbeidet fekk eg kontakt med Alejandro, ein argentinsk mann i slutten av 30-åra som hadde budd dei siste ti åra i Santa Teresa. Han hadde både sett og følt endringane den litle surfelandsbyen hadde gått gjennom dei siste åra. “When I first came here ten years ago, there were only a few hotels and restaurants. Now it’s so crowded during dry season”, fortalde han meg då me fyrst møttest. Alejandro hadde brukt dei siste to åra på å starte opp og etablere “Pura Vida”, ein NGO med hovudmål om å betre lokalsamfunnet si avfallshandtering gjennom bruk av og undervising i kompostering av matavfall. Gjennom eit samarbeid med den lokale ungdomsskulen hadde Alejandro, saman med fleire andre frivillige, bygd opp ein “community garden”, eller samfunnshage, like ved skulen sitt hovudområde. Hagen hadde fleire mål, mellom anna å vera ein stad der lokale bedrifter og private hushald kan levere matavfall, som gjennom kompostering vart gjort om til næringsrik gjødsel. Gjødsel vart brukt til å gro urter, grønsaker og frukt som skulekjøkenet kunne bruke.

Alejandro, med bakgrunn som landbruksingeniør, hadde som mål å bruke hagen til å undervise lokale born og vaksne i permakultur, ei meir bærekraftig og naturleg form for jordbruk. For å få drifta i hagen til å gå rundt var han avhengig av personar som utførte frivillig arbeid, noko han fekk gjennom sosiale medier som Instagram og Facebook, og organisasjonen si eiga nettside. Pura Vida og Alejandro tok ikkje i mot betaling frå dei frivillige, men tilbydde heller ikkje noko form for kost eller losji. Dei frivillige måtte ordne overnatting og måltid sjølv, men Alejandro var alltid glad for å hjelpe i søken etter gode hotell eller leiligheter i området. Om nokon ynskja å forplikte seg til det frivillige arbeidet hadde han likevel visse forventingar til dei frivillige, som å bidra til organisasjonen si nettside og hjelpe til i samfunnshagen nokre dagar i veka. Arbeidet for nettsida inkluderte som oftast å skrive ein kort bloggpost, anten om seg sjølv og motivasjonen for å arbeide frivillig, i tillegg til kvifor ein ynskja å arbeide hjå Pura Vida, eller ved å oppdatere potensielle lesarar om kva Pura Vida og dei frivillige dreiv med. I hagen var arbeidet hovudsakleg fysisk, i form av arbeid i bed, planting av frø og andre planter, vatning og anna vedlikehaldsarbeid. Likevel vart mykje av tida brukt på å sitte under skuggen av trea og diskutere samfunnsproblem, musikk og kunst med Alejandro og andre frivillige. Det var ingen fast plan for dei frivillige, og i all hovudsak kunne ein komme og gå som ein sjølv ville, så lenge ein bidrog litt. Dei frivillige kunne komme og arbeide i hagen i éin dag, eller i eit heilt år om dei ynskja det. Fleire av dei frivillige var berre innom samfunnshagen i nokre dagar, dei fleste forbi-passerande frå Nord-Amerika og Europa, med eit ynskje om å lære meir om permakultur og hagestell. Alejandro tok i mot alle med like stort engasjement, og brukte mykje tid og ressursar på å undervise og lære vekk kunnskapen han sat inne med. I løpet av dei månadane eg deltok i arbeidet til Pura Vida var det berre fire frivillige som arbeidde lenger enn ei veke. Desse fire kom frå Argentina, Italia og Sverige, og alle var kvinner i 30-åra med ein plan om å bu i Santa Teresa over lenger tid. Dei fire frivillige vart både viktige informantar og gode vener under feltarbeidet mitt. I neste kapittel vil eg skrive meir om Pura Vida, Alejandro og dei frivillige, med spesielt fokus på Ingrid frå Italia og det hennar erfaringar kan fortelje oss om ulike syn på verdifullt arbeid.

Zakra Surf Camp

Den fyrste månaden i Santa Teresa la eg merke til ei gruppe jenter i 20-åra som fleire måndagar på rad gjekk og plukka søppel langs vegkanten. Dei vart leda av ein ung ”tico” (costaricanar) som energisk prøvde å motivere tilsynelatande skeptiske

europearar. Forbipasserande tuta og ropte “great job” og “thank you”, og i støvet frå vegen smilte jentene høfleg tilbake og sa “no problem”, før dei stakk hovudet ned i grøfta på jakt etter meir gull - eller søppel, i dette tilfellet. “Who are the girls picking up trash”, spurte eg ein lokal kaféeigar som ropte “thank you” til jentene medan dei traska forbi med svarte søppelsekker i hendene. “They come from Zakra, the surf camp up the hill. They are crazy picking up our trash, but it’s great”, forklarte han meg entusiastisk, før han rømte inn igjen til klimaanlegget.

Etter å ha forhøyrte meg litt til fekk eg kontakt med eigaren, og eg spurte om eg kunne komme på besøk og høyre meir om det frivillige arbeidet dei dreiv på med. Eigaren, Chris, svarte med eit entusiastisk “ja!” og før eg visste ordet av det var eg på veg opp til campen. Til no hadde eg for det meste opphaldt meg langs hovudvegen der dei fleste hotella, leilegheitene og restaurantane heldt til, men Zakra låg i ei bakgate, opp mot fjella og jungelen, og eg vart introdusert til ei anna side av Santa Teresa. På vegen opp mot campen passerte eg fleire private hushald, med lokale arbeidande utanfor husa, smilande, men opptatte med sitt. Eg var sveitt og nervøs då eg traska oppover i solsteiken, i frykt for kven Chris var og om han i det heile tatt var interessert i å ha ein antropolog hengande rundt campen framover. Til no hadde eg berre vore saman med nokre få frivillige i den mykje mindre frivillige organisasjonen Pura Vida, så eit potensielt samarbeid med Zakra ville gi informantnettverket mitt ein skikkelig ”boost”.

Som avtalt vart eg møtt av koordinatoren for dei frivillige, Marco, og eg skjønnte raskt at det var ”ticoen” eg hadde sett saman med dei søppelplukkande jentene langs vegen. Med velstelt hår, blendakvitt smil og utan ei svetteperle i panna vart eg smertefullt klar over mi eiga gjennomsvette hand då han fast og bestemt handhelsa og ynskja meg velkommen til Zakra. Marco fortalde at han var født og oppvaksen i Santa Teresa, og hadde vore næraste nabo til Zakra heilt sidan dei etablerte seg i 2012. Sjølv om han berre var 19 år hadde han hatt ansvar for dei frivillige og arbeidet dei utførte i eit heilt år. Om tre veker skulle han slutte for å reise til hovudstaden San José og studere for å bli turistguide. Han meinte jobben han hadde no var fantastisk, men utan formell utdanning var han ikkje sikra jobb i framtida. Som turistguide var han garantert arbeid livet ut, då turiststraumen på ingen måte såg ut til å stagnere. Marco gav meg ein kjapp visningsrunde på campen sitt område, som besto av tre større hus og eit uteområde med basseng. I alt kunne campen huse 50 menneske, men til vanleg var det rundt 20 besøkande om gongen. Alle budde på “dorm rooms”, enkle rom med to til fem

køyesenger. Dei besøkande var som oftast mellom 18 og 25 år, sjølv om det til tider dukka opp menneske utanfor aldersnorma. “Last year there was a guy here, he was 75! It was so weird”, fortalde Marco meg medan han himla med augna og lo. Dei fleste besøkande var frå land nordvest i Europa og USA, og kjønnsfordelinga låg oftast rundt 80% kvinner og 20% menn. Det at det tilsynelatande var ein større del kvinner som arbeidde frivillig, både hjå Zakra og Pura Vida er interessant å bite seg merke i, sjølv om eg ikkje har moglegheit til å diskutere det vidare i denne oppgåva.

Zakra fungerer som ein “camp”, eller leirskule på godt norsk. Dei besøkande betalar for kost og losji, i tillegg til undervisning i spansk, yoga og surf. Leiren kan vare mellom 4 til 16 veker, alt ut i frå kor lenge den besøkande sjølv ynskjer eller har moglegheit til å vera der. Prisen varierer mellom 2000 – 4500 USD, basert på kor lenge ein ynskjer å delta og kva bedrift ein har bestilt opphaldet gjennom. Zakra samarbeider med større reiseselskap som skandinaviske Kilroy og britiske The Leap, og dei fleste deltakarane hadde bestilt reisa gjennom ein av dei to bedriftene. Nokre få hadde bestilt gjennom mindre reiseselskap eller gjennom Zakra direkte. Deltakarane hadde eigne timeplanar for aktivitetar og undervisning, som kunne sjå slik ut:

07:30-08:30 - Breakfast

09:00-11:00 - Spanish Lesson

12:00-13:00 - Lunch

14:00-16:00 - Volunteer Work

16:00-17:00 - Personal time

17:00 - 18:30 Yoga Lesson

Det frivillige arbeidet var altså ein del av ein elles travel dag, og ingen av dei besøkande kom til campen utelukkande for å arbeide frivillig. Medan det for nokon var spanskundervisning og surfetimar som freista mest, var det andre som hovudsakleg valte Zakra og Santa Teresa grunna moglegheita til å arbeide frivillig. Det frivillige arbeidet var i likskap med Pura Vida basert på miljøarbeid, hovudsakleg i form av avfallshandtering, resirkulering og liknande. Som forklart innleiingsvis plukka dei frivillige søppel frå gatene i Santa Teresa, i tillegg til strendene i og kring tettstaden. Organisasjonen hadde også ansvar for eit resirkuleringspunkt i

nabolaget, der lokale kunne kaste resirkulerbart avfall som plast, metall, papp og glas. Tidlegare frivillige frå Zakra hadde sete opp resirkuleringspunktet og organisasjonen tok ansvaret for å tømme det minst ein gong i veka. Ein annan organisasjon, North Peninsula Waterkeepers (NPW) hadde i slutten av 2018 starta eit resirkuleringsprogram der dei samla inn resirkulerbart avfall frå innbyggjarane i Santa Teresa og omegn, og Zakra bidrog med å gi avfallet frå resirkuleringsstasjonane til dei. Ein gong i veka deltok dei frivillige frå Zakra i sortering av avfall på NPW sin resirkuleringsstasjon i nabolandsbyen Cóbano, og samarbeidet med Zakra og NPW var tett.

Zakra var desidert den mest kommersielle organisasjonen eg samarbeida med i Santa Teresa. Deltakarane betalte ein relativt stor sum, og kom med forventningar om å få levert det produktet, eller den opplevinga, dei hadde betalt for. Nettsidene til både reiseselskapa og Zakra sjølv lova frodig jungel og arbeid med dyr og lokalbefolkning, noko mange av dei tilreisande hadde drøymt om å få oppleve i lang tid. Eigaren av Zakra og familien hans levde av inntekta campen brakte med seg, og var difor avhengig av både nøgde kundar og samarbeidspartnarar. For Zakra var det frivillige arbeidet ein del av deira businessmodell, og i tillegg til å gjere godt for lokalsamfunnet måtte det frivillige arbeidet innfri dei betalande frivillige sine draumar og forventningar. I perioden eg var der var det ei generell misnøye blant deltakarane på Zakracampen, då fleire ikkje hadde blitt informert om den lite andelen av skilpaddereir og hekking som foregjekk i starten av det nye året, før dei hadde booka opphaldet. Med ein førestilling om å redde skilpaddebabyar vart fleire av dei frivillige skuffa i møte med det frivillige arbeidet som hovudsakleg var basert på søppelplukking. I kapittel fire vil eg ved hjelp av Lévi-Strauss diskutere dyr og natur si rolle i forståinga av miljøproblematikk, og rolla dei spelar i ynskje og behovet for å hjelpe.

Metode, etikk og meg sjølv i felten

Gjennom feltarbeidsperioden nytta eg meg av deltakande observasjon som hovudmetode. Eg deltok i aktivitetar saman med frivillige frå totalt tre organisasjonar, Nicoya Peninsula Waterkeepers, Zakra og Pura Vida, med ei klar hovudvekt på dei to siste. I visse tilhøve utførte eg formelle og uformelle intervju med frivillige og tilsette i nokre av desse organisasjonane (Bernard, 2011). Eg har også vore til stades under fleire kommunale og private møter og seminar der frivillig arbeid eller lokale miljøproblem har vore blant tema. I fleire tilhøve har eg fått tilgang til materiale brukt før, under og etter desse møta, i form av powerpoint-presentasjonar, Whatsapp-samtalar mellom arrangørar eller infoskriv på ark. Det

meste av etnografien kjem likevel frå ustrukturerte samtalar og observasjonar gjort under det frivillige arbeidet, eller under sosiale samkomer i regi av organisasjonane. I samspel med NSD sine krav om informasjonsgiving og informert samtykke (sjå Zahle, 2017) vart alle potensielle informantar informert om kven eg var og kva prosjektet mitt innebar. Dei fekk kvar og ein spørsmål om å vera med på prosjektet og, heldigvis for meg, var det ingen som takka nei. Alle informantar fekk tilbod om å trekke seg frå prosjektet når som helst, men så langt er det ingen som har nytta seg av dette. Alle informantar i denne masteroppgåva er blitt anonymisert, for å hindre gjenkjenning og sikre informantane sine rett til privatliv.

Det frivillige arbeidet var i all hovudsak basert på avfallshandtering, kompostering og resirkulering. Både hjå Pura Vida og Zakra var hovudmålet med det frivillige arbeidet å bidra til å betre avfallsproblematikken i nærområdet og arbeidet eg og dei frivillige utførte var ofte av fysisk karakter. I Pura Vida planta eg og dei frivillige frø eller planter og vatna blomsterbed. I Zakra var mykje av arbeidet basert på søppelplukking i nabolag og på stranda, i tillegg til å lage skilt og sette dei opp i nærområdet. I tillegg til å delta i organisasjonane sine arrangerte aktivitetar nytta eg meg av det Karen O'Reilly kallar "deep hanging out" og "go along" (O'Reilly, 2012, s. 99). Nokre av informantane eg møtte under det frivillige arbeidet vart som vener, og eg fekk henge meg på det meste av det dei fann på, frå yogatimar, til soling på stranda, til fellesmiddag og festar. Å delta i det frivillige arbeidet som ofte var fysisk fekk eg ein uvurderleg kroppsleg erfaring som mine informantar aldri kunne skildra med ord. I 35 grader celsius og 100% luftfuktighet føles arbeidet i solsteiken ekstra tungt, og forståelsen for kvifor nokre av dei frivillige sa eller gjorde som dei gjorde auka i takt med sveitten. At eg også var med på festen kvelden før bidrog med ein ny og viktig dimensjon (ofte i form av hovudverk). O'Reilly forklarar kvifor kroppsleg kunnskap er naudsynt i felten:

Embodied knowledge (knowledge that becomes a part of who we are) is built up over time as we learn to do things our research participant can do, as we do things with them, and as we become part of the setting, the culture and the group with whom we spend so much time. [...] we cannot undertake ethnography without acknowledging the role of our own embodied, sensual, thinking, critical and positioned self. (O'Reilly, 2012, s. 99-100)

Som Allaine Cerwonka argumenterer for i "Improvising Theory" (2007) meiner eg det er viktig å sjå fordelane med eigne kroppslege erfaringar og eigne oppfatningar frå felten,

i staden for å prøve på ein uoppnåeleg objektivitet. Slike erfaringar frå eigen kropp og sinn kan bidra til ei djupare forståing av informantane sin sosiale realitet. Likevel er det viktig å vera observant på eigne fordommar før, under og etter eit feltarbeid. Møtet med frivilligturisme i Santa Teresa var langt i frå mitt fyrste. Som ung vaksen og ferdig med vidaregåande skule reiste eg til Guatemala for å arbeide frivillig, lære spansk og forhåpentlegvis oppleve noko nytt og spanande. Året etter bestemte eg meg for å flytte til den Dominikanske Republik (DR) og arbeide frivillig for en NGO der. Erfaringane frå Guatemala og DR var utan tvil avgjerande for val av tema på masteroppgåva, då ein bachelorgrad i sosialantropologi hadde opna augo for fleire moglege dimensjonar ved frivilligturisme enn det eg var kjent med som 19-åring. Tida som frivillig påverka meg også som person, og vidare som antropolog i felten. Eg følte på ingen måte at eg gjekk inn i felten med bind for auga, utan forkunnskap eller erfaring knytt til tematikken. Likevel forsøkte eg gjennom heile feltarbeidsperioden å vera eigne erfaringar bevisst, og ikkje la dei dekke til moglege oppdagingar eller “aha”-opplevingar undervegs. Alt i alt gav deltakande observasjon meg det viktigaste verktøyet i å prøve å forstå frivilligturisme som eit sosial fenomen, og kva det kan fortelje oss om arbeid, kapital og symbolsk tenking.

Kapittel 2: Arbeid

“So, what is your plan for this organization?” Ingrid, eg og Alejandro sat under treet i samfunnshagen og diskuterte, slik me ofte gjorde etter me var ferdige med gjeremåla for dagen. Alejandro, som eigde og dreiv Pura Vida, hadde høyrte spørsmålet frå frivillige som Ingrid fleire gongar før, og smilte svakt då han fortalde at han ikkje hadde noko spesiell plan. “I don’t like plans”, sa han og lo. Ingrid himla med auga, og haldt fram med å stille spørsmål kring kvifor han starta organisasjonen og kva som var formålet med arbeidet han gjorde. Organisasjonen hadde han starta fordi han såg eit stort behov for å betre avfallshandteringa i landsbyen, og såg på det å gjere matavfall frå restaurantar om til kompost som ein del av løysninga. “So you want to make all food waste in Santa Teresa into compost?”, spurte Ingrid ivrig og lurte på korleis han skulle få det til. Alejandro svarte, som han ofte svarte; “by doing as little as possible”. Eg kunne sjå korleis temperamentet steig, både hjå Alejandro og Ingrid, og eg festa blikket i notatblokka. Ingrid tørka vekk sveitten i frå panna og flytta seg vekk i frå solsteiken og inn i den fluktande skuggen under treet. “But what is this months goal?”, fortsette Ingrid. “Doing as little as possible”, svarte Alejandro og rista på hovudet. Ingrid sukka, tok opp bomullsnettlet sitt og leita fram ei notatbok og ein penn, før ho sat seg ned, reiv ut eit ark og skreiv med store bokstavar “GOALS FOR FEBRUARY”.

Introduksjon

Ein av dei mest sentrale aspekta ved frivilligturisme er sjølve arbeidet. For dei frivillige i Santa Teresa bestod arbeidet som oftast av å plukke eller sortere søppel, vatne blomster, så frø og plante planter, eller lage informative skilt til nabolaga. Heilt sidan tidenes morgon har menneske arbeidt. Om arbeidet var jakt eller hausting av mat, bygging av hus og heim, jobb på fabrikk eller kontor for å tene til livets opphald eller realisere eigne draumar og visjonar, så har arbeid alltid vore ein del av det menneskelege liv. Likevel var det ikkje før innføringa av pengar, lønsarbeid og kapitalisme at omgrepet arbeid vart eit fellesomgrep for alle aktivitetane, med langt fleire, nemnd ovanfor (Wolf, 1982). Før utviklinga av det kapitalistiske samfunnet tok stad vart kvar og enkel aktivitet, som å hauste, jakte, be, veve, dyrke og så vidare, betrakta som kvalitativt forskjellige, og ei forståing av arbeid slik me ser det i dag fanst ikkje. Sett i eit større, historisk perspektiv er difor arbeid som eit fellesomgrep

for svært mange og ulike aktivitetar eit relativt nytt fenomen. I notid er arbeid både eit omgrep og eit fenomen med mange ulike tydingar, både globalt, lokalt og subjektivt sett. Ein person frå Andesfjella i Bolivia vil kanskje tenkje annleis om arbeid enn det ein nordmann gjer. Ein fabrikkarbeidar kan også forstå arbeid på andre måtar enn fabrikkeigaren, og ein bonde kan knytte heilt andre assosiasjonar til arbeid enn ein freelance-marknadsførar. I dette kapittelet vil eg diskutere kva frivilligturisme kan fortelje oss om ulike førestillingar om arbeid. Kva kan Alejandro og Ingrid frå introduksjonen ovanfor fortelje oss om ulike syn på og verdsett knytt til arbeid? Fleire av frivilligturistane eg kom i kontakt med i Santa Teresa hadde sagt opp eller tatt permisjon frå godt betalte jobbar i heimlandet for å reise til utlandet og arbeide frivillig. Kvifor? Og kva er det som gjer arbeidet, ubetalt eller ei, meningsfullt for den enkelte?

Ingrid og “bullshit jobs”

Den fyrste dagen min hjå Pura Vida møtte eg som avtalt opp ved fotballbanen i sentrum av byen. Samfunnshagen, og samlingspunktet til Pura Vida, låg i eit inngjerda område rett bak den lokale ungdomsskulen, som igjen låg plassert mellom fotballbanen og politistasjonen. Då eg fyrst kom fram til samfunnshagen var det ingen der, og eg fekk moglegheit til å kikke meg rundt i området. Det fyrste som møtte meg var enorme mengder svarte avfallsekkar som låg plassert rett ved inngangsdøra til hagen. Sjølve hagen var gjerda inne, og døra var låst med ein stor hengelås. Eg venta ikkje lenge før ein liten bil kom køyrande inn grusvegen og parkerte ved sida av inngangen til ungdomsskulen. Ut frå bilen kom det ein liten, tynn mann på kring 40, med viltre augebryn og slitte klede i surfestil. Ein liten hund spratt ut og sprang mot meg. “Denga”, ropte mannen, og prøvde nyttelaust å roe hunden ned. Mannen presenterte seg som Alejandro, og eg skjønnte raskt at det var leiaren for Pura Vida eg helste på. Entusiasmen og energien eg hadde følt gjennom telefonen var enda meir overveldande i person, og det kunne nesten sjå ut som om han stod og tok små, raske hopp av engasjement då han fortalde om seg sjølv, om organisasjonen Pura Vida og Santa Teresa som eit samfunn. Ut av bilen kom også Ingrid, ei italiensk kvinne i slutten av 30-åra som også hadde sin fyrste dag som frivillig. Ho hadde slutta i den godt betalte jobben sin i Europa og flytta til Santa Teresa for å satse på kjærleiken og komme “nærare naturen” etter tiår i asfaltjungelen. Utan jobb eller eit nettverk i Santa Teresa, og med eit ynskje om å nettopp komme nærare naturen, tenkte ho at frivillig arbeid i samfunnshagen verka perfekt. Med solbrun hud, mørke auge og ein kjærleik for god, heimelaga mat var ho på mange måtar ei typisk, italiensk eldsjel, med

“*passione*” for det meste. Det vart raskt klart at Ingrid hadde både engasjement og pågangsmot knytt til samfunnshagen og Pura Vida. Allereie fyrste dagen stilte ho “tusen” spørsmål kring korleis organisasjonen fungerte, kor mykje arbeid ein måtte utføre, kven som var involvert, og ikkje minst kva som var målet med samfunnshagen og Pura Vida som organisasjon. For min eigen del var Ingrid fantastisk å ha i starten av eige feltarbeid. Ikkje berre var ho smilande og imøtekommande, men ho spurte Alejandro alle dei spørsmåla eg sjølv lurte på, slik at alt eg trengte å gjere var å lytte og notere svara. Ho spurte, fortalde, inkluderte, omsette og var veldig interessert i både prosjektet mitt og alle andre prosjekt som Alejandro fortalde oss om. På mange måtar var Ingrid grunnen til at eg haldt hovudet over vatn dei fyrste vekene i felt, då alt kjendes framand og uforståeleg. Alejandro, Ingrid, svenske Sofia som også var frivillig, og eg kunne sitte timesvis i skuggen av det største treet i samfunnshagen og diskutere miljø- og klimaproblem, politikk, litteratur, musikk og historie. Som oftast var det Alejandro og Ingrid som diskuterte, medan eg konsentrerte meg om å henge med, forstå og notere.

Ingrid kom frå ei lang karriere som prosjektleiari i eit stort internasjonalt bilfirma. Ho hadde arbeidd for same firma sidan ho var ferdigutdanna i midten av 20-åra, og hadde leia prosjekt i fleire europeiske storbyar. Dette hadde gjort at ho hadde flytta over fem gongar dei siste ti åra, ofte til nye land, med nytt språk, ny mat og ny kultur. I følgje ho sjølv hadde ho blitt ein ekspert på nettverksbygging, og integrering av seg sjølv i eit nytt samfunn og ikkje minst eit nytt arbeidsmiljø. Jobben som prosjektleiari betalte godt, og kom med gode pensjons- og forsikringsordningar. Ho fekk tildelt leilegheit, telefon og bil, og løna ho fekk vart brukt på ein livsstil bestående av fine middagar, dyre vesker og eksklusive klede. Ingrid levde livet som mange berre kan drøyme om, og ho var lykkeleg dei fyrste åra. Etter ei stund hadde ho klatra så høgt ho kunne på karrierestigen og vore innom dei fleste kontora i Europa. Ho vart lei av å flytte på seg, forlate venner og kollegaer, og starte på nytt. Ho begynte å spørje seg sjølv kvifor ho arbeidde så mykje når dei lange arbeidsdagane gjorde at ho aldri hadde tid til å faktisk bruke løna ho fekk. I tillegg opna den stadig veksande miljørørsla augo hennar opp for skaden all handlinga av nye klede og produkt faktisk påførte kloden, og kjøpa av luksusvesker fekk ein bismak. Kjærleiksforhold varte aldri fordi ho var for fokusert på jobben og kveldane vart brukt ved TV-en med “take-away”. “It’s like I’m describing a cheesy romantic comedy”, lo Ingrid då ho fortalde meg om livet i Europa for fyrste gong. Ingrid begynte også å stille spørsmål om jobben hennar faktisk hadde ei positiv påverknad på verda og samfunnet. Som prosjektleiari for eit stort europeisk bilfirma var arbeidsoppgåvene nettopp

å leie prosjekt knytt til sal og marknadsføring. I følgje ho sjølv var ho høgt oppe i “systemet” og hadde tett kontakt med leiinga. Ho vart godt likt, og hadde gode resultat, men såg at arbeidet hennar ikkje kunne målast i noko annan verdi enn økonomisk vekst, både for firmaet og eigarane. “I felt like all I did was make rich men richer”, fortalde ho meg då eg spurte om kvifor ho til slutt sa opp jobben. Kjensla over å ikkje ha noko positiv påverknad på samfunnet, og vissa om at jobben ho hadde kanskje berre gjorde vondt verre for miljøet og den truande klimakrisa, førte til at Ingrid ikkje lenger følte seg lykkeleg, verken på jobb, eller privat. Plutseleg flytta av og på-kjærasten hennar til Costa Rica, og som barnlaus, singel og i slutten av 30-åra bestemte ho seg for å slutte i jobben, flytte etter og satse på kjærleiken. Storbylivet vart bytta ut med strandliv, buksedress med shorts og bikini, og interessa for eit meir miljøvennleg liv skulle dyrkast. Ho ynskja å bli lykkeleg i Costa Rica, noko ho ikkje hadde følt ho hadde vore i Europa.

Historia til Ingrid var langt ifrå unik blant informantane mine. Alle dei frivillige i Pura Vida var som Ingrid; kvinner i 30-åra, utan born, og med lengre arbeidserfaring frå administrative jobbar i Europa eller Nord-Amerika. Dei fleste hadde tatt ubetalt permisjon eller ferie frå jobben, medan nokre, som Ingrid, hadde sagt opp jobben for godt. Fleire uttrykte også, i likskap med Ingrid, ei kjensle av oppgittheit over eigen jobb. Felles for det tidlegare arbeidet til kvinnene var at det ofte var rutineprega, og lite givande til formål dei såg på som viktige, som miljøvern og sosial og økonomisk rettferd. Kva er det som gjer at menneske som Ingrid, og dei andre frivillige i Pura Vida seier opp eller tar ubetalt permisjon frå jobben for å arbeide frivillig? David Graeber har dei siste åra arbeidd tett med fenomenet han sjølv har valt å kalle “bullshit jobs”, og gav i 2018 ut ei bok med same namn. I boka, som er basert på samtalar med menneske som sjølv meiner dei har eller har hatt ein “bullshit job”, prøver Graeber å definere og å forstå den tilsynelatande veksande andelen menneske som ikkje ser poenget i eigen jobb og arbeid. Graeber definerer “bullshit jobs” som “a form of paid employment that is so completely pointless, unnecessary or pernicious that even the employee cannot justify its existence, even though the employee feels obliged to pretend this is not the case.” (2018, s. 9). I følgje Graeber har talet på “bullshit jobs” auka kraftig dei siste åra, då industrialisering, utvikling av maskinar, robotar og andre IT-løysningar har tatt over store deler av det naudsynte arbeidet. Til tross for modernisering har storsamfunnet misslukkast i å tilpasse seg, og tvihaldinga på ein 8-timars arbeidsdag for alle har ført til oppretting av jobbar utan hensikt. Graeber sin definisjon og refleksjon kring “bullshit jobs” kan vera med på å forstå kvifor nokon som Ingrid vel å slutte i jobben sin for å arbeide frivillig, utan betaling.

Ifølge Graeber er ein “bullshit job” ein jobb der personen tilsett sjølv ikkje ser eller forstår poenget med eige arbeide. Graeber legg spesielt vekt på subjektet si eiga oppfatning av arbeidet eller jobben hen har. Om arbeidet ein har er “bullshit” eller ikkje er opp til arbeidaren sjølv, då arbeid som for mange utanforståande kan oppfattast som meningslaust slett ikkje er det for den tilsette (her dreg han fram sosialantropologar som eit eksempel – pussig nok). Det same gjeld også ved motsette og kanskje hyppigare tilhøve der den tilsette sjølv ikkje ser poenget i arbeidet til tross for at det betalar godt og storsamfunnet assosierer arbeidet med høg sosialstatus. Ingrid meinte at arbeidet ho gjorde for det europeiske bilfirmaet ikkje lenger var meningsfullt. Å “make rich men richer” var for ho ikkje berre meningslaust, men også umoralsk, då ho ikkje lenger ynskja å bidra til ein uforsvarleg økonomisk vekst, som resulterte i dollarmillionærar, masseproduksjon og storhandel av varer og tenestar som er øydeleggende for miljøet.

Igjen er det viktig å få fram Graeber sitt fokus på subjektet sin oppfatning av eigen jobb og eventuell positiv, negativ eller mangel på påverknad jobben har på samfunnet. Jobben Ingrid hadde var på ingen måte “bullshit” i hennar auge då ho fyrst fekk den. I starten av 20-åra hadde ho ikkje fått opp auga for klimakrisa, og det var ein suksessfull karriere og materiell velstand som stod høgst på prioriteringslista. Andre ville kanskje hatt same jobb livet ut, utan å ha sett på arbeidet som meningslaus, slik som Ingrid. Eit av hovudpoenga til Graeber er at moderne produksjonsformer og teknologisk nyvinning burde gjere det mogleg å halvere arbeidsveka for dei fleste arbeidande menneske i vesten, men at bedrifter og styresmakter skapar jobbar som eigentleg ikkje har noko reell funksjon, for å halde menneske opptatt med andre ting enn for eksempel klimaopprør eller politisk revolusjon (mogleg ein vel konspirasjonsteoretisk vinkling, men den diskusjonen tek eg ikkje her). Dette er ikkje tilfellet ved Ingrid og hennar jobbsituasjon, då arbeidet ho utførte hadde ein reell funksjon og skapte reelle økonomiske verdier. Likevel kjentes den meningslaus for ho sjølv, og Ingrid fell under kategorien av “bullshit jobs” som Graeber kallar “goons”. “Goons” er ifølge Graeber tilsette i jobbar som ikkje tilfører samfunnet eller verda noko positivt. Ofte er slike “goons” tilsette innan marknadsføring, salg og PR, slik som Ingrid var. Graeber skriv: “I have included goons as a category largely for this reason: because so many of those who hold them feel their jobs have no social value and ought not exist” (2018, s. 37). For ein klima- og samfunnsengasjert person som Ingrid vil både produksjon og fremminga av kjøretøy drivne av fossilt brennstoff, og å akkumulere økonomisk kapital for den enorme bedrifta bak produksjonen vera umoralsk. Graeber sin argumentasjon kring “bullshit jobs” kan hjelpe oss med å forstå kvifor

Ingrid, og andre som ho, følte på ein nyttelausdom som til slutt gjorde at ho sa i frå seg den godt betalte jobben og vendte blikket mot frivillig arbeid.

Alejandro og ulike oppfatningar av verdifullt arbeid

Til tross for at Ingrid akkurat hadde sagt opp jobben som prosjektleiar i det europeiske næringslivet hadde ho store forventningar til korleis tida som frivillig hjå Pura Vida skulle bli og korleis hennar arbeidskraft og kunnskap burde bli brukt. Allereie på dag éin etterlyste ho ein timeplan for seg sjølv, og for dei andre frivillige, hovudsakleg meg og svenske Sofia. Den andre dagen som frivillig tok Ingrid med seg ei notatbok og spurte om me kunne samlast under skuggen av treet for å diskutere vidare planar for Pura Vida. Ho spurte Alejandro om han hadde ein konkret plan for organisasjonen, og kva me skulle skape dei neste månadane. Alejandro svarte utelukkande “I don’t really like plans”, og sa me kunne komme når me sjølv ynskja og at målet var å produsere kompost, så frø, gro planter og spreie budskapet om samfunnshagen til lokalsamfunnet. For Ingrid var ikkje dette nok. Til tross for Alejandro sine avvisingar når det gjaldt struktur og planlegging fekk ho overtalt han til å avtale faste møtepunkt for dei frivillige. Sjølv om Alejandro måtte ofre litt av morgonsurfen, avtalte me å møte klokka 10 måndag til fredag og ta helgene fri. Den tredje dagen i samfunnshagen hadde Ingrid med ei lita tavle som ho hang opp i treet der me sat, og skreiv ned vekas mål og gjeremål som ofte var “watering the flowers, seeding, picking weeds.” Det var openbart at Ingrid ynskja å ta i bruk ulike arbeidsteknikkar ho hadde lært som leiar i ei stor kommersiell bedrift, slik at arbeidet kunne bli effektivisert og auke hagen sin kapasitet til å ta i mot meir matavfall frå lokale bedrifter, lage enda meir kompost og gro enda fleire etelige planter. Ho tok ofte opp idear om korleis skape profitt, for eksempel gjennom å ta betaling frå frivillige som berre var innom eit par dagar, eller å selje frukta som vart hausta frå hagen. Det siste Alejandro ville var å effektivisere eller profitte på noko som helst.

Alejandro var ein mann i tidleg 40-åra som hadde budd dei siste ti åra i Santa Teresa. Han var født og oppvaksen på ein gard utanfor Buenos Aires i Argentina, men hadde brukt store deler av sitt vaksne liv på å reise verda rundt før han til slutt slo seg til rette i Costa Rica. I likskap med Ingrid kom Alejandro frå ein middelklassefamilie, og vart utdanna som landbruksingeniør ved Universitetet i Buenos Aires. Der fekk han augo opp for den enorme mengda kjemisk og unaturleg sprøytemiddel det vart brukt i storproduksjon av mat, og bestemte seg for å aldri ta i mot jobb hjå nokre av dei store matprodusentane i verda, slik

mesteparten av studievennene hans gjorde. I staden for leste han seg opp på miljøvennleg og bærekraftig matproduksjon, noko som gjorde at han fekk augo opp for permakultur.

Permakultur er ein form for landbruk der målet er å gjere matproduksjon meir bærekraftig ved å la naturen gjere sin naturlege del av arbeidet. Det vert ikkje brukt sprøytemiddel, og i veldig liten grad moderne, teknologiske hjelpemiddel (Norsk permakulturforening, 2020).

Den veksande interessa for permakultur skulle seinare bli ideologien som Pura Vida og samfunnshagen vart basert på. Alejandro var like engasjert, kunnskapsrik og energisk som han var ufokusert, og klarte sjeldan å halde seg til eit tema om gongen, noko som gjorde det vanskeleg få eit godt grep kring kva han eigentleg hadde gjort dei siste tjue åra. Eit år budde han på gata i Sao Paolo i Brasil, eit anna år var han i Colombia og ein periode budde han heime på garden i Argentina og trena opp hestar. Etter han flytta til Santa Teresa hadde han arbeidt med turisme, som dagleg leiar på eit hotell og seinare vandrarheim. Dei siste to åra hadde han fokusert utelukkande på Pura Vida som organisasjon, og levde på inntekta han fekk frå å leige ut rom i huset sitt gjennom nettsida “AirBnB”.

Det vart tidleg klart at Ingrid og Alejandro ikkje delte same syn på verdifullt arbeid. Ingrid ynskja å effektivisere arbeidet me utførte i samfunnshagen, gjere det meir synleg for andre, og til og med forsøke å skape profitt. Ho såg ikkje verdien i å bruke timesvis på arbeid som kunne blitt gjort på nokre minutt, om ein berre fekk innført nokre enkle grep for å effektivisere arbeidet. Alejandro såg ikkje verdien av å gjere arbeidet noko enklare, då moderne teknologi som innlagt vatningssystem ville ta vekk moglegheita for gode samtalar og tid saman med dei frivillige i samfunnshagen, i tillegg til å hindre naturen i å gå sin gang. Han ynskja ikkje å tene noko på prosjektet, og var nøgd med det nivået organisasjonen låg på. For han var arbeidet saman med andre frivillige det viktigaste, men for Ingrid var det produktet som vart produsert av arbeidet ho utførte som gav arbeidet verdi. I jobben for det europeiske bilfirmaet var “produktet” auka handel og difor auka inntekt for bedrifta, som eit resultat av arbeidet ho og teamet hennar la ned i effektivt arbeid med marknadsføring og prosjekt. I Pura Vida såg Ingrid på kompost og frukt og grønt som produktet, og det viktigaste var å produsere mest mogleg, så effektivt som mogleg. Ingrid var ikkje den einaste av dei frivillige som sleit med å møte og forstå Alejandro sitt syn på arbeid. Fleire av dei frivillige ytra frustrasjon over leiarstilen til Alejandro, og mangel på effektivitet. Nokon, som svenske Sofia, syntest det var frustrerande å sjå Alejandro bruke så mykje av tida si på noko som skapte så lite resultat, men i motsetning til Ingrid fann ho det også interessant, og ynskja å lære av han. For ho var det viktig å kvitte seg med trongen til å vera mest mogleg

produktiv, ein trong ho hadde etablert etter fleire år som regnskapsfører for ein fylkeskommune i Sverige. For Sofia var det viktig å observere og lære av Alejandro, i forsøket på å lære seg å ”vera i augeblinket”, noko ho ikkje hadde klart i heimlandet.

I artikkelen “What Makes People Work” (2007) diskuterer Olivia Harris fenomenet arbeid og kva det kan bety i ulike kulturelle kontekstar. Harris skriv at det mest openbare svaret på spørsmålet kring kva som gjer at menneske arbeider er “in order to live” (s. 137), altså at ein arbeider for å leve. Men, etter fleire år med feltarbeid med innfødde frå Andesfjella i Bolivia, innsåg Harris at svaret ikkje var like openbart som ho fyrst trudde, og at spørsmålet i seg sjølv måtte vurderast. Kva som gjer at nokon arbeider, eller finn arbeidet ein gjer verdifullt, er basert på forskjellige kulturelle bakteppe, og assosiasjonane ein har til fenomenet arbeid kan variere frå gruppe til gruppe. Då Harris fortalde informantane hennar at ho måtte arbeide, vart ho møtt med rare blikk, der ho sat ved skrivepulten og førte notat. Å skrive var ikkje arbeid slik dei såg det, og Harris måtte lære seg nye ord for det ho før ville kalla å jobbe. I tillegg skjønnte Harris at informantane la meir verdi til arbeidet enn sjølve produktet, slik ein ofte gjer i vestleg samanheng. For informantane hennar var det arbeidet i seg sjølv som vart det mest verdifulle, ikkje produktet av arbeidet. Arbeid var hovudsakleg assosiert med å pløye jord, som var noko av det viktigaste ein gjorde som bonde. Dette arbeidet var også med på å rangere enkeltindivid og familiar etter status, ut i frå kor godt arbeid ein klarte å utføre. For kvinna var den viktigaste eigenskapen hjå ein framtidig ektemann at han var god på å pløye jord. For mannen var det viktig at ei potensiell kone kunne lage god mat, slik at ho kunne ta det med ut til jordet han pløya. Sjølv om produktet av arbeidet sjølvstilt var verdifullt då det metta, husa og haldt menneska varme, var arbeidet og det å vera god til å arbeide ein viktig verdi i seg sjølv.

I argumentasjonen kring forståinga av arbeid i ulike kulturelle, historiske og personlege kontekstar legg Harris spesielt vekt på betydinga av verdi. Harris skriv “most theories of value concentrate their attention on the things that work produces, what some have called objectified labour. What is striking in the examples I have discussed is the emphasis on work itself as an expression of value” (2007, s. 149). I boka ”Toward an Anthropological Theory of Value” tek David Graeber eit oppgjær med dei mange økonomiske, politiske og kulturelle teoriane kring verdi (2001). Han diskuterer spesielt antropologien sitt fokus på fenomenet, og kritiserer mangelen på ein systematisk ”theory of value”, eller verditeori. Som Harris skriv i sitatet ovanfor har mange av teoriane kring verdi vore fokusert på objekta arbeidet

produserer, ein teori basert på Karl Marx og "Labour Theory of Value" (Graeber, 2001). Denne teorien er fundert på ei oppfatning der mengda med arbeid naudsynt for å skape ei vare eller utføre ei teneste, er lik tenesta eller vara sin verdi. Dette synet på verdi er openbart økonomisk fundert, og som fleire antropologar har poengtert, lik Harris ovanfor, er ikkje ei slik økonomisk forståing av verdi universell. For informantane til Harris var arbeidet sin verdi meir enn produktet arbeidet produserte. Til tross for at Alejandro og Ingrid begge kom frå vestlege, kapitalistiske samfunn, og hadde liknande klasse- og utdanningsbakgrunn, hadde Alejandro og Ingrid to forskjellige forståingar av kva som var verdifullt i og kring arbeidet. For Ingrid var det viktigaste at arbeidet skapte noko. Det var også viktig at arbeidet vart effektivisert, slik at minst mogleg arbeidskraft vart brukt for å skape mest mogleg produkt, som i dette tilfellet var kompost, frukt og grønsaker. Gjennom studiar og ei karriere i ei kommersiell bedrift i Europa var eit slikt verdisett så forankra i hennar forståing av arbeid at ho ikkje klarte å leggje det i frå seg, sjølv om eigaren og leiaren av organisasjonen ho no arbeidde for ikkje delte hennar forståing av verdifullt arbeid. For Alejandro var det viktigaste arbeidet i seg sjølv. Til tross for at han baserte samfunnshagen på ein ideologi som seier at ein skal gjere så lite som mogleg, var det ikkje det fysiske arbeidet han refererte til, men minst mogleg bruk av moderne løysningar som nettopp effektiviserte produksjonen. For han var det viktig å møte opp, vatne blomster, sjå korleis det stod til med hagen, prate med frivillige og diskutere under det store treet, medan han let naturen gå sin gang. I motsetning til Ingrid hadde han aldri arbeidd for ei stor kommersiell bedrift, då han tidleg i utdanninga hadde tatt eit bevisst val om å aldri arbeide for ei masseproduksjonsbedrift. Ut i frå Harris og Graeber sine refleksjonar kring verdi og arbeid kan ein sjå at Ingrid og Alejandro sine verdisett ikkje reflekterte kvarandre, noko som gjorde det vanskeleg å forstå og samarbeide saman. Verker Ingrid eller Alejandro kom frå Andesfjella, eller andre småsamfunn delvis isolert frå vestleg påverknad. Begge to hadde vakse opp i middelklassefamiliar, i eit vestleg, kapitalistisk samfunn. Likevel kan Harris sine refleksjonar hjelpe å belyse viktigheta av å innsjå egne forutinntatte meiningar kring, og definisjonar på, verdifullt arbeid. Ved å la informantane sine egne ord og handlingar snakke for seg sjølv kan ein i større grad få fram ulike syn og erfaringar med vestleg arbeid.

Til tross for at synet på verdifullt arbeid var forskjellig, hadde Ingrid, Alejandro og alle dei andre frivillige éin ting til felles; nemleg ynskjte om å arbeide. I ein diskusjon kring arbeid er det umogleg å ikkje nemne Karl Marx og Max Weber. Marx, i motsetning til greske filosofar som Platon og Aristoteles, såg på mennesket som eit arbeidande vesen (Aakvaag, 2011, s. 62-

63). Arbeid var for Marx langt meir omfattande enn det me ofte ser på som vanleg betalt arbeid. Han meinte at arbeid er med på å omforme eigne omgivningar og derfor også ein sjølv. Lik ein kunstnar som formar og vert forma av eigen kunst, vert ein arbeidar også forma av eige arbeid. For Marx var det klart at økonomi var den avgjerande faktoren for samfunnsending, og spådde ein uunngåeleg sosialistisk revolusjon frå kapitalismen, etter lang tids klassekamp mellom arbeidarklassen og borgarskapet. For kollegaen Max Weber var det religion som skilte seg ut som ein avgjerande faktor i samfunnsutvikling. I "The Protestant Ethic and the Spirit of Capitalism" skildrar Weber det han meiner kan vera ein mogleg samanheng mellom den tidlege protestantismen og den gryande moderne kapitalismen i Europa (Weber, 2012). Kort fortalt meinte Weber at spesielt éi grein innan protestantismen, kalla kalvinisme, og læra om at alle menneske sin skjebne var bestemt av Gud allereie før ein vart fødd, hadde ført til eit enormt behov for å arbeide hardt og leve sparsamt, i søken etter teikn på sin allereie bestemte skjebne. Weber argumenterte for at denne typen innstilling, eller angst, knytt til livet både før og etter døden førte til ein gradvis overgang frå det tradisjonelle økonomiske systemet til det moderne kapitalistiske. Til tross for at menneska sin skjebne allereie var bestemt vart det utvikla ei formeining om at eit produktivt liv, med velferd og produksjon av verdi, utan å sjølv bruke det til personleg vinning, var eit klårt teikn på ein velsigna skjebne også etter døden. Å arbeide, investere, produsere, reinvestere og reprodusere vart oppskrifta å følgje for dei som drøymde om tilgong inn perleporten, ei oppskrift som også er hovudkrafta bak kapitalismen sin hjulgang. Som eit resultat vart også det å kaste vekk tid ein av dei største syndene. Weber meinte at så snart det kapitalistiske systemet vart etablert i samfunnet, vart den protestantiske trua til dels gløymd, medan etikken om hardt arbeid, produksjon og investering stod støtt igjen. Ingrid sitt syn på effektivisering og produksjon av verdi kan sjåast i lys av Weber sine refleksjonar kring kapitalisme og protestantisk arbeidsetikk. For ho, og fleire av dei andre frivillige, var det frustrerande og til tider sjokkerande å observere Alejandro sin avslappa haldning til organisasjonen og mangelen på produktivitet. At Alejandro ikkje ynskja å maksimere produksjonen, om det så var i form av betre informasjon til nabolaget, promotering på sosiale medium eller hyppigare produksjon av kompost, var for Ingrid uforståelig, og som eit produkt av eit kapitalistisk samfunn, driven av protestantisk arbeidsetikk, klarte ho heller ikkje å tilpasse seg Alejandro.

Weber nemner også ein annan form for arbeidsetikk, som han kallar "tradisjonisme" (2012, s. 67). I "The Protestant Ethic" bruker han eksempelet om gardsarbeidaren. Ein gardsarbeidar

får ofte betalt for mengda han eller ho haustar, som for eksempel kvart kilo eple eller kvar korg med bringebær. I håp om å auke produktiviteten aukar bonden løna til arbeidaren, slik at han får meir betalt for kvar korg eller kilo med produkt. I følge Weber ender ofte slike lønsauke med at arbeidaren sin produktivitet fell, til tross for bonden sin motsette intensjon. Arbeidaren innser nemleg at han kan tene like mykje som før, samtidig som han arbeider mindre. Weber skriv; ”He did not ask: how much can I earn in a day if I do as much work as possible? But: how much must I work in order to earn the wage, 2 ½ marks, which I earned before and which takes care of my traditional needs?” (Weber, 2012, s. 68). Dette, meiner Weber, reflekterer tradisjonisme, og viser at menneske av natur ynskjer å leve som det alltid har levd, og tene akkurat nok til å leve slikt. Etter protestantismen og seinare kapitalismen sitt inntog i europeiske samfunn forsvann denne tradisjonismen, til fordel for hardt arbeid og effektiv produksjon. Likevel meinte Weber at ein kan finne eksempel på tradisjonisme, også frå nyare tid. Kanskje er Alejandro ein slik tradisjonist, som uforståelig nok for andre, ikkje ynskja seg meir til livet enn det han allereie har. Sjølv om Alejandro i stor grad er eit produkt av eit kapitalistisk samfunn, i likskap med Ingrid og dei andre frivillige (det er vanskeleg å komme seg unna kapitalismen i dag), hadde han ikkje det same synet på effektivisering eller maksimering som Ingrid. For han var det viktig å leve eit liv der han kunne betale leiga på huset, fylle bensin på bilen og fikse surfebrettet om det var naudsynt. For det meste åt han vegetariske rettar for å spare pengar på mat, og klesskapet bestod av eit par surfeshortsar og nokre t-skjorter. For han var det ikkje viktig å investere og produsere, men å tene nok til å leve slik han ynskja å leve.

Case: Community Garden Opening

Etter nokre veker hjå Pura Vida ynskja Ingrid å arrangere eit arrangement der samfunnshagen vart offisielt opna. Uoffisielt hadde hagen vore open for lokalsamfunnet i nærare eit år, men det var ingen som visste om det då Alejandro ikkje likte å drive marknadsføring. Ingrid meinte me burde markere det, og eg, Alejandro og Sofia sa oss einige om ein dato i slutten av februar. Festen skulle haldast i sjølve hagen, med live-musikk og buer der lokale produsentar kunne selje miljøvennlege produkt. Me hadde fleire møter for å planlegge festen, og det vart etablert ei kjensle av samhald gjennom planleggingsperioden. Alejandro ynskja å halde markeringa liten, då han frykta at det ikkje kom til å komme så mange. Han sa igjen og igjen at “if no one comes it will still be a party for just us”. Det var tydelig at han var nervøs for å ta på seg for mykje ansvar. Ingrid ynskja at det skulle vera ei ordentleg markering, og mot

slutten av planleggingsperioden bestemte ho at me skulle lage kunst av søppel me hadde samla saman gjennom strandrydding og henge det rundt i hagen. Me skulle også lage ulike leikar til borna, som bowling ut av plastikkflasker og ein gammal ball, i tillegg til å skrive ut bileter av ville dyr fanga og skada av plast i havet og henge det opp i hagen. Alejandro vart overvelda og tok eit steg tilbake frå førebuingane nokre dagar før sjølve festen. Sofia og eg arbeidde under Ingrid si leing og fekk i hamn ein suksessfull opningsfest. På dagen då markeringa skulle ta stad møtte Alejandro opp med ein kjølebag full av øl, klar for festen me skulle ha, framleis overtyda om at ingen ville møte. I løpet av dei få timane festen varte kom det kring 80 personar innom for å kikke, høyre på musikk, sjå på kunsten og bileta me hadde hengt opp, få seg ei hennatatovering, og kjøpe lokalproduserte, veganske såper eller økologisk bananbrød. Alejandro var nøgd, Ingrid var nøgd og heile gruppa skåla under skuggen av treet; “salud!”.



Figur 2. Plast frå havet gjort om til kunst av frivillige frå Pura Vida, i anledning opningsfesten.

Etter den vellykka festen var Ingrid inspirert og med nytt pågangsmot. Nokre dagar etter festen sat eg, Alejandro, Sofia og Ingrid igjen i skuggen av det store treet i samfunnhagen, og Ingrid ville vite kva Alejandro tenkte når det gjaldt organisasjonen og planar vidare. Alejandro fortalde at han, som alltid, ikkje hadde noko plan, og at han ynskja at hagen skulle drivast av seg sjølv, med minst mogleg arbeid og ressursbruk. Ingrid, som allereie hadde diskutert dette med Alejandro mange gongar før, vart irritert og spurte korleis han kunne

drive på med dette, dag ut og dag inn, utan å ha eit mål. Alejandro svarte, igjen, at han ikkje trengte noko mål, han ville ikkje tene pengar på prosjektet og han hadde ikkje noko ynskje om at det skulle vokse seg noko større enn det allereie var. Han gav klar beskjed om at festen hadde vore fin, og han var glad Ingrid hadde arbeidt så hardt med å forberede den, men at han ikkje ynskja fleire slike arrangement. Ingrid sa dette var greitt, men at ho ynskja å forsette å arbeide “bak kulissane”, med marknadsføring, sosiale medium og andre administrative oppgåver, sidan det var dette ho faktisk hadde arbeidserfaring med. Alejandro forklarte at han ikkje trengte hjelp til dette, men til å vatne plantene eller så frø i hagen. Ingrid svarte at ho ikkje kunne fortsette å bruke dagane sine på å vatne planter eller så frø om ho ikkje visste kvifor ho gjorde det. Ho var fast bestemt på at Alejandro måtte ha ein plan eller eit mål for arbeidet. Dette kunne ikkje Alejandro gi ho. Samtalen enda med at Ingrid reiste seg frå dei små ølkassane me alltid sat på, sa ho måtte gå og sannsynligvis ikkje kom tilbake. Om ho ikkje kunne arbeide med det ho faktisk var god på, som gav verdi til organisasjonen, ynskja ho ikkje å arbeide for Pura Vida lenger.

I boka “Bullshit Jobs” bruker Graeber psykologistudie frå den tyske psykologen Karl Groos for å understreke poenget kring kvifor nokre føler seg deprimerte eller ulykkelege med arbeidet dei gjer. Studiet viser til korleis menneske så tidleg som frå spedbarnsalderen føler ei trong til å gjere ein forskjell, på eit eller anna vis. Graeber skriv “a human being unable to have a meaningful impact on the world ceases to exist” (2018, s. 84). Groos utførte studiet på spedborn, og observerte kor uvanleg glade dei vart då dei oppdaga at dei kunne ha ein effekt på noko eller nokon. Ofte skjedde effekten gjennom små, ubetydelige handlingar, som å komme borti ein blyant som igjen kom borti eit glas, som lagde lyd. Gleda av å oppdage si eiga påverknadskraft førte til at borna gjorde det same om og om igjen, for å skape same reaksjon, og difor få same glede. Groos forklarte det som “the pleasure of being the cause” (2018, s. 84), og studiet har hatt stor påverknad på det å forstå motivasjon generelt. Studiet syna også kva som skjedde med spedborn som vart hindra i å skape ein effekt etter dei fyrst hadde oppdaga eigen påverknadskraft. Borna reagerte fyrst med sinne, så med mangel på engasjement, før dei til slutt gav opp og ekskluderte seg frå omverda totalt. Psykolog Francis Broucek kalla det “trauma of failed influence” (2018, s. 84) og mistenkte at det kunne legge grunnlaget for fleire psykologiske problem seinare i livet. Denne trongen til å gjere ein forskjell, sett i lys av Graeber sine tankar kring “bullshit jobs”, kan vera viktig i forsøket på å forstå kvifor menneske som Ingrid vel å slutten i jobben sin for å arbeide frivillig, i tillegg til å forstå kvifor ho ikkje var nøgd med det frivillige arbeidet hjå Pura Vida. Ingrid ynskja å

skape ein positiv forskjell på verdsamfunnet generelt og miljøet spesielt, men grunna synet på verdifullt arbeid følte ho ikkje at ho hadde ein reell påverknadskraft. Ingrid vart nedstemt og umotivert då ho følte at arbeidet ho utførte ikkje førte nokon veg. Ho ynskja å bidra til eit betre miljø, ved å arbeide frivillig for ein organisasjon som tok del i å løyse avfallsproblemet. Men då ho innsåg at Alejandro og difor organisasjonen ikkje ville bruke eigenskapane og kunnskapen ho kunne tilby for å bidra enda meir vart ho oppgitt. Å vatne blomster eller plante frø kunne kven som helst gjere, og Ingrid klarte ikkje sjå sin eigen, personlege påverknadskraft. Til slutt gav ho opp og slutta som frivillig. Graeber argumenterer for at menneske utan moglegheit til å gjere ein forskjell “ceases to exist” (2018, s. 82), eller “mister” seg sjølv og si forståing av eigen eksistens. For Ingrid handla det frivillige arbeidet nettopp om å finne seg sjølv, etter fleire år i ein jobb der ho forsvann i ei kapitalistisk storbedrift, utan moglegheita til å gjere ein forskjell. Då eg møtte Ingrid på ein kafé ein liten månad etter den siste diskusjonen under treet var ho like smilande og engasjert som alltid. Ho fortalde meg at ho hadde forlate Pura Vida fordi ho vart frustrert og demotivert av Alejandro og hans mangel på framtidsretta mål for organisasjonen. Ho forstod at Alejandro var forskjellig frå ho sjølv, men ho klarte ikkje å tilpasse seg hans måte å arbeide på. No hadde ho starta sine egne prosjekt, og med stjerner i augo fortalde ho meg om bloggen ho hadde starta, der ho delte råd om korleis leve miljøvennleg, og om butikken ho planla å opne på slutten av året. Ho var likevel glad for at ho hadde gjort det frivillige arbeidet, fordi det hadde opna augo hennar opp for kva ho faktisk ville gjere. “I kept asking myself. Why am I doing this - and for whom?”. Til slutt hadde ho innsett at det var ingen andre enn ho sjølv som kunne gi ho moglegheita til å påverke verda, på den måten ho sjølv fann verdifull.

Konklusjon

For å forstå kvifor nokon vel å arbeide frivillig er det viktig å forstå arbeidsbakgrunn og avgjerande faktorar for kvifor dei sa opp eller tok ein lengre permisjon frå jobben i heimlandet fyrst. Ingrid arbeidde i ei stor, kommersiell bedrift, men var ikkje lykkeleg då ho følte at arbeidet ho utførte ikkje gjorde verda noko godt. Graeber argumenterer for at fleire og fleire arbeidande i vesten kjenner på ein viss uviktighet i arbeidet sitt, som gjer at dei med gode løns- og arbeidsvilkår til tross ikkje trivs i jobben (2018). Ingrid slutta i jobben som prosjektleiar fordi ho ikkje lenger ynskja å bidra til ei kapitalistisk bedrift som, i hennar auge, påførte jordkloden, klimaet og miljøet stor skade. Likevel var synet på og verdien av arbeid frå fleire år i næringslivet så sterkt inkorporert i hennar personlege verdikompass at ho ikkje

klarte å tilpasse seg ein annan arbeidsmodell, der synlege resultat og profitt ikkje stod i høgsetet. Ingrid kan på mange måtar seiast å vera ein representant for det moderne, postindustrielle samfunnet, der arbeid i størst grad vert evaluert ut i frå eit økonomisk perspektiv. Arbeid utan synleg økonomisk profitt vert verdilaust for den som utfører arbeidet. Om arbeidet er frivillig, og motivert av velgjerd der økonomien ikkje rår like sterkt som i ei kommersiell bedrift, er synleggjeringa av arbeidet og resultatet det viktigaste. For Ingrid var det viktig å informere, marknadsføre og dele arbeidet ho utførte for Pura Vida med resten av “verda”. Alejandro, utan bakgrunn frå store kommersielle bedrifter såg på arbeid, og spesielt fysisk arbeid i seg sjølv som noko av det mest verdifulle organisasjonen skapte. Gjennom Olivia Harris sine diskusjonar kring menneske sitt syn på arbeid kan ein sjå at Ingrid sine forventningar, idear og verdiar knytt til arbeid ikkje reflekterte Alejandro sine. Utan vilje, kunnskap eller moglegheit til å endre synet på arbeid hjå nokon av dei vart det eit vanskeleg og konfliktfyllt samarbeid, som til slutt førte til at Ingrid valte å avslutte tida si som frivillig hjå Pura Vida. I neste kapittel vil eg spinne vidare på spørsmåla kring kvifor nokon ynskjer å arbeide frivillig, i tillegg til å fokusere på kvifor nokon *kan* arbeide frivillig, og kvifor dei ynskjer å gjere det i eit land som Costa Rica.

Kapittel 3: Å kunne hjelpe - klasse, kapital og førestillingar om sør

"You what?!". Eric ropte i sjokk, med store auge og open munn forma som ein stor, rund "o". "I don't think I am going to college when I go back home". Eric stirra på Jared som om han akkurat hadde fortalt at han skulle forvandlast til ein kamel. Jared stirra tilbake og lo; "what?". "What are you going to do? How will you get a job without an education?", spurte Eric, oppriktig interessert. Eg og ein gjeng av dei frivillig frå Zakra satt i campen sitt fellesareal og diskuterte skulesystem, høgare utdanning og framtidsplanar. "Steve Jobs never went to college", svarte Jared og trakk på skuldrene. Eric såg på meg før han førte blikket ned i bordet og sa "My parents would never allow that... The whole reason my parents are paying for this is so I can brag about it during university interviews". Jared trakk på skuldrene igjen og sa spøkefullt; "you can always come work for me".

Introduksjon

I førre kapittel diskuterte eg kva frivillig arbeid kan fortelje oss om ulike syn og verdsett knytt til arbeid. Handlingane til Ingrid og Alejandro syna oss at kva som gjer arbeid verdifullt er individuelt tinga, men også sterkt knytt til ein samfunnsmessig og kulturell kontekst. Historia til Ingrid, som var lik mange av dei andre frivillige ved Pura Vida, syna også kvifor nokre sluttar eller tek fri frå godt betalte jobbar for å arbeide frivillig. Felles for både Ingrid, Alejandro og dei andre frivillige var ynskje om å arbeide – om å bidra. I dette kapittelet vil eg skifte etnografisk fokus vekk i frå Pura Vida og over på Zakra. Ved hjelp av etnografi frå campen vil eg stille spørsmål kring det privilegiet det er å ikkje berre ynskje, men også *kunne* arbeide frivillig. Kva sosioøkonomiske utgangspunkt måtte dei frivillige ha for å kunne betale for eit opphald på Zakracampen? Kva klassebakgrunn kom dei frå, og var den gjennomgåande blant dei frivillige? Korleis kan det frivillige arbeidet bidra til å halde ved like eller betre den sosioøkonomiske situasjonen dei frivillige fann seg i? Kan frivillig arbeid, og spesielt frivilligturisme vera eit verktøy i å akkumulere og konvertere ulik kapital? I tillegg til dette vil eg diskutere korleis vestleg bistandsarbeid har vore med på å forme synet på og oppfatninga av verda blant innbyggjarane i dei nordlege delane av Europa og Amerika. Kvifor ynskja dei frivillige å arbeide i Costa Rica, i ein annan verdsdel enn dei sjølv kom frå,

og kva rolle har vestleg bistandsarbeid spelt i utforminga av ynskje og trongen til å hjelpe *dei*?

Zakra og presentasjon av dei frivillige

Som forklart i fyrste kapittel var Zakra ein langt meir kommersiell organisasjon enn Pura Vida, og tiltrekte seg difor andre “typar” frivillige. Pura Vida tok aldri betalt for det frivillige arbeidet dei tilbydde, men for å delta på Zakracampen måtte ein betale mellom 2000 og 4050 USD. I tillegg til det frivillige arbeidet tilbydde Zakra kurs i spansk, surfing og yoga, noko som var inkludert i prisen. Dei fleste frivillige hjå Pura Vida var som Ingrid; kvinner i 30-åra, ofte ferdig utdanna med erfaring frå arbeidslivet. Zakra var ein camp for “alle” over 18 år, men dei fleste som deltok var mellom 18 og 25, ofte utan høgare utdanning eller lengre arbeidserfaring. Der dei frivillige i Pura Vida ofte var i ei personleg reise, med eit ynskje om å bryte frå det kjente, eller det som var venta, var ungdommane i Zakra i ein langt meir felles liminalfase, midt i mellom ulike roller som born og vaksen, elev og student eller student og tilsett. Alle dei frivillige eg møtte i Zakra hadde eit såkalla “gap year”, eller “friår”, der dei tok “fri” frå studiar eller deltidsjobbar for å reise og sjå verda. I motsetning til Pura Vida, som verken tilbydde kost eller losji, budde alle dei frivillige frå Zakra under same tak og fekk frukost, lunsj og sporadiske middagar servert saman. Alle deltakarane følgde ein bestemt timeplan beståande av spanskundervisning, yogatimar og surfing. To til fire timar, fire gongar i veka utførte dei frivillig arbeid i form av strandrydding, resirkulering av avfall, produksjon av informasjonsskilt knytt til søppel og resirkulering, og undervisning på den lokale barneskulen. Sidan dei fleste deltakarane på Zakracampen var på same alder, deltok på dei same aktivitetane, åt den same maten og sov under same tak vart det utvikla ein mykje sterkare “communitas” blant deltakarane frå Zakra enn det vart i Pura Vida (Turner, 1974). Med “communitas” refererer eg til Victor Turner sin teori kring fellesskapskjensla etablert gjennom ein ustrukturert liminalfase der alle medlemmane i det gitte samfunnet er likeverdige, som igjen tillèt dei å dele ei felles oppleving, som i tilfellet med deltakarane frå Zakra var å bu og leve i eit anna land og kultur. Sidan det kom nye grupper med frivillige kvar søndag vart det også etablert mindre grupper blant deltakarane, då dei sosiale relasjonane og vennskapa ofte vart etablert og knytt på den fem timar lange reisa frå hovudstaden San José til Santa Teresa i minibuss. Dei som kom i veke fire var ofte vener med dei som også kom då, og dei som kom i veke seks var vener med dei som kom då. Dei fleste var på Zakracampen i fire veker før dei reiste vidare til andre land eller heim til heimstaden sin. Nokon få var der i

to veker, nokon i seks, og nokon i åtte. Totalt var eg i kontakt med kring 30 frivillige frå USA, Sveits, Belgia, Tyskland, Austerrike, Nederland, Danmark, Norge og Sverige. Nokon fekk eg god kontakt med og me delte mykje tid saman, andre hadde eg berre nokre få og korte samtalar med. I dette kapittelet har eg valt å trekke fram tre personar som eg vart godt kjent med under tida hjå Zakra: Iris, Mary og Eric.

Iris var 22 år og kom frå Noreg. Ho hadde allereie vore på campen i to veker då eg kom og vart i ekstase då ho hørde eg var norsk. “Eg har ikkje snakka norsk på to veker, det er nesten som eg har gløymt ut korleis”, ropte ho då eg gjekk imot for å helse. Iris hadde meldt seg på campen gjennom Kilroy, eit skandinavisk reiseselskap, fordi ho trengte eit avbrekk frå den midlertidige jobben ho hadde skaffa seg då ho ikkje kom inn på det studiet ho ynskja hausten før. Ho var sprudlande og imøtekommande mot alle, og også den einaste nordmannen på campen. Sjølv om ho var litt bekymra for å miste morsmålet var me påpasselege med å snakke engelsk saman med mindre me var på eigenhand, så sitata hennar vil vera skrivne på det språket ho sjølv sa det på. Då Iris var i Noreg budde ho heime hjå mor si og arbeidde på ein restaurant for å tene pengar til å kunne reise. Ho hadde allereie vore på ein camp i Australia, men ho reiste heim då ho fekk for mykje heimlengsel. Under fleire av øktene med frivillige arbeid fortalde ho meg at ho hadde ein del heimlengsel denne gongen og, men at dei travle dagane hjalp. Ho ynskja ikkje å reise heim tidleg denne gongen for “nothing changes at home”, og ho følte at ho burde klare å vera borte frå heimen i to månadar. Iris budde på rom med tre jenter frå Sverige og Sveits, og dei var ein klår firkløver i alt dei gjorde, frå surfing, til spanskstimar til sjekking av gitar på dansegolvet. Det vart fort klart at Iris var interessert og engasjert i det frivillige arbeidet. Ho møtte alltid opp med eit smil om munnen, og dei få gongane eg såg ho lettare irritert var då andre deltakarar vart for negative kring det frivillige arbeidet, ofte knytt til avfallshandtering.

Eric var 18 år og kom frå England nokre veker etter eg starta kontakten med Zakra. Allereie før han kom til campen var det knytt stor forventning blant dei andre deltakarane kring kven dei nye deltakarane var og korleis dei kom til å oppføre seg. Eric kom med ei gruppe som hadde bestilt reisa gjennom “The Leap”, eit britisk reiseselskap som hadde eit dårleg rykte blant dei andre deltakarane frå Zakra. “They are rich and spoiled”, forklarte Ana, ein deltakar frå Nederland. Eg vart forklart at dei britiske deltakarane ofte var yngre, veldig interessert i festing og mindre interessert i dei faktiske aktivitetane som var arrangert. Det vart klart at det var mykje fordommar knytt opp mot kva reiseselskap ein hadde nytta seg av, og at “The

Leapers”, som dei vart kalla av tilsette og andre deltarakar på campen, var ein såkalla “versting”. Då Eric kom til campen var han saman med to andre engelskmenn, som alle viste seg å motprove fordommane knytt til “The Leapers”. Høflege, audmjuke og utan for stor interesse i fest og ”baluba” vart dei raskt tatt i mot av dei andre i gruppa. Eric hadde uteksaminert frå vidaregåande eit halvt år før tida og ynskja å reise til Costa Rica for å lære seg å surfe, forbetre spanskunnskapane og arbeide frivillig. Han meinte Zakra var perfekt for dette, og sidan det frivillige arbeidet kunne førast opp på CV-en var foreldra glade for å betale for opphaldet. Eric kom godt overeins med dei andre deltakarane, og sjølv om dei av same kjønn var i mindretal på campen, vart han godt kjent med to amerikanske gutar han delte sovesal med. Det var fyrste gong Eric hadde reist til utlandet aleine, men langt i frå fyrste gongen han arbeidde frivillig. Under skulegongen hadde han stilt som frivillig for fleire prosjekt, som oftast omhandlande born. Dei siste to åra hadde han arbeidd som “tutor”, eller leksehjelp for born frå vanskelegstilte heimar. Han fortalde at han likte å arbeide frivillig då det gav han ei kjensle av å gi noko tilbake til samfunnet. I tillegg var det viktig å vera engasjert i ulike aktivitetar utanfor skulen for å kunne ha noko å skilje seg ut med når tida for universitet- og jobbsøknadar kom. Eric var samfunnsengasjert og politisk aktiv heime i London. Etter det frivillig arbeidet sat me ofte igjen på campen og diskuterte samfunnsproblem, og samanlikna dei ulike landa som var representert i campen. Han gav ofte uttrykk for at foreldra forventar at han skulle bli “noko”, og då Jared, ein av dei amerikanske gutane fortalde at han ikkje ynskja å gå på universitet når han kom heim igjen vart Eric sjokka over at han i det heile tatt fekk lov til å vurdere det. Eric fortalde at han hadde to eldre søsken som allereie var ferdig utdanna, gift og med born, og at foreldra hans venta det same frå han. Desse tankane og forventingane for framtida var ein av hovudgrunnane til at han reiste til Santa Teresa og Zakracampen. Eit spansk kurs og frivillig arbeid i eit anna land ville sjå bra ut på CV-en og gi han eit forsprang i søknadar til universitet og seinare jobbar.

Mary var 18 år og kom også frå England gjennom “The Leap”. Ho reiste saman med to venninner frå London og kom til campen nokre veker etter Eric. Mary hadde droppa ut frå det fyrste året på universitetet i England fordi ho ikkje treivst og ynskja å vera nærare familie og vener i London. Planen var at ho skulle starte på eit universitet i den britiske hovudstaden etter sommaren, og ville difor reise medan ho hadde moglegheit. Mary var veldig sosial og energisk og den berbare høgtalaren med hennar favorittmusikk var ein fast følgesvein uansett kvar enn ho gjekk. I likskap med dei to venninnene og Eric var det foreldra til Mary som hadde betalt for reisa, men det vart snart klart at ho hadde eit ulikt økonomisk utgangspunkt

enn dei fleste andre på campen. Den økonomisk skilnaden kom ikkje fram inne på sjølve campen, då alle var innlosjert i sovesalar med same fasilitetar. Dei fekk servert same frukost og lunsj, og det var ikkje moglegheit for å betale for å oppgradere på nokon plan. Skilnaden kom fram i fritida ein hadde til rådighet. Zakra låg ein 5-10 minuttars gåtur frå hovudgata. Vidare der ifrå måtte ein gå i nokre minutt for å komme til forskjellige restaurantar, kaféar, butikkar eller minibank. Då det ikkje fantets noko offentleg transport, sett bort i frå ein buss som kørde gjennom byen eit par gongar til dagen, tok dei fleste beina eller ein sykkel fatt for å bevege seg rundt i lokalområda. Etter éin dag hjå Zakra fant Mary ut at ho ville bruke alt for mykje tid og energi på å gå så mykje, og bestemte seg for å leige ein golfbil. Til tross for humpete grusvegar var golfbilar eit populært framkomstmiddel blant turistane i Santa Teresa, og det var fleire lokale bedrifter som leigde dei ut. For Mary og venninne vart det no enklare å bevege seg rundt i landsbyen, og eg såg dei ofte suse forbi i den blå golfvogna, mot restaurantar og kaféar som mange av dei andre deltakarane ikkje hadde råd til å ete på. I likskap med Eric og nokre andre av dei frivillige hadde Mary arbeidd som frivillig fleire gongar før. Forskjellen var at Mary ikkje berre hadde arbeidd som frivillig i heimlandet, men også i andre land i Afrika og Asia. Det frivillige arbeidet var alltid i samband med ferie, og ho hadde fram til då alltid reist saman med familien. Foreldra kjente fleire som eigde organisasjonar som dreiv med humanitært arbeid, og ein av hennar favorittreiser hadde vore til Uganda der ho hadde fått arbeidd på ein barneskule medan foreldra og venene deira hadde arbeidd med konstruksjon av nokre bygg til skulen. I Costa Rica vona ho å få arbeide med skilpadder, noko som, i likskap med fleire andre frivillige, hadde vore ein livslang draum.

Privilegiet av å kunne hjelpe - klasse og kapital

Til tross for at Mary skilte seg ut økonomisk blant dei andre deltakarane, var dei alle frå middelklassen og med ein sosioøkonomisk bakgrunn som gjorde det mogleg å reise til Santa Teresa for å arbeide frivillig. Pierre Bourdieu definerer klasse som eit sett av individ med same, eller nesten den same posisjonen i det sosiale rommet (2000). Posisjonen individ har er basert på deira sosiale, kulturelle og økonomiske kapital. Bourdieu meinte nemleg at det fanst meir enn berre økonomisk kapital, som som oftast baserar seg i pengar eller andre økonomiske verdiar som eigendom (1986). Kulturell kapital er ressursar i form av idear, kunnskap, språk, verdiar og vanar, og er med på å definere status og maktforhold i samfunn. Å ha kunnskap om høgkultur, klassisk kunst og musikk, ha ei formell utdanning og ein viss talemåte er alle eigenskapar og ressursar som er med på å auke eins kulturelle kapital, og

difor ofte eins status. Kulturell kapital kan konverterast til sosial og økonomisk kapital då det kan gi tilgang til relasjonsbygging i ein høgare klasse, eller med nokon som har større økonomisk kapital enn ein sjølv. Denne relasjonsbygginga er basert på det Bourdieu kallar eins sosiale kapital. Sosial kapital er ressursar knytt til nettverk, kjennskap, vennskap, medlem i ulike sosiale grupper og liknande. Desse forholda er fundert i materielle eller symbolske utvekslingar eller i eit felles namn som familienamn, namn på ein skule, ei klan eller eit politisk parti. Storleiken på ein person sin sosiale kapital er basert på storleiken av det sosiale nettverket hen kan mobilisere, og storleiken av desse menneska sin økonomiske, kulturelle og sosiale kapital. Summen av desse tre ulike formane for kapital er i følge Bourdieu med på å plassere individ i klassehierarkiet, og dei med nokon lunde same kapital kjem ofte frå same klasse, slik som dei frivillige frå Zakra.

Alle dei frivillige frå Zakra hadde ein økonomi som lot dei betale mellom 20 000 og 40 000 kroner for opphaldet, i tillegg til å ta seg fri frå forpliktingar i fire til åtte veker. Kva var det som gjorde at Mary, Iris, Eric og dei andre deltakarane kunne betale så store summar for å reise til Costa Rica for å arbeide frivillig? Å i det heile tatt ha tid eller anledning til å arbeide frivillig er eit privilegium få har. Eit liv med 37,5-timars arbeidsveke og god nok løn til å leve av det er ikkje ei sjølvfølge sett i verdsperspektiv. Nokon må arbeide dag og natt for å overleve, andre slit med å få arbeid, noko som gjer økonomien trong og alternativa få. Frivillig arbeid vart sjeldan fyrsteprioritet om ein har det vanskelig med å få endane til å møtast. På veg ut av obligatorisk vidaregåande skule, utan høgare utdanning eller fast jobb, hadde alle deltakarane moglegheit til å ta fri for å reise, men korleis fekk deltakarane moglegheit til å betale for det? I tillegg til avgifter for sjølve campen kom det utgifter til flyreise, transport til og frå Santa Teresa, middagar og andre valfrie aktivitetar arrangert av Zakra. Totalt kunne ein bruke opp mot 5500 USD, eller kring 50 000 norske kroner på opphaldet. Som nemnt hadde fleire av dei frivillige deltidsjobbar og fekk spart opp ein god sum gjennom det. I tillegg hadde fleire sparepengar frå tidlegare som dei brukte om det var naudsynt. Nokre, som Mary og Eric, hadde fått opphaldet i gåve frå foreldra. Likevel vil ein deltidsjobb som ufaglært sjeldan betale nok til å dekke faste utgifter som kost og losji, i tillegg til å gi moglegheit for sparing. Dei aller fleste deltakarane budde heime hjå foreldra då dei sparte opp pengar, og ingen av dei eg snakka med måtte betale husleige eller bidra økonomisk til husstanden. Utan nokre store utgifter, og med foreldre som hadde økonomi til å la borna bu heime gratis, kunne ungdommane arbeide og tene seg opp nok pengar til å reise på ein lengre ferie, arbeide frivillig og ta kurs i spansk, yoga og surfing.

Ein kan spørje seg sjølv kva som gjer at foreldra let borna bu heime utan å bidra til fellesskapet, for å spare opp pengar til å reise utanlands over ein lengre periode. Nokre foreldre betalte til og med for reisa til borna sine sjølve. Mora til Iris hadde vore positiv og oppmuntrande då dottera fortalde at ho ynskja å reise på ein camp i Costa Rica. Iris hadde fortalt at det innebar spanskundervisning og frivillig arbeid, og at ho kom til å bli kjent med mange nye menneske frå heile verda. Foreldra til Eric og Mary hadde foreslått reisa til borna sine, og fortalt at det kunne vera ein god moglegheit til å fylle tida med noko givande før universitetet starta i september. Å sende borna på ei lengre reise utanlands er langt i frå eit nytt fenomen i Europa, spesielt blant engelsk øvre middelklasse. Allereie så tidleg som på 1500-talet var det vanleg for velståande i England å senda borna ut i Europa for å oppleve kva andre land og kulturar hadde å tilby. Foreldra sendte borna, oftast deira eldste son, ut med pengar og gav dei tid til å utforske. Reisa vart sett på som ei danningsreise, der den reisande fekk moglegheit til å utvide horisonten og bli best mogleg forberedt på ei ansvarstung framtid i heimlandet. I lys av Bourdieu sin teori kring ulike former for kapital, kan ein seie at slike reiser vart ein måte for unge vaksne å akkumulere viktig sosial og kulturell kapital, som i sum var med på å halde ved like eller auke eins plassering i det sosiale rom heime. Tradisjonen for “The Grand Tour”, som slike reiser vart kalla, varte i fleire hundreår, opp mot starten av 1900-talet (Towner, 1996), då utvikling i industri- og transportsektoren førte til auke i den type turisme ein ser i dag, med kortare, hyppigare og rimeligare reiser. Likevel har tradisjonen knytt til “The Grand Tour” haldt seg ved like og ungdommar frå middelklassen og oppover reiser framleis på lengre reiser der hovudmålet er personleg utvikling og auke i både sosial og kulturell kapital. Zakra, som tilbyr frivillig arbeid og undervisning i både spansk, yoga og surfing, er ein camp designa for ungdommar på ein moderne “Grand Tour”-reise. Hjå Zakra får deltakarane oppleve ein ny verdsdel og eit nytt land, dei får oppleve ny mat og eit framandt språk. Dei får teste ut og utvikle nye interesser som surfing og yoga, og sist men ikkje minst får dei arbeide frivillig for eit godt formål.

For Eric handla turen om å utfordre seg sjølv i spansk og lære seg å surfe, slik at han kom heim til England med nye eigenskapar. Han ynskja også å reise til campen fordi det gav han moglegheit til å føre spanskkurset og det frivillige arbeidet opp på CV-en i ettertid. Dette gjorde det også mykje enklare for foreldra å betale for opphaldet, då dei visste det ville gi sonen eit forsprang i søknadar og intervju hjå ulike universitet og framtidige jobbar. Å lære

seg å surfe eller å snakke spansk er eigenskapar og ressursar som fell innfor det Bourdieu kallar eins kulturelle kapital. For Iris var det viktigaste å oppleve noko nytt, bidra som frivillig og å skape vennskap med personar frå andre land enn Noreg, altså å auke sin sosiale kapital. Iris, som var spesielt sosial, og fekk eit nært vennskap med dei tre jentene ho delte rom med, fekk skapt eit sterkt og nytt nettverk av vener over heile Europa. Som ho sjølv påpeikte kunne ho reise rundt i Europa og alltid ha ein plass å bu, sidan ho hadde fått nye vener frå store deler av kontinentet. I tillegg fekk Iris god kontakt med dei tilsette på campen, og nokre lokale frå Santa Teresa. I løpet av månadane ho var der fekk ho ein lokal kjærast, og besøkte familien hans i nabobyen. Tal på nye vener og følgjarar på sosiale medium auka kvar dag, og då ho skulle reise heim var det fleire lokale som kom til campen for å ta farvel. Den sosiale kapitalen Iris fekk under opphaldet var basert på kjennskap og vennskap frå fleire verdsdelar, og vart akkumulert i ei svært lita tidsramme. Moglegheita til å auke den sosiale kapitalen på eit slikt nivå fekk ho fordi ho var deltakar på Zakracampen, der ho budde tett saman med menneske frå Europa og Nord-Amerika, og vart introdusert til dei lokale gjennom aktivitetar arrangert av Zakra. Kjærasten hennar var ein av surfeinstruktørane til Zakra, og utan han ville ho kanskje ikkje hatt moglegheit til å besøke eit lokalt hushald, ete lokal mat og praktisere spansk med costaricansk dialekt. Den sosiale kapitalen vart i dette høvet nøkkelen til den kulturelle kapitalen ho også akkumulerte under opphaldet, i form av auka kunnskap om costaricansk matkultur, familieliv og språk. I framtida kan denne kulturelle kapitalen konvertertast til økonomisk kapital, om ho for eksempel hamnar i eit jobbintervju der den som skal tilsetje også er interessert i costaricansk kultur.

I Eric sitt tilfelle handlar det mykje om å tileigne seg kulturell kapital då han var spesielt interessert i å lære seg nye eigenskapar innan surfing og spansk. Han hadde tatt spanskfag på ungdom- og vidaregåande skule, men han hadde aldri hatt moglegheita til å praktisere det med spansktalande. Surfing var ein eigenskap han såg på som kult, og han vona å kunne komme heim til England som ein “surferdude” (hans egne ord). Det frivillige arbeidet vona han å kunne bruke under intervju til både universitet og framtidige jobbar. Eigenskapar i og kjennskap til språk, sport og ulike samfunnsproblem som for eksempel avfallshandtering i Costa Rica er alle med på å auke eins kulturelle kapital, noko som kan påverke opptak til høgare utdanning positivt, spesielt i land som England og USA der opptak baserar seg på meir enn berre karakterar. Opptak til universitet og høgskular kan vera avgjerande i å halde ved like eins sosial klasse, eller i forsøket på sosial mobilitet (Vrasti, 2013). For å komme inn på visse studieretningar eller visse universitet i land som USA og England må ein skilte med

strålende karakterar, gode anbefalingar frå lærarar, engasjement i fritidsaktivitetar og ulike organisasjonar, i tillegg til å skrive velformulerte søknadar og gjere det godt på potensielle intervju. Middelklassen veks stadig, og difor også talet på dei som ynskjer høgare utdanning, noko som gjer konkurransen for å komme inn knallhard. For nokre vart frivillig arbeid eller deltaking på campar som Zakra ein moglegheit til å skilje seg ut frå massen. Intervju og detaljerte søknadar er vanleg i land som England og USA, men uvanleg i land som Noreg. For Iris vil den kulturelle kapitalen akkumulert under opphaldet hovudsakleg gi ho forsprang under framtidige jobbintervju, då søknadar på universitet i Noreg som oftast ikkje vart basert på meir enn karakterane frå vidaregåande. Om Iris får jobben kan ein seie at den kulturelle kapitalen vart konvertert til økonomisk kapital.

Men det er ikkje berre den vegen dei ulike formene for kapital kan konverterast. Dei frivillige konverterar også økonomisk kapital til sosial og kulturell kapital ved å betale for opphaldet hjå Zakra. Når dei frivillige bur i Santa Teresa får dei, gjennom tilknytning til Zakra, tilgang til langt meir enn dei ville gjort om dei ikkje hadde vore ein del av campen. Dei får arbeide frivillig på barneskular, og får difor observert og tileigne seg kunnskap om korleis det costaricanske skulevesenet fungerer. Dei får vera kring tilsette som også er lokale, og i visse tilhøve, som med Iris, får ein besøke dei lokale sine heimar og familie. Ein får smake ekte, heimelaga costaricansk mat, og ein får observere matlagingsprosessen. Som ein “vanleg” turist vil det vera langt vanskelegare å utvikle kunnskap om costaricansk kultur enn som deltakar på Zakracampen. Deira sosioøkonomiske utgangspunkt gjer at dei har moglegheit til å konvertere kapital, frå økonomisk til kulturell og sosial kapital. Ut i frå dette kan ein seie at å arbeide frivillig i utlandet er ein aktivitet for middelklassen og opp, som bidreg i atterskapinga av tilhøyra i eigen sosioøkonomiske klasse, i tillegg til å auke sjansen for sosial og økonomisk mobilitet.

“Untourist”

Om informantane mine reiste til Santa Teresa for å akkumulere sosial og kulturell kapital kan vera enkelt å tenkje seg til, men ingen av dei brukte Bourdieu sine omgrep i forklaringa på kvifor dei valte å reise på campar som Zakra eller arbeider frivillig på reise. Det som *vart* nemnt ofte i diskusjonane var ynskje om å vera meir enn ein “vanleg” turist. Med “vanleg” turist refererer eg, og dei frivillige i samtale med meg, til reisande som tek del i masseturismen, anten gjennom charterturar til all-inklusive hotell på Mallorca og Playa

Carmen eller gjennom helgeturar til Barcelona og London. I Santa Teresa var dei “vanlege” turistane dei som budde på hotell, åt på restaurant, låg på stranda og reiste heim att etter ei veke eller to. Å vera “vanleg” turist var for informantane mine synonymt med å vera “basic” og keisam, og det vart nesten brukt som eit skjellsord. For Iris og fleire andre frivillige var ynskje om å oppleve noko meir enn ein “vanleg” turist ein av hovudgrunnane til opphaldet på Zakracampen. Som Iris sa fleire gongar, var det utenkjeleg å reise til Costa Rica berre for å ligge på ei strand, då det neppe ville gi ho innblikk i eit costaricansk liv. Mary fortalde at ho elska å reise fordi det gav ho moglegheit til å bli kjent med nye kulturar, slik ho hadde gjort saman med familien i Uganda. Dei fleste var einige om at å reise på ei veker ferie til sørlege land i Europa også kunne vera fint, men hovudsakleg for å bade og ete god mat, noko som berre var ein brøkdell av kva dei ynskja å få ut av det lengre opphaldet i Santa Teresa. Her ynskja dei å lære språket, få eit innblikk i korleis det var å leve der, som innfødd. Å kunne arbeide frivillig i land som Costa Rica gav dei moglegheita til å hjelpe andre samtidig som dei gjorde noko dei verkeleg elska, nemleg å reise. Iris fortalde at det å reise til andre land gjennom eit reiseselskap eller ein klubb slik som Zakra, gjorde at ho fekk moglegheita til å få innblikk i det lokale samfunnet på ein heilt annan måte enn om ho kom her som ein “backpacker” og budde på ein vandrarheim. Det frivillige arbeidet hjå Zakra baserte seg som sagt på avfallshandtering, men også undervisning i engelsk og resirkulering blant lokalbefolkninga, hovudsakleg gjennom born. Ved å bu på campen som låg innerst i eit lokalt byggefelt fekk dei dagleg kontakt med “ticos” og “nicas” på veg til og frå campen. Dei fekk innsyn i lokal avfallshandtering og organisasjonane som dreiv på med det, og dei generelle utfordringane som fanst i Santa Teresa og Costa Rica generelt. Det frivillige arbeidet gav deltakarane moglegheit til å bli kjent med lokalmiljøet, både folka og naturen, og ei kjensle av å oppleve og forstå Santa Teresa og Costa Rica frå eit langt meir “from the inside point of view” (Bloch, 2017, s. 37) enn ein heilt vanleg turist. Så kan ein spørje seg sjølv, kva er så gale med å vera ein “vanleg” turist, eigentleg? Og kvifor vart det nesten som eit skjellsord for dei frivillige både hjå Zakra og Pura Vida?

I boka “Making the Modern Primitive - Cultural Tourism in the Trobiand Islands” forklarar antropolog Michelle MacCarthy det stadig veksande fenomenet kring turistar som ikkje vil assosierast med “vanlege” turistar, med omgrepet “untourist” (2016). Basert på feltarbeid i dei heller berømte Trobianderøyene observerte MacCarthy ein tendens der besøkande frå heile verda kom tilreisande med eit ynskje om å observere “dei primitive” innbyggjarane på Trobianderøyene leve sine enkle og ekte liv. Dei tilreisande ynskja å oppleve noko

“autentisk”, og klaga om dei såg teikn til modernisering blant befolkninga. MacCarthy forklarar at dei tilreisande plasserte seg sjølv i toppen av eit slags turismehierarki, der deira opplevingar av det autentiske samfunn gjekk langt over ein simpel charterturist sine erfaringar frå eit “all you can eat-resort” i Cancun, Gran Canaria eller liknande. Som besøkande på eit avsidesliggende øysamfunn i Stillehavet såg dei på seg sjølv som eventyrlege og spesielle, og forventa same syn frå naboar og kollegaer då dei kom heim med kameraet fullt av bileter, klare til å fortelje om den unike reisa. I “The Need to Help” (2015) skildrar Liisa H. Malkki ein liknande tendens blant finske humanitærarbeidarar som reiser verda rundt for å arbeide på feltsjukehus og flyktningeleirar for Røde Kors. Til tross for at informantane hennar reiste til utlandet for å arbeide, ofte som sjukepleiarar eller legar i kriseramma områder, uttrykte dei ei stor glede i å få lov til å reise til eit anna land, oppleve ein annan kultur og ta del i eit større fellesskap der. Informantane hennar var glade i å reise, men dei “vanlege” turistreisene var ikkje like attraktive lenger, og opphald i kriseramma områder vart draumen. Ein av informantane forklarte at å arbeide i utlandet vart sett på som positivt og “high status” blant finner (2015, s. 39) og vart difor meir attraktivt enn ein chartertur til Hellas. Å reise til andre land enn dei populære sør-europeiske “sydendestinasjonane” gav dei meir status i eige samfunn heime. Dess sjeldnare og meir unik reisedestinasjonen var, og dess sjeldnare opplevingar ein fekk der var, dess meir status ville det gi.

I likskap med MacCarthy og Malkki sine informantar uttrykte deltakarane i Zakra eit ynskje om autentisitet, om å gjere noko som skilte seg frå det alle andre turistar gjorde. Som medlem av middelklassen hadde informantane mine vakse opp med ein kultur der feriering var vanleg. Nokre ferierte i eige land, andre reiste til Sør-Europa, og nokre, som Mary, reiste til andre kontinent for å feriere. Industrialisering, auke i middelklassen, arbeidarrettar knytt til ferieveker og stadig billigare flybillettar og pakkereiser har gjort at fleire og fleire tek seg fri for å feriere ei veke eller to. For hundre år sidan var det å feriere langt frå like vanleg som det er i dag, og ein luksus atterhaldt øvre middelklassen og opp (Towner, 1996). Å kunne fortelje at ein hadde reist på ferie frå storbyen London til ein kystby i same land var sjeldan, og gav inntrykk av ein viss status frå den som fortalde. I dag kan ein kome seg frå London til ein kystby og tilbake igjen på ein dag, og det ville ikkje vore spesielt spanande å høyre om. I Noreg har dei fleste småbarnsfamiliar frå middelklassen reist til Dyreparken i Kristiansand og det vart ikkje sett på som noko spesielt om ein reiser vidare til Legoland i Danmark eller Liseberg i Sverige. Sett i lys av Bourdieu er det å reise på slike feriar så vanleg i dag at det

neppe vart sett på som viktig kulturell kapital blant middelklassen. Blant nokre grupper kan til og med det å reise på chartertur til Gran Canaria ha negativ påverknad på eins kulturelle kapital, då “pakketuristar” ofte vart kritisert for å vera uvitande, sjølvsentrerte og ignorante i møte med andre kulturar og samfunn (Butcher, 2003). Nettopp fordi masseturismen er så “vanleg” at det ikkje akkumulerer noko form for kulturell kapital vart det heller ikkje attraktivt for ungdommar som Iris, Mary og Eric.

Som forklart innleiingsvis i kapittelet sleit Iris mykje med heimlengsel, og ho hadde allereie reist heim frå ein liknande camp i Australia grunna det. Denne gongen var ho bestemt på å fullføre til tross for at ho eigentleg berre ville heim til mora, systrene og hunden. Kva var det som gjorde at ho følte på ein trong til å bu to månadar i eit anna land når ho eigentleg treivst godt heime? Sjølv forklarte ho det med at det ikkje skjedde noko spanande heime, og at ho difor burde “halde ut”. Moglegheita for auke i sosial og kulturell kapital trumfa ynskje om å vera med familien. Om ho reflekterte over det eller ikkje (ho snakka i alle fall ikkje med meg om det), så vart moglegheita for auka status heime så viktig at ho følte ho “måtte” bli, arbeide frivillig og oppleve det autentiske ho kom for å oppleve, slik at ho kunne fortelje om det når ho kom heim. I tillegg hadde ho arbeidd i fleire månadar for å kunne betale for reisa og opphaldet, noko som gjorde det vanskelegare å gi opp draumen om å oppleve noko nytt. For Eric og Mary var det viktig å kunne gjere noko givande medan dei var ute av skule og universitet. Ein tur til Ayia Napa ville ikkje vera givande nok, då det neppe kunne førast opp på CV-en eller nemnast under eit intervju. Men, to månadar som frivillig i Costa Rica gav nok kulturell kapital til å skilje seg ut i massen av universitetsøknadar. Som nemnt tidlegare er det vanleg med omfattande søknadar for å komme inn på visse universitet eller visse studieretningar. For å komme inn må ein ha gode karakterar, kanskje perfekte, men sjølv ikkje det er nok for å garantere opptak. Ein må skilje seg ut positivt, noko eit lengre utanlandsopphald i ein annan verdsdel kan hjelpe deg med, nettopp fordi det er uvanleg. I alle fall meir uvanleg enn ei vekes ferie til Ayia Napa. Fordi det er vanskelegare å få til, både sett i kostnadar og disponering av tid, er det færre som har moglegheit til å reise til landsbyar som Santa Teresa for å arbeide frivillig og lære seg spansk. Den sosiale og kulturelle kapitalen dei frivillige akkumulerer under opphaldet er med på å oppretthalde deira framtidige sosiale mobilitet, på eit heilt anna nivå enn det “vanleg” turisme vil kunne gi.

Sør versus nord: ynskje om å hjelpe “dei”

Mary, Iris, Eric og dei andre frivillige var altså på Zakracampen fordi dei ynskja å akkumulere sosial og kulturell kapital, og fordi deira sosioøkonomiske bakgrunn gav dei moglegheita til å gjere det gjennom reise til eit anna kontinent. Men kva var det som gjorde at dei valte å reise til Costa Rica og Mellom-Amerika? Kvifor ynskja dei å arbeide frivillig i Santa Teresa? Og kvifor kunne dei ikkje berre arbeide frivillig i heimlandet? Svaret kan kanskje virke openbart; det er Costa Rica. Lange strender, perfekt avkjølande hav og vennlege “ticos” står i stor kontrast til den kalde og grå vinteren heime i Nord-Europa. Likevel er ofte det openbare svaret også det mest overflatiske. Eg spurte ofte spørsmåla nemnt ovanfor til dei fleste eg møtte under feltarbeidet mitt. Svaret var varierende frå person til person, men også varierende frå gong til gong eg spurte same person det same spørsmålet. Fyrste gong eg spurte Iris svarte ho at ho ikkje kunne fordra tanken på å ligge på ei strand i fleire månadar. Ho ynskja å gjere noko verdiskapande under reisa si, ikkje berre “party and do drugs”. Costa Rica og Mellom-Amerika var ein spennande region med fantastisk natur, og ho følte at ho skulda dei å bidra til å halde naturen like rein og fin som den burde vera. Ein annan gong eg spurte kom det fram at ho heller ikkje hadde noko ynskje om å bli kategorisert som ein “main stream turist”, og at å arbeide frivillig gav ho sjansen til å oppleve meir av det autentiske i landet ho besøkte. Av og til, under spesielt varme og slitsame dagar med søppelplukking, kunne svaret vera “I have no fucking idea”. Dei forskjellige og stadig skiftande svara fekk det til å virke som om dei frivillige ikkje var klar over kvifor dei eigentleg ynskja å vera frivillige i akkurat Costa Rica, eller Mellom-Amerika generelt. Det vart i alle fall klårt at vakre strender og avkjølande hav berre var ein brøkdel av årsaka.

Gjennom min eigen oppvekst i Noreg fekk eg stadig høyre “et opp maten din, tenk på dei fattige borna i Afrika”. Då eg var veldig liten tok eg uttrykket bokstaveleg og såg for meg små born som budde i magen min, som vart kalla Afrika. Då eg vaks opp skjønnte eg at Afrika var eit kontinent, og at uttrykket vart brukt for å minne om kor heldige me var som hadde mat nok til å ete oss stappmett. På kjøleskapet heime hang det eit bilete av eit afrikansk fadderborn og i kyrkja på julaftan vart det samla inn kollekt til inntekt for ei “systerkyrkje” i Bolivia. Eg, som nesten alle andre ungdomskuleelevar i Noreg hadde “OD-dag” ein gong i året, der eg arbeidde for ei bedrift av eit slag og løna eg fekk vart given uavkorta til Operasjon Dagsverk, som gav det vidare til eit av deira prosjekt, som oftast sør for ekvator. I dag ser ein TV-innslag frå Yemen og Sudan, der ihelsvultne born med fluger i augna og

oppblåste magar understreker Redd Borna si bøn om VIPPS-overførslar og månadleg støtte. Bileter av Amazonas i full fyr og dyr utan ein heim florerer på sosiale medium og ein føler seg hjelpeløs i nord, for stakkars dei som bur der sør. Denne typen retorikk knytt til den sørlege halvdel av kloden er ikkje unik for meg, eller for nordmenn generelt. Informantane mine frå England, Tyskland, Sverige, Danmark, Nederland, Belgia og USA hadde alle vokse opp med same type opplevingar i både oppvekst og notid. Mary hadde vore med på fleire store velgjerdarrangement saman med foreldra, og Eric hadde engasjert seg i innsamlingsaksjonar for born i Afrika. Iris hadde dei same erfaringane med fadderborn og “OD-dagen” som meg. “Det rike nord” har heilt sidan slutten på andre verdskrig etablert eit bilete av “oss” som den reine, sterke og sunne givar, og “dei”, i sør, som den sjuke, trengande og skitne mottakar (Malkki, 2015, s. 8). I “Gavens Makt” går Knut Nustad (2003) gjennom Noreg si rolle i internasjonal utviklingshjelp frå misjonærtida, gjennom storsatsinga etter andre verdskrig og fram til tidleg 2000-talet. Etter andre verdskrig og inn i den kalde krigen vart Noreg ein del av eit større vestleg samarbeidsprosjekt der utviklingshjelp i all hovudsak skulle bidra i kampen mot kommunismen si spreiding. Bistandsarbeidet sitt hovudmål var å minske forskjellane mellom fattig og rik ved å innføre vestlege kjerneelement som utdanning, demokrati, storbyar og industri i dei fattige landa. Som Nustad sjølv skriv har utviklingshjelpa hatt varierende resultat, og gjennom tiåra som følgde etter andre verdskrig har typen og innfallsvinkelen på utviklingshjelpa endra seg. Resultatet, eller eit av resultatane over tid, har likevel blitt at befolkninga på den nordlege halvkula ser på seg sjølv som overlegne eller dominerande over den sørlige delen. Nustad skriv: “bistand og utviklingshjelp (er) ikkje kun humanitært anliggende, men med på å reprodusere vestlig dominans over “den tredje verden” gjennom de bildene som produseres av fattige land” (2003, s. 138). I tillegg til å auke eins sosiale og kulturelle kapital ved å arbeide i utlandet, er oppfatninga av seg sjølv som spesielt bidragsytande i sørlege nasjonar avgjerande i avgjersla på å reise til land som Costa Rica for å arbeide frivillige. Ei årrekkje med vestleg dominans over den sørlege halvkula har ført til at informantane mine, vitande eller ei, følte seg overlegne og naudsynte i arbeidet for å betre miljø- og samfunnsituasjonen i Costa Rica.

Intensjonell utvikling

Mange av ettermiddagane saman med dei frivillige frå Zakra vart brukt i nabolaget der Zakracampen låg til. Som forklart tidlegare låg Zakra innerst i ein sideveg, forbi ei stor elv og opp mot jungelen. Nabolaget bestod for det meste av “ticos” og “nicos”, costaricanske

familiar og yngre arbeidsmigrantar frå Nicaragua. Mange av dei kring 100 menneska som haldt til i nabolaget budde i eit større bygg beståande av fleire leilegheiter og enkeltrom til leige. Då Zakra fyrst starta opp i Santa Teresa, for kring tre år sidan, hadde John og familien sett eit stort behov for resirkuleringspunkt rundt om i landsbyen, og begynte med å bygge eit i sitt eige nabolag. John og dei tilsette i Zakra tenkte det var best å plassere resirkuleringspunktet like utanfor det største bygget i nabolaget, då det var der flest menneske budde og opphaldt seg til vanleg. Resirkuleringspunktet bestod av tre sementtønner der eine tønna var for plast, ei for glas, ei for metall. Då eg og dei andre frivillige frå Zakra plukka søppel i lokalmiljøet starta me ofte med å tømme resirkuleringsstønnene som stod utanfor boligområdet. Sjølv om det var sett opp skilt med ord og bilete for kva som høyrde til i kva tønne var det ofte plastflasker som hadde hamna i tønna for glas, og omvendt. Ein gong var eigaren i Zakra, John, med oss til resirkuleringspunktet og fortalde historia om resirkuleringspunktet der. Han forklarte at søppel var eit enormt problem i nærområdet, og at om ein ikkje tilrettela resirkuleringa for dei lokale kom dei aldri til å gjennomføre det. “They are fucking idiots”, utbrøyt han då han fortalde om dei som ikkje klarte å resirkulere til tross for stor skrift og bilete av kva som skulle i kva tønne. For å kaste restavfallet måtte alle i nabolaget gå eit stykke ned mot hovudvegen, der det stod ein container som vart tømd av den kommunale søppelbilen. Om ein hadde sete utanfor leilegheita og ete ei banan eller ein kjekspakke var det enklare å kaste bananskallet eller kjekspapiret i naturen eller resirkuleringsbøtta for plast eller glas enn det var å gå ned til søppelcontaineren ved hovudvegen. Då eg spurte Zakra sin frivilligkoordinator Maria kvifor dei ikkje kunne sette opp bøtter for restavfall i tillegg til bøttene for resirkulerbart avfall svarte ho at det berre ville føre til at dei lokale kasta all avfallet i alle bøttene, utan å resirkulere. “It will get so nasty and gross”, forklarte ho medan ho rynka på nasa. Dei lokale sat ofte utanfor husa sine og såg på oss, sa hei eller dreiv på med sitt då me tømte bøttene for avfall. Eit par gongar fekk me iste av ein nabo som takka for hjelpa. I samtale fortalde naboen at han syntest det var flott at me (dei frivillige frå Zakra) plukka søppel og dreiv med resirkulering, men verken han eller nokon andre av naboane uttrykte interessa av å bidra sjølv. Dei hadde arbeid å gjere og born å ta seg av, og hadde ikkje tid til å plukke søppel.



Figur 3: Resirkuleringsstasjonen satt opp av frivillige frå Zakra.

John og dei tilsette hjå Zakra hadde eit godt forhold til dei lokale i nabolaget. Den eine frivilligkoordinatoren, Jose, var født og oppvaksen der, og vaktmeisteren frå Nicaragua budde i leilegheitskomplekset. På mange måtar var Zakra og dei lokale avhengige av kvarandre. Zakra rydda søppel og tok vare på naturen slik at det vart finare for dei lokale å bu der, og borna i nabolaget kom på campen og tok del i dei frivillige sine aktivitetar, som gav deltakarane ei kjensle av å oppleve noko meir enn ”vanlege” turistar. Kommenterar som John sin “they are idiots” var sjeldne, og generelt var forholdet mellom Zakra og dei andre i nabolaget basert på gjensidig respekt. Likevel kom det fram i samtale at John og Zakra sine tilsette hadde ein bestemt oppfatning av at dei lokale ikkje ville ta noko ansvar kring søppelhandteringa sjølv, og at det difor var heilt naudsynt at Zakra gjorde dei tiltaka dei gjorde for å skape endring og utvikling i lokalmiljøet. Knut Nustad skriv i *Gavens makt* (2003) om forskjellige typar utvikling. Basert på Cowen og Shenton sitt arbeid kring utvikling skil han mellom immanent utvikling og intensjonell utvikling. Han skriv “en

immanent utvikling er en prosess som folder seg ut over tid, medan en intensjonell utvikling er en aktiv inngripen i en bestemt situasjon for å skape en ønsket endring” (2003, s. 33). Ut i frå dette kan ein sjå at Zakra dreiv med intensjonell utvikling i arbeidet dei gjorde kring søppelhandtering i lokalmiljøet. Då John og familien starta Zakracampen i Santa Teresa såg dei at landsbyen hadde eit stort problem med søppel i naturen. I samarbeid med andre bedrifter og organisasjonar sette dei i gong spesifikke tiltak for å få bukt på problemet. Zakra satt opp resirkuleringsstasjonar i nabolag der resirkulering ikkje var i fokus, og tok på seg ansvaret om å halde dei ved like, tømme bøttene, og levere dei til andre bedrifter eller organisasjonar som dreiv med resirkulering. Nustad skriv at intensjonell utvikling og slik type hjelpearbeid er basert på ein idé om at utviklinga må innførast og overvåkast av ein elite, ofte frå vesten, med erfaring kring det som vart iverksatt. John var frå Storbritannia, og alle dei frivillige var frå “vesten”, eller Europa og Nord-Amerika. Dei lokale i nabolaget til Zakracampen resirkulerte avfallet sitt fordi Zakracampen sa at dei burde gjere det, ikkje fordi dei naudsyntvis ynskja det sjølv. Gjennom informerande skilt, resirkuleringspunkt og undervisning om resirkulering tok Zakra ei aktiv rolle i å skape ei endring blant dei lokale. Målet var å få til ei kulturendring der søppel i naturen og plast i pappavfallet vart “matter out of place”, også for dei lokale, eit konsept eg vil diskutere vidare i neste kapittel.

Konklusjon

For å forstå kvifor nokon vel å reise til andre sida av jorda for å arbeide frivillig er det viktig å ta inn over seg dei historiske, kulturelle og sosioøkonomiske bakgrunnane til dei frivillige. I fyrste augnekast kan spørsmålet kring kvifor nokon reiser til Costa Rica for å delta i ein to månadar lang camp med surfing, spanskundervisning og frivillig arbeid virke openbart. Lange strender og vakker natur kan for mange vera ein lokkande faktor i avgjersla om å tinge eit slikt opphald. Likevel er det ikkje tilfeldig at ein reiser til eit område som Costa Rica og Mellom-Amerika. Vestleg bistandspolitikk har over fleire tiår ført til eit vestleg verdsbilete der den sørlege delen er avhengig av hjelp frå nord, og at dei frå nord må eller bør hjelpe til så mykje dei kan. Å plukke søppel eller ta seg av ville dyr i Nord-Europa vil ikkje ha like mykje verdi som å gjere det same i sør, då det finst ei kollektiv forståing av at sørlege nasjonar har eit større behov for hjelp og bistand frå vesten. I tillegg til ei etablert forståing av land i sør som trengande kan ein i lys av diskusjonen frå kapittel to seie at dei frivillige også hadde eit personleg ynskje om å bidra, eller gjere ein forskjell, slik Ingrid vona å gjere som frivillig i Pura Vida.

Det er også ein lang tradisjon for danningsreiser blant europearar og nordamerikanarar og den kulturelle og sosiale kapitalen dei fekk akkumulert under opphaldet ved Zakra er unik og vanskeleg å tileigne seg på andre måtar. Deltakarane på Zakracampen var alle frå middelklassen og deira sosioøkonomiske bakgrunn gav dei moglegheit til å ta eit “friår” for å arbeide i heimlandet, spare opp pengar, og reise nokre månadar før dei starta på student- eller arbeidslivet. Dei fleste deltakarane budde heime under oppsparingsperioden, og utan utgifter for kost og losji hadde dei frivillige eit godt utgangspunkt til å spare seg opp nok pengar. Foreldra var også positive til reisa då den på mange måtar var innhaldsrik og utdannande, gjennom spanskkurs og engasjement i frivillig arbeid. I neste kapittel vil eg gå nærare inn på Zakra som ein organisasjon, og det frivillige arbeidet som vart utført. Eg vil diskutere kva rolle søppel spelte i det frivillig arbeidet i Santa Teresa, og korleis ulike fenomen som søppel og dyr kan vera gode å tenkje med i førestillinga av nasjonar eller samfunn som avhengige av hjelp frå nord.

Kapittel 4: Sjøppel

Då eg kom til Santa Teresa ein søndags formiddag i januar var det fyrst og fremst dei grøne, langstrakte palmane som fanga merksemda mi. Dei strakk seg høgt opp mot den skyfrie himmelen og lagde skugge for solskye gatehundar og solbrente turistar. Vidare oppdaga eg lyden av havet og bølgene som slo mot stranda. Bølgebrusen vart fort erstatta med høglydte motorsyklar som invaderte den søvnige hjernen min etter timesvis på reis frå hovudstaden San José. Då eg gjekk mot leilegheita eg skulle bu i dei neste månadane oppdaga eg ei søtleg, nesten kvalmande lukt som sakte, men sikkert vart så dominerande at eg følte for å halde meg for nasa. Eg forstod raskt at deler av lukta kom frå dei mariuanarøykande tatovørane som hang utanfor sjappa og slappa av i skuggen. Røyken frå hasjpipene steig opp mot himmelen og vart usynleg blanda inn med det eg etterkvart skjønnte var stanken frå avfall som hadde lugge litt for lenge i solsteiken. Lukta forsvann etter ei stund, slik den ofte gjer når ein får tid nok til å venne seg til den, men avfallet vart liggande og nye tilreisande steig stadig ut av minibussar frå San José med ei lita rynke på nasa.

Introduksjon

I førre kapittel diskuterte eg ynskje og privilegiet av å kunne hjelpe. Å arbeide frivillig er kanskje eit personleg val, men ynskje om å hjelpe sørlege nasjonar er forankra i eit vestleg verdsbilete der sørlege land er avhengig av hjelp frå nord, noko som gjer valet om å arbeide frivillig til eit langt meir komplisert og samansett fenomen enn ein fyrst skulle tru. Pura Vida og Zakra var begge organisasjonar som tilbydde tilreisande ein moglegheit til å arbeide frivillig i Santa Teresa, og til tross for at aktivitetane var forskjellige hadde begge organisasjonane søppel som hovudfokus, gjennom avfallshandtering, kompostering, informasjon om resirkulering og generell søppelplukking i lokalmiljøet. I dette kapittelet vil eg ta føre meg søppel og betydinga det hadde for dei to organisasjonane, lokalmiljøet i Santa Teresa og dei frivillige. Kvifor arbeidde dei frivillige hovudsakleg med søppelhandtering? Kvifor skapar søppel i naturen misnøye og ubehag? Mange av dei frivillige kom til Santa Teresa med eit ynskje om å arbeide med dyr. Kvifor? Og kvifor vart like mange skuffa då dei innsåg at mesteparten av det frivillig arbeidet omhandla søppel? Korleis bidrog søppelet til å

synleggjere det frivillige arbeidet? Og korleis påverka det synlege avfallet dei frivillige, lokale og Zakra som bedrift?

Eit samfunnsproblem - lokalt og globalt

Som forklart både innleiingsvis i denne oppgåva og i dette kapittelet var søppel eit stort problem i Santa Teresa. Til ei kvar tid låg det hundrevis av svarte søppelsekkar langs den lange hovudvegen som strakk seg gjennom tettstaden. Restaurantar, hotell, butikkar og privatpersonar kasta søppelsekkane ut i gatene, kor det av og til vart plukka opp av ein kommunalt driven søppelbil. Alle kommunar i Costa Rica har sjølv ansvar for å ta hand om avfallet produsert av eigne innbyggjarar, jamfør ei nasjonal lov frå 2010 (*Ley para la Gestion Integral de Residuos*, No. 8839). Lova seier også at kommunen skal tilretteleggje for resirkulering, noko som sjeldan skjer, spesielt i meir rurale områder slik som Santa Teresa. Brot på lova kan ikkje sanksjonerast, og sidan fleire tettstadar, som Santa Teresa, slit med økonomiske ressursar og tilgang på fasilitetar, vart tilrettelegging for resirkulering ofte nedprioritert (Little, 2017). Tradisjonelt sett har rurale costaricanarar tatt seg av eige avfall, ved å brenne det eller grave det ned i bakken, men auken i inntekt og forbruk, spesielt av snacks og drikke som kjem i plastembalasje, har ført til at dei gamle tradisjonane ikkje lenger strekk til. I tillegg har den enorme auken i besøkjande ført til at Santa Teresa produserer langt meir avfall enn tidlegare.

Som forklart i fyrste kapittel var hovudvegen inn til Santa Teresa stengt dei fyrste månadane eg var der, noko som førte til at søppelbilen ikkje kom som den skulle. Dei enorme mengdene med nedbør som regntida bringa med seg hadde skapt store hol i hovudvegen, noko som gjorde den farleg å kjøre på. Dei som skulle til Santa Teresa kunne kjøre ein lokal veg gjennom jungelen, men den var smal og utrygg, med grus og sand som vart kasta opp i lufta og dekte frontruta med støv. For store søppelbilar var det ekstra risikabelt å ta vegen gjennom jungelen, og å kjøre hovudvegen tok fleire timar ekstra. Vegen skulle bli fiksa, men det tok tid, og søppelmengda i gatene var difor enorm då eg kom. Til tross for lova om kommunale resirkuleringsordningar fanst det ikkje noko opplegg for resirkulering i Santa Teresa, og alt avfall vart derfor kasta i dei same, svarte sekkane, noko som førte til at dyr reiv dei opne, i jakta på mat. I samtale med lokalbefolkninga vart det uttrykt stor misnøye med lokalpolitikarane og myndighetene som ikkje klarte å ta seg av dei enorme mengdene med avfall som vart produsert. Auken i turisme hadde naturlegvis ført til meir avfall dei siste åra,

og myndighetene hadde verken ressursar eller kunnskap til å halde følge. Ein del av den eldre befolkninga i Santa Teresa nytta framleis gamle, tradisjonelle metodar for avfallshandtering som å brenne det eller grave det ned i naturen. Søppelet hamna difor ofte i naturen, i elver, innsjøar og i havet, noko som gjorde kvaliteten på både drikke- og badevatn dårleg. I tillegg skapte avfallet ei dårleg lukt, og plastposar og flasker i vegkanten vart skjemma i eit elles vakkert naturlandskap.

Søppel er ikkje eit problem avgrensa til Costa Rica eller Santa Teresa. I løpet av det første hundreår eksploderte den globale produksjonen av søppel, hovudsakleg på grunn av industrialisering og auke i velstand (Eriksen, 2011). Thomas Hylland Eriksen argumenterer i si bok “Søppel: avfall i en verden av bivirkninger” for at søppel har vorte ein av dei største biverknadane av det moderne, industrialiserte samfunn. Fram til midten av 1800-talet eksisterte det nesten ikkje søppel, då det meste vart gjenvunne til det fysisk ikkje fantes meir. Ein vaksen mann si skjorte kunne brukast av mannen sjølv, så av ein fattig tilsett, så av sonen til den fattige tilsette, som brukte restane av det slitte stoffet til å sy klede til dottera, som seinare brukte stoffet til å sy klede til ei dukke. Til sist vart kanskje dukkekleda til ei fille. Poenget er at det meste av avfallet før midten av 1800-talet var avgrensa til kroppslege væsker og oske, som, i likskap med avfallet i dag, gav frå seg ein forferdeleg stank om den vart samla opp i for store mengder, og i for varme temperaturar. Stanken var det for det meste dei fattige som måtte leve med, då dei rike kunne busetje seg på åsar og toppar i behageleg avstand frå lukta sitt opphav. I større byar vart det etter kvart myndighetene sitt ansvar å kvitte seg med avfallet, ofte med varierende resultat, ein “tradisjon” som har fortsatt inn i vårt eige hundreår. Personane som fekk den upopulære jobben med å fjerne avfallet kom frå nedre del av rangstigen, oftast frå den absolutte botn, og arbeidet vart helst gjort på natta, slik at “vanlege folk” kunne sleppe å observere den heller ukomfortable jobben.

Mot slutten av 1800-talet og inn i 1900-talet skjedde det ei endring i konsumvanane til den stadig aukande middelklassen i Nord-Amerika og Europa (Strasser, 1999). Fleire og fleire eingongsprodukt vart funnen opp og produsert. Eingongskoppar starta fyrst som eit sanitærtiltak på barneskular og passasjertog, men vart populært også i private hushald utover 1900-talet. I tillegg vart emballasje gradvis vanlegare, og det vart laga maskinar som produserte pappesker og hermetikkboksar i tusental. Fellesnemnaren for desse produkta var at dei kunne og burde kastast etter éin gongs bruk, og avfallsmengda auka i takt med produkta sin popularitet. I denne perioden vart tradisjonen for gjenbruk satt til side, då

produkta ikkje lenger var designa for å brukast igjen og igjen, og industriell masseproduksjon førte til låge prisar som gjorde det billigare å kjøpe og kaste, enn å reparere og bruke på ny. Den aukande middelkassen bringa også med seg ein ny kultur, der konsum var lik velstand (Machado-Borges, 2017). Om ein kunne kjøpe nytt, sjølv om det ein allereie hadde ikkje naudsyntvis var brukt opp, vart det eit teikn på velstand. Denne kulturen lev i beste velgåande i mange samfunn den dag i dag, og søppel vart ein definerande faktor i spørsmål om klasse. Nokon produserer, nokon konsumerer, nokon kastar og nokon plukkar det opp for å sortere og finne ny verdi i andre sitt avfall. Eit objekt vart kjøpt, tatt med heim, brukt, og når objektet, være seg mat, klede, såpe eller TV ikkje er brukande lenger, enten fordi det er tomt, øydelagt eller berre ikkje ynskja, vart det fjerna frå heimen, plassert ut i gata, tatt til ei søppeldynge eller til eit resirkuleringscenter. Ikkje-søppel høyrer heime i huset, søppel vert plassert utanfor, og vert difor også eit symbol på skilnaden mellom det private og det offentlege. Når det hamnar på gata er det søppel, men også synleg for det offentlege, og difor offentleg tilhøyrande (Strasser, 1992).

I dag veks avfallsmengda i rekordfart og søppel dukkar opp i gata, i skogen og på stranda. Søppel er eit like ubehageleg syn no som det var på midten av 1800-talet. Det luktar, det ser stygt ut og det kan bringe med seg sjukdom om det ligg for lenge. Til tross for at dei fleste moderne storsamfunn har eit utvikla system for avfallshandtering, gjer auken av avfall i naturen det vanskeleg for befolkninga å ignorere konsekvensane av det moderne samfunn sitt massekonsum. Avfallet som hamnar i søppeldunkane kan me la nokon andre handtere mens me driv på med vårt, men avfallet i naturen er umogleg å ignorere. Søppel frå havet flyt inn på strendene langs Norskekysten, og det vart arrangert standryddedagar og dugnadar for å rydde opp. Nokre lokale myndigheiter i Noreg har også innført løn for dei som samlar inn søppel langs stranda. I mars 2020 skreiv Dagbladet om Ulrik på 10 år som hadde tent 35 000 kroner på å levere inn sekkar med strandsøppel til heimkommunen, som gjennom ein lokal ordning betalte 100 kr per sekk med strandsøppel (Jonassen, 2020). Hashtaggen #femforhvalen begynte å florere etter at det i 2017 vart funnen ein kval utanfor Sotra i Hordaland som hadde svelta i hel grunna ein mage og tarm full av plastposar. Hashtaggen oppmoda alle til å plukke med seg minst fem bitar med søppel frå naturen når dei bevegde seg ute. Søppel er definitivt framleis ubehageleg å sjå på, lukte og handtere. Men det er ikkje lenger berre myndigheitene og dei nedst på rangstiden si oppgåve å fjerne det frå omverda. “Alle” er forventa å bidra til at søppel ikkje hamnar i naturen. Men kva er det som gjer det så ubehageleg å sjå ein plastpose ligge bak ein rhododendronbusk?

Søppel i naturen - “matter out of place”

Søppel høyrer som sagt heime i søppelbøtter. Men kvifor det? Som nemnt i førre delkapittel har avfall eksistert så lenge som menneske har eksistert, fyrst hovudsakleg i form av kroppsleg avfall og oske, så, i takt med auka industrialisering og velferd, i form av materiale og mat. Søppel er eit biprodukt av menneskeleg eksistens (Eriksen, 2011). I større mengder, samla saman og tett på folk vart det også farleg. Det trekk til seg skadedyr, og sjukdom vart skapt og spreidd. Det luktar ekkelt og ser motbydeleg ut. Både før og no vart søppelet kasta langt bort, brent eller grave ned under jorda. Poenget var og er at ein ikkje skal kunne sjå det. Eit objekt vart søppel med ein gong det ikkje er brukande til noko lenger, og det som ikkje er brukande høyrer ikkje heime blant menneske. Det må gøymast, brennast eller gravast ned. I Noreg, og i vesten generelt, er det eit stort fokus på søppel og skada det kan påføre verda. Søppel kan innehalde farlege stoff, og plast kan leve i tusenvis av år utan å bli brote ned og forsvinne frå naturen. Fisk får i seg mikroplast, skilpadder set hovudet fast i plastemballasje og kvalar døyr av titals plastposar i mage og tarm. Fokuset på dei negative konsekvensane søppel påfører naturen gjer at dei fleste tenkjer seg om før dei kastar søppel på stranda eller i turstien, og rynkar på nasa om dei ser ein brukt eingongsgrill liggande einsam i fjøresteinane.

Antropologen Mary Douglas skreiv i “Purity and Danger” (1966) om mennesket sitt naturlege behov for kategorisering, og spesielt kategorisering mellom det reine og det ureine. Ho skriv at det ikkje er noko som i og for seg er reint eller ureint, men at det er avhengig av konteksten. Douglas bruker det no ganske kjente eksempelet om hårstrået. Eit hårstå på hovudet vart ikkje sett på som ekkelt, men om det ligg i ein tallerken med suppe vart det både ekkelt og ureint. Håret høyrer heime på hovudet, ikkje i maten, og det vart kategorisk feil om det hamnar der. Dette forklarar ho med uttrykket “matter out of place”. Hårstrå i ei suppe, ein sko i toalettet og plastposar i naturen er i følgje Douglas sine refleksjonar alle “matter out of place”, i alle fall i visse samfunn. Det at det vestlege samfunnet har eit så stort, og stadig veksande fokus på dei negative konsekvensane søppel har på naturen gjer at ein reflekterer over det. Ein forstår at plastposen ein ser ligge langs stranda kan ende opp i ein kval sitt mage- og tarmsystem, og potensielt drepe dyret. Gjennom samfunnet sitt fokus på søppel, skadane det påfører dyr og planter i både skog og hav, og norma det skaper om å aldri la søppel hamne i naturen, gjer at nettopp søppel i naturen vert unaturleg, ekkelt, til og med grusomt å sjå - det vert “matter out of place”.

For dei som er vaksen opp med ei forståing av at søppel høyrer heime i søppelspann, og helst i forskjellige spann fordelt på kva type søppel det er snakk om, vert søppel i naturen feil. For dei som ikkje har same forståing eller kultur for søppel som noko ekstremt skadeleg på naturen vert ikkje naudsyntvis ein plastpose i naturen “matter out of place”. Eit eksempel eg kan bruke er ein episode frå serien “Den store reisen” som gikk på NRK for nokre år tilbake. Der skulle norske familiar reise til og bu hjå stammefolk rundt om i verda, for å lære, oppleve og kanskje forstå kvifor dei levde som dei gjorde. Eit program som vart populært både å sjå på og kritisere (kritikken kom frå blant anna UIB sine egne antropologar som meinte stammene vart gjort meir primitive enn dei eigentleg var for underhaldningsverdien si skuld, eit fenomen som strengt tatt ikkje er framandt for antropologar sjølv). I denne eksakte episoden skulle den eine familien bli med å lage mat. Dei lokale lagde noko pannekakeliknande av bønner dei hadde plukka frå naturen. Bønnene vart tagde av dei lokale kvinnene, og spytta ut då dei vart mjuke nok til å forme saman med meir ferdigtogge bønner for å lage pannekaker. For den norske familien vart dette ekkelt å både sjå og ete etterpå. For dei var alt som kom ut av munnen ureint. Med ein gong noko går inn i ein munn høyrer det heime i munnen, eller i magen, og med ein gong det kjem ut igjen er det ureint. Det vart “matter out of place”. Men for dei lokale var det ikkje ureint. Det var slik dei laga maten, og dei togge bønnene var på inga måte “matter out of place” då dei vart spytta ut i krukka og forma til bønnekaker. Kva som er sett på som reint og ureint er ulikt frå samfunn til samfunn. I Santa Teresa var det framleis mange lokale som brente eller grov ned sitt eige søppel. Under opphaldet mitt møtte eg på ei eldre kvinne som hadde budd heile livet sitt i Santa Teresa. Familien hennar var ein av dei fyrste som busette seg der, då det berre var eit par “fincas” og ikkje ein einaste turist. Kvinna og familien grov ned deler av søppelet sitt framleis, spesielt i periodar då søppelbilen aldri kom og det kommunale opplegget for søppelhandtering ikkje strakk til. Søppel i naturen var ikkje like “fy-fy” for dei lokale som for dei tilreisande, i alle fall ikkje blant den eldre generasjonen, då fokuset på skaden det kan gjere ikkje var spesielt stort. For kvinna var det greit å ta seg av sitt eige avfall, og sjølv om ho kunne tenkje seg å lære meir om forskjellige måtar å kvitte seg med søppelet på, såg ho ikkje noko betre løysning enn den ho nytta seg av. Det faktum at det alltid låg søppel i vegen, langs stranda, i gata og utanfor butikkane førte også til at det vart enklare for andre å kaste sjokoladepapiret på same plass. Akkurat som du har lettare for å gå inn med skitne sko når golvet allereie er skittent, er det enklare å kaste ein chipspose i ei elv allereie full av søppel.

Men det er ikkje berre søppel i naturen som er “matter out of place” i nordlege nasjonar. Auken i fokus på resirkulering har gjort at søppel ikkje berre må haldas borte i frå naturen, men også i bestemte søppelbøtter. Dei som vaks opp i Noreg på 90-talet fekk sjå og høyre på Blekkulf og vennane hans som forklarte korleis resirkulere ordentleg. På skulen spylte, tørka og bretta me melkekartongane i håp om å vinne hovudpremien på lotteriet me hadde meldt oss inn i, ved å skrive namn på kartongane, før dei vart sendt inn til resirkuleringscenteret. Hushald vert oppmoda til å resirkulere alt av avfall og det finst eigne spann for papir-, bio-, plast-, rest-, glas- og metallavfall. Å vokse opp med Blekkulf på TV som i kvar episode fortel deg korleis resirkulere avfallet ditt, og kvifor du bør gjere det, gjer at du, ikkje overraskande nok, reflekterer over det i seinare tid. Skulebesøk på det lokale resirkuleringsanlegget gjer at du ser korleis prosessen bak resirkulering fungerer. Du ser korleis ein hermetikkboks faktisk kan bli til ein sykkel, noko som for ein 10-åring elles kan vera vanskeleg å forstå. Søppel høyrer ikkje til i naturen, men i bestemte søppelbøtter som nokon hentar og tømmer for deg, og plutselig har ei plastflaske i pappavfallet også blitt ”matter out of place”. Dei seinare åra har fleire nasjonar gått vekk i frå 1900-talet sitt fokus på eingongsprodukt, blant anna ved å forby plastikkposar, plastsugerøyr eller eingongsbestikk i plast, mykje på grunn av aukt kunnskap i skaden plast påfører dyr og natur. Gradvis har fokuset skifta frå eingongsbruk og tilbake til gjenbruk, samstundes som søppel har gått frå noko ureint til ein potensiell ressurs. I Noreg har kjendisprofil Jenny Skavlan blitt rik på å promotere gjenbruk, gjennom bøker der ho forklarar korleis sy om gamle bestefarskjorter til minikjolar, og ein gjenbruksapp som let deg selje gløynde plagg frå innerst i skapet til andre, kjøpeglade brukarar. Gjenbruk har blitt kult, og dei som før var flaue over genseren frå Fretex kan skryte høglytt og få anarkjennande nikk frå dei hippaste moteentusiastane i “byn”. For nokre samfunn har fokuset på resirkulering og gjenbruk ført til ein ny form for kategorisering, der nokon sitt søppel ikkje naudsyntvis er søppel for andre, og brukt ikkje er synonymt med oppbrukt. Likevel er behovet for kategorisering der, og brukte klede vert kasta i eigne containerar frå “Uff” og “Fretex”, aldri i naturen eller pappavfallet.

“Good to think with”

Søppel i naturen vert altså feil for menneske frå områder og samfunn som kategoriserer søppel i naturen som skadeleg. Men kva er det som gjer at organisasjonane og dei frivillige i Santa Teresa hovudsakleg arbeidar i og for naturen? Som nemnt fleire gongar før i denne oppgåva er frivillig arbeid i utlandet eit aukande, men langt ifrå nytt fenomen. Å reise til

andre land for å arbeide med natur, dyr og menneske har vore populært i fleire tiår, og ofte har arbeid med born trumfa popularitetslista innan frivillig arbeid. Liisa H. Malkki skriv om born og deira rolle i humanitært arbeid i boka “The Need to Help” (2015). Frivillig arbeid har ofte vorte sentralisert kring born som av ulike grunnar finn seg i vanskelege situasjonar, og har eit behov for hjelp. Born er, skriv Malkki, uskuldige, og difor i utgangspunktet uproblematiske individ å hjelpe. Deira mangel på agens, politiske og religiøse forståing og engasjement gjer at det vert tilsynelatande mindre komplisert å hjelpe born enn vaksne, som i større grad kan seiast å ha ein påverknad på eigen livssituasjon. Malkki bruker eksempelet kring barnesoldatar. Ein lege på feltarbeid gjennom Røde Kors vil kanskje ha mindre etiske problem knytt til å hjelpe ein barnesoldat frå ei gerilja- eller terrorgruppe enn om soldaten var ein vaksen mann. Dette er fordi eit born har mindre agens enn ein vaksen mann, og vert difor meir uskuldig til trass for potensielle grusome handlingar. Barnet har kanskje vorte kidnappa og tvungen inn i gerilja- eller terrorgruppa. Om barnet har valt det sjølv er det enklare å skulde det på hjernevasking og omsorgssvikt enn om det var ein vaksen mann. Born er den uskuldige parten i alt vondt. Vaksne er sjeldnare det. Likevel har det å arbeide frivillig med born i andre land vorte sterkt kritisert i media dei siste åra. Fleire ekspertar og privatpersonar har uttalt seg om skada organisert frivillig arbeid kan påføre mottakaren, spesielt om mottakaren er eit born. Seinast i Mars 2020, då eg sat og skreiv dette kapittelet, vart eit meiningsinnlegg publisert på Aftenpostens Si;D med tittelen “Frivillig arbeid på barnehjem er skadelig for barna” (Tariq, 2020). Psykologistudent og leiar for SOS-barnebyar UiO, Simran Tariq argumenterer for skadane systematisk frivillig arbeid hjå barneheimar i utlandet kan ha på borna som bur der. Ho argumenterer for at vestlege som arbeidar frivillig i barneheimar har vorte ein “business”, noko som gjer at eigarane av desse barneheimane vert avhengig av foreldreause born for å tene pengar. Dette kan ha negative konsekvensar for løysinga av sosioøkonomiske problem som fører til foreldreause born. Tariq meiner også at borna i barneheimen kan ta direkte psykologisk skade av påkjenninga det gir å ha fleire omsorgspersonar komme og gå gjennom livet, slik ein gjer om ein bur på ein barneheim med tilreisande frivillige året rundt. Min etnografi omhandlar ikkje frivillig arbeid med born, i stor grad fordi eg sjølv ikkje ynskja å ta del i ein praksis som hovudsakleg baserar arbeidet sitt på born når eg berre hadde seks månadar til disposisjon. Fleire av dei frivillige eg snakka med i Santa Teresa hadde også reflektert over dette, og såg problematikken bak det å arbeide med born over så kort tid. Om arbeid med born vert for komplisert, for etisk og moralsk tyngande, kan dyr og natur vera det nest mest uskuldige? Naturen, og dyra som lev der, er i likskap med borna utan spesielt stor grad av agens, i alle fall i vestleg forståing av dyr og natur. Trea og

skilpaddene kan høyre til eit politisk og religiøst land, område eller person, men i likskap med borna har dei lite dei skulle ha sagt eller gjort politisk og religiøst sett, og vert difor i stor grad uskuldige. Det er ikkje skilpadda si skuld at kinesiske fiskebåtar kastar all avfallet direkte ut i havet. Og det er mindre sjanse for at palmetrea, havet og havskilpadda får langvarande psykologiske problem etter å ha mottatt hjelp frå eit titals reiseglade 20-åringar frå nord.

I “The Need to Help” samanliknar Lisa Malkki ynskje om å hjelpe born med ynskje om å hjelpe dyr. Ho skriv:

“The moralized, sentimentalized figure of children as sufferers works in much the same manner as do those of suffering animals. Both do affective cultural work as expressive moral subjects (but not as rational, knowing subjects). Both are “good to think” as innocent victims. Animals and children are so often made more human than anyone.”

(2015, 87)

Med “good to think” som uskuldige offer refererer Malkki til den franske antropologen Claude Lévi-Strauss og boka “Totemism”(1964), der han diskuterer menneske sin tendens til å velje ut ulike fenomen fordi dei er “gode å tenke med”. Totemisme er eit fenomen der grupper eller enkeltpersonar har ein spesiell relasjon (ofte mytisk) til noko tilhøyrande naturen, som trær og planter, dyr, fjell eller ulike vêrfenomen som regn og torden. Desse objekta eller fenomenona fungerer som totem for personen eller gruppa. Ofte er det knytt spesielle forpliktingar til totemet, som for eksempel at ein ikkje kan ete det, om det er i utgangspunktet etande. Totemisme var og er spesielt utbredt i tradisjonelle samfunn i Amerika, Oseania og Afrika, og før Lévi-Strauss var det mange vestlege forskarar som meinte totemisme berre var ein primitiv religion, eller ein del av eit større økonomisk system. I “Totemism” argumenterer likevel Lévi-Strauss for at totemisme er ein form for klassifikasjon av naturlege og sosiale fenomen, og slett ikkje ein primitiv religion eller ein del av eit økonomisk system. Der andre antropologar, som Malinowski, ville sagt at eit totemdyr vert respektert fordi dei er gode å ete, meiner Lévi-Strauss at totemet vert respektert fordi dei er gode å tenke med. Med dette meiner han at totema ofte svarer til den sosiale serien av interne grupperingar innad i klanen, eller til dei ulike klanane innad i eit større samfunn, på eit metaforisk plan. Ørneklanen er ofte gode på jakt, og bjørneklanen er ofte sterke. Med dette byggjer totemismen bru mellom natur og kultur og bidreg til kunnskap om begge deler

innanfor eit lukka kunnskapssystem. Teorien kring mennesket sitt behov for å velje ut ulike fenomen som er gode å tenkje med kan også brukast i å forstå kvifor nokon ynskjer å arbeide frivillig med born og dyr.

Bileter av og historier om dyr vert ofte brukt i kampanjar for klimasaka, ofte fordi dei er “good to think”, nettopp som uskuldige offer av menneskelegskapte klimaendringar og ein øydelagt natur. Eit bilete av eit lite, smeltande isflak ved nordpolen vil kanskje ikkje vekke mykje kjensler i ein person. Isflak smeltar kvart år, det er naturleg, og me har sett det før. Det gir ikkje umiddelbar grunn til bekymring eller vekker ei sorg eller tristhet hjå den som ser det. Men, om det står ein utmagra, svoltande isbjørn på isflaket vert det vukken til live ei bølge av kjensler. Tankar som “stakkars isbjørn, som er så tynn og svolten, og heilt aleine på isflaket”, kjem brått og me fortel til naboen; “så forferdeleg at isen smeltar i ein slik fart at isbjørnen ikkje klarer å tilpasse seg. Kva skjer med isbjørnen når isflaket har smelta heilt vekk?” Til slutt tenkjer ein kanskje: “Eg bør slutte å køyre bil til jobben”. Om me ser eit bilete av eit sugerøy flytande i havet tenkjer me kanskje “huff”, men det er nok fordi me har sett ei skilpadde med eit sugerøyr i nasa ein gong før, og sugerøyret i havet minner oss om det ubehagelige bilete. Me fekk alle frysningar då me såg video av skogbrannane som herja over Australia i årsskifte 2019-2020. Det som gav sterkast inntrykk var bileter av koalabjørnar, svidde i ansiktet, tørste og hjelpelause i røyken frå flammene, og millionvis vart donert til organisasjonar som arbeidde med å stoppe brannane. Dyr er som oss, eit subjekt, med eit hjarte, ein hjerne og ein kropp, og difor vert dyra “good to think” i vanskelege og hjelpelause situasjonar. Likevel er dyra utan politiske og religiøse overtydingar, dei er uskuldige i naturkatastrofar og krig, og vert difor eit “reinare” vesen enn menneska sjølv. Som Malkki skriv; dei vert “more human than anyone” (2015, s. 87).

Fleire av dei frivillige eg snakka med under feltarbeid hadde kome til Santa Teresa hovudsakleg for å arbeide med dyr, og for nokon hadde det vore ein livslang draum, slik som Mary nemnt i kapittel tre. Til tross for at Mary bidrog i det frivillige arbeidet, plukka søppel og var med på resirkuleringspunktet i Cóbano utrykte ho stor frustrasjon over kva type arbeid dei vart sett til å gjere. Etter kring to veker fortalde ho meg at ho vurderte å reise tidlegare enn planlagt. Det var ikkje dette ho såg for seg då ho booka reisa, fortalde ho meg medan me stod i vegkanten og plukka brukte barnebleier ut frå buskas. Ingen av nettsidene som dei frivillige tinga opphaldet gjennom hadde vore klare på at mesteparten av det frivillige arbeidet ville inkludere plukking av boss på strender og i vegkantar. Mary hadde booka

nettopp denne campen fordi nettsida skreiv om frivillig arbeidet med sjøskilpadder, ikkje berre søppel og avfall. “Since I was a little girl I’ve dreamt of saving sea turtles, that’s why I came. But I haven’t even seen one sea turtle in these two weeks”, fortalde ho meg oppgitt. John hadde fortalt dei at det ikkje var skilpaddesesong, og at dei mest sannsynleg ikkje kom til å få sjå eller arbeide så mykje med skilpadder medan dei var her. Dette fant Mary ekstremt lite motiverande og den store arbeidsinnsatsen til tross, fant ho det ikkje givande nok å berre plukke søppel.

Om arbeid med dyr vert favorisert fordi dei er “good to think with” kring klimaendringar, kvifor vart frivillige som Mary skuffa over å måtte plukke søppel? Kvifor vart ikkje søppelplukkinga oppfatta som meningsfullt? Det å plukke søppel i naturen er vel også å hjelpe dyr - indirekte? Er det slik at å hjelpe ei skilpadde gir meir kjensle av å hjelpe “nokon” enn det å plukke søppel gjer? Og kvifor? I generell vestleg oppfatning av natur, dyr og subjekt er eit dyr - i motsetning til naturen, havet og trea - eit subjekt, som kan både uttrykke og føle på kjensler. Om ein skal følgje Malkki sine refleksjonar kring Lévi-Strauss sin “good to think”-teori kan ein diskutere om det å arbeide i naturen og plukke søppel ikkje vert godt nok å tenke med. Eit tre eller ei strand har verken auge, hjarte eller puls, og vert difor vanskeleg å tenke på som noko menneskeleg. Det er mogleg å tenkje seg at Mary vart lei av å plukke søppel fordi ho ikkje fekk sjå nokre av dyra ho i utgangspunktet ynskja å hjelpe, og difor ikkje klarte å konseptualisere at ho faktisk hjalp dei.

Ein av dei største prosjekta og veletablerte samarbeida Zakra hadde var med den lokale organisasjonen North Peninsula Waterkeepers (NPW). Sidan myndigheitene misslyktes i å legge til rette for resirkulering hadde organisasjonen, i samarbeid med ei internasjonal bedrift, starta eit program der dei samla inn plastavfall frå Santa Teresa og områda rundt. Bedrifta NPW samarbeida med hadde sponsa ein liten lastebil, som køyrde gjennom Santa Teresa éin gong i veka, for å samle inn plastavfall frå innbygjarane. I tillegg hadde NPW etablert eit resirkuleringscenter i nabobyen, der alt det innsamla plastavfallet vart sortert og sendt vidare til USA, der bedrifta som originalt sponsa prosjektet gjorde plastikken om til tråd, som igjen vart brukt til å produsere sko og klede. Prosjektet var nytt og difor framleis i prosessen av å etablere seg i lokalsamfunnet. Likevel fekk dei samla inn ein del plastavfall frå ulike hotell og restaurantar, i tillegg til avfallet frå Zakra, som bidrog ved å sende dei frivillige til resirkuleringscenteret for å hjelpe til nokre timar, éi gong i veka. Arbeidet dei frivillige hjalp med besto hovudsakleg av å sortere avfallet. Til tross for at det meste berre var

plastflaser, måtte kvar og enkel plastflaske sorterast ut i frå kva type og kva farge plasten bestod av. Dei frivillige opna søppelsekkar, tømte innhaldet ut på eit stort bord med veggar, og begynte å sortere. Kvit plast, mørk plast og gjennomsiktig plast vart alle sortert kvar for seg. I tillegg sorterte ein i kategoriane 1-PET (polyester), 2 - PE-HD (High Density Polythene) og så vidare, då kun nokre av kategoriane var resirkulerbare. Fleire av dei frivillige syntest det var spanande å vera på resirkuleringscenteret då dei fekk arbeide med dei fem lokalt tilsette som arbeidde der, praktisert spansk og lære om korleis ein sorterer plast. Men entusiasmen sank ved kvart besøk, då ein såg at mengda med plastavfall var uendeleg, og at dei søppelsekkane ein fekk opna og sortert berre var ein brøkdelen av den enorme haugen som låg inne i og utanfor bygget. Oppgittheita blant dei frivillige vaks også kvar gong dei kom tilbake til gatene og strendene dei hadde rydda veka før, og såg at det var minst like mykje søppel no, som sist. Som nemnt tidlegare er søppel eit produkt av menneskeleg eksistens, og det veks i takt med konsum. Søppel forsvinn ikkje ved at ein plukker det opp, for det vil berre vera nokon som kaster eit nytt sjokoladepapir der ein time seinare. Dei frivillige fekk sjå frukten av arbeidet då dei kunne vege og ta bilete av kilovis med avfall dei hadde plukka og fjerna frå gata og strendene i Santa Teresa. Likevel var gleda kortvarig, og den stagnerte i det dei skjønnte at det arbeidet dei gjorde var håpløst i møtet med dei enorme mengdene søppel som vart produsert. Ein kan seie at søppel vert “good to think”, då det var synleg og målbart, men i motsetning til dyr som vart symbol på det reine og uskuldige, vert søppel eit symbol på det håplause. For dei frivillige vart søppelet eit bevis på det evigvarande problemet ved menneskeleg eksistens, som ingen vil sjå eller ha noko med å gjere.

Case: Resirkuleringspunktet og Blue Flag Ceremony

Ein ettermiddag vart eg og seks andre frivillige frå Zakra sendt ned til stranda saman med eigaren av campen, John. Han ba oss samle oss rundt eit resirkuleringspunkt like ved opninga til stranda. Resirkuleringspunktet var likt det oppe i nabolaget, berre at dette var utan fargar eller skrift, då sola og saltvatnet frå havet hadde slitt det ut. John fortalde at resirkuleringspunktet ein gong hadde vore velfungerande, men då ingen brydde seg med å halde det ved like hadde malinga flassa av og ingen visste lenger kva tønne som var for kva type avfall. Resultatet var tre tønner med alt slags type avfall bognande ut. Engasjert fortalde John oss at me skulle gjere noko med dette. Han forklarte at han hadde avtalt med strandrestauranten ved sidan av at dei skulle tømme avfallsbøttene om me brukte tid og ressursar på å pusse dei opp og gjere dei fine. John meinte dette var fantastisk, for då kunne

me hjelpe til med å minske sjansen for at punktet vart sjåande like ille ut i framtida. Saman med Zakra sin vaktmeister, nicaraguanske Juan, skulle me sette opp eit til sylinder, male dei i sterke fargar med tydeleg skrift, og bygge eit tak over. Dette var viktig å få gjort innan dei neste to vekene, for då skulle stranda få utdelt eit blått flagg frå “The Blue Flag Ecology Program” som bevis på at “our beach is clean and eco-friendly”. Dette programmet var eit initiativ frå costaricanske myndigheiter der strender rundt omkring langs kystane i Costa Rica kunne søkje om å få sertifisering som ei rein, trygg og miljøvennleg strand. For å få sertifisering måtte ein ha ein viss kvalitet på både badevatnet i sjøen, utan for mykje forureining, og heilt utan kloakk. Stranda måtte også ha søppelbøtter og resirkuleringspunkt, og vera fri for søppel i naturen. Som forklart tidlegare slit Costa Rica med både søppel i naturen og dårleg røyr- og kloakksystem, som ofte fører til skitne strender og dårleg eller farleg badevatn, noko som øydelegger arbeidet myndigheitene og turismesektoren legg i å etablere Costa Rica som ein grøn og miljøvennleg turistdestinasjon. “The Blue Flag Ecology Program” er difor ein av myndigheitene sine initiativ i håp om å betre standarden på landet sine badestrender og sjøen knytt til dei.

I dagane som kom var det resirkuleringspunktet som vart fokuset for det frivillige arbeidet. Vaktmeister Juan snakka berre spansk, men nokre av dei frivillige hadde nok spanskkunnskapar til å kommunisere under arbeidet. John dukka opp i ny og ne for å sjekke korleis me låg an før seremonien neste veke. Nora og fleire av dei andre frivillige syntest det var gøy å kunne bidra med noko så konkret som å pusse opp eit resirkuleringspunkt. Å plukke avfall langs vegane var givande ei lita stund, når ein såg kor mykje ein faktisk samla inn, men då ein gjekk same runde veka etter, og oppdaga at mengda avfall var minst like stor som veka før vart det heller demotiverande. Å bygge eit resirkuleringspunkt av betong, med tak og fin maling, ville gjere eit større inntrykk og påverknad på lokalbefolkninga, og forhåpentlegvis bidra til positiv endring over tid. “Maybe I can bring my kids here one day and show them”, lo Mary då ho malte den eine tønna i knall gul farge, og skreiv “Plástico” med store, svarte bokstavar. Etter nokre dagar med arbeid hadde me fått satt opp eit fjerde sylinder, malt alle fire sylinderane i forskjellige fargar, skrevet ulik tekst på kvar og enkelt av dei og plassert plastikkposar i tønnene. Taket som skulle beskytte mot regn skulle me få opp neste veke då det behøvde litt meir materiale. John kom og såg på det nesten ferdige produktet og sa me hadde vore flinke. Restauranten ved sida av gav oss smoothie for den gode jobben, og dei fleste frivillige var einige om at dette var noko av det kjekkaste arbeidet

dei hadde utført, sjølv om dei i utgangspunktet trudde det skulle bli utruleg keisamt.



Figur 4. Resirkuleringspunktet før Zakra.



Figur 5: Resirkuleringspunktet nesten ferdig.

Nokre dagar seinare var det klart for sjølve Blue Flag Ceremony. Initiativtakaren heite Jessica og var ei dame eg hadde møtt fleire gongar gjennom opphaldet mitt i Santa Teresa. Jessica var leiaren for ein lokal NGO og arbeidde på resirkuleringsstasjonen i Cóbano. Jessica var engasjert og deltok i det meste av offentlege arrangement i lokalsamfunnet. Denne dagen skulle ho halde seremonien kring det blå flagget. Med seg hadde ho fem lokale politibetjentar, leiaren for dei lokale frivillige i området, ein “tico” i 50-års alderen og kona hans. I tillegg var det nokre få andre aktørar frå andre bedrifter og organisasjonar i området. Før sjølve seremonien starta skulle alle plukke søppel på stranda som ein felles aktivitet. Dei frivillige frå Zakra fekk prata med nokre av politimenna, så langt spansk- og engelskkunskapane deira lot dei prate og det vart servert saft og frukt. Mange av dei frivillige frå Zakra var slitne og lei av å plukke boss. Det var 34 grader og 99% luftfuktigheit denne dagen, og svetten rant sjølv i brisen frå havet og skuggen frå palmetrærne. Etter litt mingling var det endeleg tid for sjølve seremonien. Jessica holdt ein liten tale om korleis arbeidet vårt med å halde stranda ryddig hadde bidrege med å få dette blå flagget. Ein lokal NGO hadde tatt vannprøver av både drikkevatt og badevatn over lengre tid, og det var i god stand og

ikkje forureina, slik diverre mange drikke- og badevatn langs kystane i Costa Rica var. For å halde på det blå flagget måtte den gode innsatsen fortsette i form av strandryddearrangement og spreing av informasjon om korleis halde sjøen og stranda rein for forureining. John hadde planar om å ta oss med til ein skilpaddecamp i nærleiken etter seremonien var over, og hadde difor kontakta fleire sjåførar som skulle frakte alle dei frivillige frå Zakra. Sjåførane kom tidleg og deltok på seremonien, medan bilane stod på tomgang for å halde airconditionen i gong. I tillegg var det tre politibilar der som også stod på tomgang. Fleire av dei frivillige, inkludert meg sjølv måtte flire då Jessica stod og snakka om miljøvern og rein luft og vatn over bilduren til seks dieselbilar på tomgang. Ein av dei frivillige frå Zakra fekk vera med å heise opp det blå flagget, saman med Jessica og ein politimann. Sett bort frå dei tre sjåførane som var kommen på bestilling, var det ingen lokale utan tilknytning til ein organisasjon eller bedrift som var tilstades under arrangementet, noko som ikkje var uvanleg for slike arrangement i Santa Teresa. I følge fleire av dei lokale som var engasjert i det frivillige arbeidet eller ulike NGOs, slik som Jessica og Alejandro, var det vanskeleg å få dei lokale til å møte opp på ulike arrangement som omhandla samfunnet og nærmiljøet. Som naboen til Zakra fortalde meg då me plukka søppel var dei fleste opptatte med born og arbeid, og dei hadde ikkje tid til å møte opp. Det kan også tenkjast at mengda med organisasjonar, NGOs og bedrifter som Zakra i Santa Teresa førte til at fleire av dei lokale tok eit steg tilbake, då dei samfunns- og miljømessige problema allereie var i sentrum og fyrsteprioritet hjå så mange andre.

Etter seremonien pressa me oss inn i dei tre taxiane og kjørte den 40 minuttar lange køyreturen til nabolandsbyen, der det fanst ein organisasjon som arbeidde med å konservering av sjøskilpadder. Organisasjonen såg til at skilpadder fekk fred til å legge egg i strandområdet, og hjalp til med å passe på egga fram til dei var klar til å klekke og små sjøskilpadder kom ut og starta ferda mot havet. Det var denne sistnemnte seansen dei frivillige frå Zakra skulle få oppleve denne ettermiddagen, og sidan dette var ein sjeldan oppleving på denne tida av året hadde nærare hundre andre tilskodarar stilt seg opp for å sjå dei små skilpaddeborna kjempe ein tapper kamp mot sand og bølger, fram til dei til slutt forsvann i havet. Skilpaddeborna hadde blitt tatt vare på av dei frivillige frå den lokale organisasjonen, og låg no i små esker, klare til å bli sluppen fri. Dei frivillige frå Zakra samla seg kring eskene for å få ein titt og eit bilete av dei små dyra. Mary var i ekstase. Det var dette ho hadde ynskja seg då ho tinga opphaldet med Zakra. Endeleg ei oppleving utanom det vanlege!



Figur 6: Frivillige samlar seg kring ei ekse med nyklekte skilpaddeborn.

Caset om resirkuleringspunktet, ”Blue Flag”-seremonien og møtet med skilpaddeborna syner oss viktigheita av å kunne konseptualisere endring, i tillegg til å føle at ein sjølv har hatt ein effekt, slik som drøfta i kapittel to. Dei frivillige meinte det var givande å pusse opp resirkuleringspunktet fordi dei såg at det kunne føre til faktisk endring blant lokalbefolkninga. Det at ein kunne ta med seg sitt eige søppel frå stranda og resirkulere det på veg heim ville føre til at mindre søppel hamna i naturen. Dei nye avfallstønnene i betong syna haldbarheit, dei sterke fargane dei var malt i syna optimisme og nyvinning, og det liknande resirkuleringspunktet lenger oppe i gata syna håp om at det kunne hjelpe. Som forklart i kapittel to fekk dei frivillige kjenne på “the pleasure of being the cause” (Graeber, 2018, s. 84), i dette tilfellet var dei årsaka til at stranda vart litt meir ryddig enn før. Seremonien var for dei frivillige mindre viktig. For dei, utan spesiell tilknytning til Costa Rica, myndighetene og lokale organisasjonar var seremonien berre ein seremoni, og det var ikkje nokon som reflekterte vidare over det. Men for John og Zakra var det viktig av fleire grunnar. Det at

stranda fekk eit blått flagg og sertifisering syna endring. Badevatnet var reint, og stranda ryddig, noko som var viktig for turismenæringa. Sertifiseringa, og det blå flagget, syna også at arbeidet dei utførte hadde resultat. I tillegg var seremonien i seg sjølv viktig for Zakra, då dei fekk vist at dei stilte opp og bidrog til fellesskapet og samarbeidet mellom myndigheitene og organisasjonane. Å kunne tilby dei frivillige opplevinga av å sjå skilpaddeborn kjempe seg ut i havet var viktig for Zakra fordi det gav deltakarane ein sjanse til å konseptualisere formålet med eige frivillig arbeid. Ved å observere eit lite skilpaddeborn, krypande nedover sandstranda, mot ei forhåpentlegvis plastfri framtid i havet, vart dei frivillige minna på kvifor søppel må plukkast opp og vekk frå naturen. I tillegg fekk dei moglegheit til å ta bilete av noko ingen av dei heime kunne; nemleg eit lite sjøskilpaddeborn. Dette vil gi dei auka kulturell kapital, då det å hjelpe uskuldige dyr i ein sørleg nasjon vert oppfatta som ein sjeldan oppleving, og ein modig heltedåd av dei heime.

Konklusjon

Søppel var og er eit enormt problem i Santa Teresa, og mangel på initiativ frå stat og lokale myndigheiter har ført til at fleire organisasjonar og bedrifter som Zakra har tatt det på eigen kappe å få bukt med problemet. Søppel i naturen er “matter out of place” (Douglas, 1966) spesielt for tilreisande som kjem med ein forventning om eit grønt og reint costaricansk landskap. Illeluktande søppel langs gangvegen kan potensielt gjere turistdestinasjonen mindre populær blant vestlege turistar som ser på søppel i naturen som skadeleg og “ureint”, noko som gjer avfallsproblemet enda større for bedrifter som lev av turismen. For Zakra vart søppelproblemet også ein ressurs, då det gav arbeid til frivilligturistar med eit ynskje om å bidra. Til tross for det store behovet for hjelp til å plukke søppel og sortere plastavfall var det fleire av dei frivillige som uttrykte misnøye over det frivillig arbeidet. Mange, som Mary, hadde sett for seg arbeid hovudsakleg basert på dyr, og ikkje søppel. Som forklart tidlegare er frivillig arbeid med born og dyr ofte prioritert over andre former for frivillig arbeid. Malkki og Lévi-Strauss syna oss at born og dyr ofte er “good to think”, som uskuldige individ med behov for hjelp. Bileter av skilpadder og andre eksotiske dyr hadde ofte vore til inspirasjon i ynskje og avgjersla om å tinge opphaldet hjå Zakra, og skuffelsen vart stor då dei frivillige innsåg at arbeidet hovudsakleg baserte seg på avfallshandtering. Då dei frivillige innsåg at timane dei brukte på å plukke søppel ikkje førte til reine gater over tid vart mengda med søppel berre eit symbol på det håplause prosjektet om ein søppelfri natur faktisk er. Caset frå resirkuleringspunktet og “Blue Flag Ceremony” understreka viktigheita av synleggjering og

konseptualisering av eige arbeid, slik som eg diskutert i kapittel 2, via David Graeber sine refleksjonar kring meningsfullt og givande arbeid (2018).

Avslutning:

Gjennom denne masteroppgåva har eg forsøkt å vise kva frivilligturisme i ein costaricansk surfeby kan fortelje oss om arbeid, kapital og søppel. Ved å fokusere på nokre av informantane mine sine personlege historier, bakgrunnar, ynskjer og draumar har eg skildra og analysert sentrale tendensar blant frivilligturistar i Santa Teresa, Costa Rica. I fyrste kapittel introduserte eg prosjektet mitt, feltområdet og problemstillingane eg ville ta for meg gjennom oppgåva. Hovudsakleg var eg interessert i kva som gjer arbeid verdifullt og kva som gjer det meiningslaust. Eg ynskja også å drøfte trongen til å reise utanlands for å arbeide frivillig, noko fleire av dei frivillige følte på. Eg spurte; kva gjer arbeid verdifullt? Er det frivillige arbeidet meir verdifullt om det skjer i andre omstende enn det kjente? Om so, kvifor det, og korleis vert verdien av arbeidet konkretisert? I tillegg ynskja eg å diskutere rolla søppel spelte i det frivillige arbeidet i Santa Teresa, for dei frivillige og for organisasjonane. Til sist spurte eg; kva gjer nokre fenomen, som dyr eller born, meir populære som mottakar av det frivillige arbeidet enn andre fenomen, som natur og avfall?

I kapittel to tok eg for meg arbeid, og kva som gjer arbeid verdifullt for den enkelte. Med eit etnografisk utgangspunkt i leiaren av Pura Vida, Alejandro, og frivillige Ingrid, diskuterte eg verdisett knytt til arbeid. I følge David Graeber (2018), og refleksjonane hans kring fenomenet ”bullshit jobs”, er det naudsynt for enkelte å føle ei viss påverknadskraft i arbeidet ein utfører. Ingrid, og fleire av dei andre frivillige hjå Pura Vida, oppfatta jobben i heimlandet som både meiningslaus og uetisk, då dei ynskja å påverke klima- og miljøproblema i ein positiv retning. Kjensla av å ikkje bidra til noko godt førte til at fleire av dei tok ubetalt permisjon eller sa opp jobben for å arbeide frivillig i Santa Teresa. Likevel kjente Ingrid raskt på same meiningslause som ho hadde følt på i heimlandet, og innsåg at heller ikkje Pura Vida kunne gi ho det Graeber, ut i frå Groos, skildrar som ”the pleasure of being the cause” (2018, s. 84). Til tross for at ho hadde slutta i jobben sin fordi ho var lei av å jobbe for eit stort, internasjonalt selskap, der målet var å produsere mest mulig rikdom for bedrifta sine eigarar og administrerande direktørar, klarte ho ikkje å legge frå seg tanken om å produsere mest mogleg på ein rask, og effektiv måte. Gjennom Weber sin analyse av den protestantiske arbeidsetikken (2011), og tilknyttinga den har til det kapitalistiske verdisettet, kan ein sjå at Ingrid i stor grad var eit produkt av både kapitalismen og protestantismen sin

arbeidsetikk. For ho var det viktig å arbeide hardt, samtidig som ho produserte noko av verdi. Som i marxistisk teori kring arbeid og verdi var Ingrid sitt fokus hovudsakleg fundert i produktet arbeidet hennar produserte. Utan eit handfast resultat vart ikkje arbeidet hennar verdifullt, noko som førte til at ho heller ikkje som frivillig klarte å konseptualisere eigen påverknad til det betre. Olivia Harris og hennar argument for ei teoretisk forståing av verdi som meir enn berre produktet av eit arbeid, la grunnlaget i forståinga av Alejandro, hans syn på verdifullt arbeid, og argumentasjonen for viktigheita av eit breiare og meir inkluderande forståing av kva som gjer arbeid verdifullt.

I kapittel tre skifta eg fokus frå Pura Vida og arbeid over på Zakra og dei frivillige der. Eg tok for meg tre av dei mange frivillige hjå Zakra, og fokuserte spesielt på deira sosioøkonomiske bakgrunn, som gav dei moglegheit til å tinge eit lengre opphald i Santa Teresa. Alle deltakarane frå Zakra var mellom 18 og 25 år, og utan høgare utdanning. Likevel gjorde deira klassebakgrunn det mogleg å ta fri frå ansvar i heimlandet, og betale høge summer for å arbeide frivillig i eit land som Costa Rica. Danningsreiser har lenge vore vanleg for medlemmar av middelklassen, og foreldre betalar eller legg til rette for at borna kan reise ut i verda. Ut i frå Bourdieu (1986; 2000) argumenterte eg for at eit opphald hjå Zakra vart ein viktig verktøy i akkumuleringa av sosial og kulturell kapital for deltakarane. Zakra tilbudde både frivillig arbeid og kurs i spansk, yoga og surfing, noko som gjorde opphaldet verdifullt, spesielt for nokon på jakt etter kulturell kapital. Med medlemmar frå store deler av Europa og Nord-Amerika, i tillegg til tilsette frå Mellom-Amerika, fekk deltakarane også auke sin sosiale kapital på eit internasjonalt nivå ein sjeldan får til i heimkommunen. Sidan deltakarane betalte høge summer for å delta på ein camp som Zakra, kan ein seie at deira, eller deira foreldre sin, økonomiske kapital vart konvertert til sosial og kulturell kapital, som i framtida kan vera avgjerande i sosial eller økonomisk mobilitet. I tillegg hadde dei frivillige vakse opp med ein oppfatning av sørlege nasjonar som trengande, ei oppfatning basert på fleire tiår med vestleg bistandsarbeid i sør (Nustad, 2003). Dei frivillige såg på seg sjølv som kompetente og naudsynte i arbeidet med å løyse lokale problem knytt til avfall og miljø, ei oppfatning delt at organisasjonar lik Pura Vida og Zakra, som gjennom intensjonell utvikling arbeida for å endre dei lokale sine vanar kring avfall og resirkulering.

I kapittel fire tok eg for meg søppel og betydinga det hadde i Santa Teresa, og for dei frivillige som arbeidde med det. Søppel var eit stort samfunns- og miljøproblem i tettstaden, og til tross for myndigheitene sitt lovpålagte ansvar om å ta hand om avfallet, førte dårleg

infrastruktur, mangel på ressursar og stor auke i talet på turistar til at søppelhandteringa ikkje strakk til. For ein turistdestinasjon som Santa Teresa, der dei fleste fastbuande lev av turisme, er søppel i naturen spesielt øydeleggande, då tilreisande kjem med ein forventning om eit grønt, reint og miljøvennleg landskap. Søppel i naturen er “matter out of place” (Douglas, 1966), og vert difor ubehageleg for turistar å vitne. Organisasjonar som Zakra tek det på eigen kappe å få bukt på problemet, og set frivillige arbeidsturistar i gong med oppryddingsarbeid og resirkulering av avfallet. Likevel vart mange av deltakarane hjå Zakra skuffa over det avfallsfokuserte arbeidet, då dei hovudsakleg tinga opphaldet i håp om å få arbeide med dyr. Dyr er ”good to think”, som subjekt, uskuldige og hjelpelause (Malkki, 2015), og gir dei frivillige hjelp i forsøket på å konseptualisere miljøproblem og dyrevernsarbeid. Å plukke søppel, veke etter veke, utan å sjå noko resultat, verken i form av ryddige gater over tid eller lykkelege skilpadder utan plast kring halsen, vart demotiverande for frivillige som Mary. Å kunne konseptualisere eigen påverknad, eigen “being the cause”, er det som gjer arbeidet verdifullt. Ein kort visitt til ein dyrevernsorganisasjon, der sjøskilpaddeborn fekk kravle fritt frå strand til hav var nok til at Mary, som eigentleg ville reise heim, fant tilbake til motivasjonen og gleda ho hadde fyrste dagen som frivilligturist.

Tittelen på denne oppgåva er ”Frivilligturisme og bullshit jobs: om verdifullt arbeid, kapital og søppel”. Avslutningsvis ynskjer eg å reflektere over korleis desse fenomenene nemnt over vil eller kan endre seg i lys av Covid-19-pandemien som herjar. I løpet av mars 2020 vart store delar av verda stengt ned, og ”alle” vart bedne om å halde seg heime, i eige land, kommune og hus. Grenser vart stengde og dei fleste fly satt på bakken. Turisme, slik me kjente det, eksisterte ikkje lenger, og millionvis av menneske mista levebrødet på dagen. Alejandro levde av inntekta han fekk frå å leige ut huset sitt til turistar på AirBnB, og John livnærte heile familien sin på inntekta frå Zakra. I to månadar har Santa Teresa stått utan dei mange reiseglade turistane, og ingen veit kor lenge det vil vare. Til august? September? Eller ut heile 2020? Uvita er noko me alle har måtte venne oss til den siste tida. Om grensene opnar igjen dei neste månadane er det ikkje sagt at Zakra og Pura Vida får same strøym av tilreisande som før. Stans i flytrafikk og internasjonale reiser har ført til betrakteleg mindre CO2-utslepp og klima- og miljøforkjemparar jublar, medan dei oppmodar alle til å fortsette å fly minst mogleg, også etter koronapandemien har passert. Kanskje fører ein sommarferie i eige land til at ein opnar augo for feriering også i eigne heimtrakter. Kanskje vil debatten under, og etter, Covid-19 skape eit nytt verdsett kring det å reise, slik at utanlandsreiser til sørlege, ”hjelpetrengande” nasjonar ikkje lenger gir same mengde sosial og kulturell kapital

som før. Kanskje vert dei som hald seg heime, bestig fjelltoppar og deler video på Instagram av at dei badar i kaldt fjellvatn, dei som akkumulerer viktig kulturell og sosial kapital. Korleis korona vil påverke reisevanane våre over tid er for tidleg å seie. Likevel ser ein at norske høgskular og universitet har opplevd rekordhøge søkjartal i år, og mykje tyder på at dei 18-25 åringane som i utgangspunktet planla å ta eit friår for å reise eller arbeide frivillig, har kome på andre tankar.

Vidare kan ein tenkje på kva som skjer med ynskje om å arbeide frivillig etter Covid-19 har fått herja ferdig. Som diskutert i kapittel tre er det å kunne arbeide frivillig eit privilegium, spesielt om arbeidet tek stad i utlandet. Covid-19 har allereie påverka verdsøkonomien til ein så stor grad at ekspertar spår økonomiske uår lik tida etter børskrakket i 1929. Talet på arbeidssøkjande har sjeldan vore høgare i Noreg, og sparekontoane minskar medan ein ventar på støtte frå NAV. I nokre land finst det inga velferdsordning eller tryggleiksnett frå myndigheitene. Korleis påverka mangel på betalt arbeid lysten til å arbeide frivillig? Kan foreldre fortsette å betale eller legge til rette for at borna deira skal reise på eit lengre opphald i utlandet, om dei er permittert eller oppsagt frå jobben? Korleis skal personar som Eric skilje seg ut i den om mogleg enda tøffare søknadsprosessen ved engelske universitet, når dei ikkje får moglegheit til å tileigne seg viktig kulturell kapital gjennom frivillig arbeid i utlandet? Og kva skjer med søppelet i Santa Teresa, utan frivilligturistar som plukkar det opp, men heller ikkje bidreg til å produsere det? Kva gjer organisasjonar som før var avhengig av tilreisande frå nord for å få til ei utvikling blant dei lokale? Stopper det opp, eller finn dei nye løysningar, og i så fall; kva?

Til sist, men absolutt ikkje minst; kva vil skje med ideen om verdifullt arbeid? Eit av hovudfenomena tatt opp i denne oppgåva er arbeid, og kva som gjer arbeid verdifullt. Den nye røynda som følge av Covid-19 har allereie vore med på å påverke dei etablerte oppfatningane av kva som er verdifullt arbeid. Då ”heile” Noreg stengde ned vart godt betalte direktørar, konsulentar og rådgjevarar bedne om å halde heimekontor så lenge som mogleg, medan dei med samfunnskritiske jobbar vart kalla inn. Barnehagar og skular vart stengde, med unntak for born av dei som *måtte* på jobb, for å halde Noreg og folket i live. Liknande tiltak vart satt i verk over store deler av verda. Sjukepleiarar, bønder, reinhaldarar og butikktilsette gjekk frå å vera til dels usynlege, til dels lågstatus og absolutt underbetalte yrker, til å vera dei mest synlege, mest verdsette arbeidarane i samfunnet. I England, Noreg og andre land, gjekk dei karantenefaste mellomleiarane og andre ut på balkongen for å

applaudere sjukepleiarar, reinhaldarar og andre helsetilsette sitt uvurderlege arbeid. Etter ei stund svarte sjukepleiarar med å be dei applauderande heller støtte helsetilsette sitt arbeid for høgare løn, enn å klappe for heltemodig innsats. For heltar har dei blitt, dei med samfunnskritiske jobbar, dei som før vart gløynde i fokuset på økonomisk vekst og effektiv produksjon. Spørsmålet er korleis dei nye statusane vil verta konkretisert i verdi. I eit intervju med Klassekampen 2. mai i år, fortalte David Graeber om håpet han har for eit ”omsorgsopprør”, som ein respons på den felles oppvakninga under Covid-19-pandemien. (Holth, 2020). Graeber forklarar at auken i heimekontor, utan kontrollerande sjefar eller forstyrrende møter, har ført til at fleire og fleire reflekterer over eigen og andre sin jobb. Som eit resultat har fleire innsett kva arbeid som kan bli gjort ferdig innan 30 min på heimekontoret, og kva som gjer livet mogleg å leve. Graeber seier til Klassekampen: ”Som feministiske økonomier har påpekt, kan all nyttig arbeidskraft bli sett på som en form for omsorgsarbeid. Dette er den primære formen for arbeid” (Holt, 2020). Og som resultat vonar han på eit omsorgsopprør, der den nyttige arbeidskrafta får sin fortente plass i arbeid- og lønshierarkiet. Spørsmålet som står er likevel om samfunnet vil la seg endre, eller stå fast ved tidlegare verdisett knytt til arbeid. Det som er sikkert er at me har ei ny og annleis framtid i møte, der den nye røynda vil opne opp for nye spørsmål, nye problemstillingar og mest sannsynleg nye funn kring frivilligturisme, verdifullt arbeid, kapital og søppel.

Litteratur:

- Aakvaag, G. C. (2011). Fremveksten av sosiologisk tenkemåte: Karl Marx, Max Weber og Emile Durkheim. I E. Balsvik & S. M. Solli (Red.), *Introduksjon til samfunnsvitenskapene bind 1* (s. 60-82). Oslo: Universitetsforlaget.
- Barlett, P. (1982). *Agricultural Choice and Change: Decision Making in a Costa Rican Community*. New Brunswick, NJ: Rutgers University Press.
- Bernard, H. R. (2011). *Research Methods in Anthropology: Qualitative and Quantitative Approaches*. California: The Rowman & Littlefield Publishing Group.
- Bloch, M. (2017). Anthropology is an odd subject. *HAU: Journal of Ethnographic Theory*, 7(1), 33-43.
- Borgejordet, T. (2009). *Frivillig arbeid – et grensefenomen. En antropologisk undersøkelse av Misjonsalliansens volontørtjeneste i Bolivia*. (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo
- Bourdieu, P. (1986). The Forms of Capital. I Richardson, J. G. (Red.), *Handbook of Theory and Research for the Sociology of Education*. (s.241-258). New York: Greenwood Press
- (2000). *Distinction. A social critique of the judgement of taste*, Routledge, London
- Brosius, J.P. (1999). Green Dots, Pink Hearts: Displacing Politics from the Malaysian Rain Forest. *American Anthropologist*, 101(1), 36-57.
- Burns, G. L. (2004). Anthropology and Tourism: Past Contributions and Future Theoretical Challenges. *Anthropological Forum*, 14 (1), 5-22. DOI: 10.1080/0066467042000189908

- Butcher, J. (2003). *“The Moralisation of Tourism: Sun, Sand... and Saving the World?”* New York: Routledge
- Campell, L. & Smith, C. (2006). What Makes Them Pay? Values of Volunteer Tourists Working for Sea Turtle Conservation. *Environmental Management*, 38. 84-98.
- Cerwonka, A & Malkki, L. H. (2007). *Improvising Theory: Process and Temporality in Ethnographic Fieldwork*. The University of Chicago Press. Chicago and London
- Douglas, M. (1966). *Purity and danger : An analysis of concepts of pollution and taboo*. London: Routledge Classics.
- Eriksen, T. (2011). *Søppel: Avfall i en verden av bivirkninger*. Oslo: Aschehoug.
- Escobar, A. (1995). *Encountering Development: The Making and Unmaking of the Third World*. Princeton, NJ: Princeton University Press
- Ferguson, J. (1994). *The Anti-Politics Machine: "Development," Depoliticization, and Bureaucratic Power in Lesotho*. Minneapolis: University of Minnesota Press
- Galley, G. & Clifton, J. (2004). The Motivational and Demographic Characteristics of Research Ecotourists: Operational Wallacea Volunteers in Southeast Sulawesi, Indonesia. *Journal of Ecotourism*, 3, 69-82.
- Gonzalez, A. (2017, 11. mars). Amazon invests in Costa Rica as tiny nation carves out profitable niche in world economy. *Seattle Times*. Henta 17.03.20 frå: <https://www.seattletimes.com/business/amazon/amazon-invests-in-costa-rica-as-it-carves-itself-a-profitable-niche-in-the-world-economy/>
- Graeber, D. (2018). *Bullshit jobs*. New York: Simon & Schuster.
- Harris, O. (2007). What makes people work? I R. Asturi, J. Parry, C. Stafford (Red.), *Questions of Anthropology* (s. 135-155). Oxford: Berg.

- Higgins-Desbiolles, F. (2009). Indigenous ecotourism's role in transforming ecological consciousness. *Journal of Ecotourism*, 8(2), 144-160
- Holt, O. Ø. (2020, 2. mai). Håpet på eit omsorgsopprør. *Klassekampen*. Henta 25.05.20 frå <https://klassekampen.no/utgave/2020-05-02/haper-pa-et-omsorgsoppror?status=subscribed>
- Hugøy, I. & Ødegaard, C. V. (2019). Becoming 'Wild' at the Intersection of Knowledges: Coffee Rust Crisis in Costa Rica, *Ethnos Journal of Anthropology*, DOI: 10.1080/00141844.2019.1640761
- Igoe, J. (2010). The spectacle of nature in the global economy of appearances: Anthropological engagements with the spectacular mediations of transnational conservation. *Critique of Anthropology*, 30(4), 375-397
- (2017). *The Nature of Spectacle: On Images, Money, and Conserving Capitalism*. The University of Arizona Press.
- Jonassen, H. T. (2020). Ulrik (10) tener penger på søppel. *Dagbladet*. Henta 20.03.20 frå <https://www.dagbladet.no/nyheter/ulrik-10-tjener-penger-pa-soppel/72184086>
- Lanfant, M.-F. (1993). Methodological and conceptual issues raised by the study of international tourism: I D. G. Pearce & R. W. Butler (Red.) *Tourism research: Critiques and challenges* (s. 70–87). London: Routledge.
- Larkins, E. R. (2015). *The spectacular favela : Violence in modern Brazil*. Oakland, California: University of California Press.
- Lévi-Strauss, C. (1964). *Totemism*. London: Merlin Press.
- Ley Para La Gestión Integral De Residuos. (2010). Ley No. 8839. Henta frå https://www.pgrweb.go.cr/scij/Busqueda/Normativa/Normas/nrm_texto_completo.aspx?nValor1=1&nValor2=68300

- Litte, M. (2017). Innovative Recycling Solutions to Waste Management Challenges in Costa Rican Tourism Communities. *Journal of Environmental and Tourism Analyses*, 5. 33-52.
- MacCarthy, M. (2016). *Making the Modern Primitive : Cultural Tourism in the Trobriand Islands*. Honolulu, Hawaii: University of Hawai'i Press.
- Machado-Borges, T. (2017). Out of Sight, Out of Mind? Middle-Class Households, Waste, Consumption, and Environmental Awareness in Southeastern Brazil. *Journal of Latin American and Caribbean Anthropology*, 22(2), 298-319.
- Malkki, L. H. (2015). *The Need to Help : The Domestic Arts of International Humanitarianism*. Durham: Duke University Press.
- McCabe, G. (2011). Map of Santa Teresa. Henta 02.01.20 frå <https://www.santa-teresa.com/area-info/maps/surfing-map-of-santa-teresa/>
- McGehee, N. & Santos, C. A. (2005). Social Change, Discourse and Volunteer Tourism, *Annals of Tourism Research*, 32: 760-79.
- Norsk permakulturförening. (2020). Hva er permakultur. Henta 22.12.19 frå <http://www.permakultur.no/hva-er-permakultur>
- Nustad, K. (2003). *Gavens makt: norsk utviklingshjelp som formynderskap*. Oslo: Pax Forlag
- Ooi N. & Laing J. H. (2010). Backpacker tourism: sustainable and purposeful? Investigating the overlap between backpacker tourism and volunteer tourism motivations. *Journal of Sustainable Tourism*, 18 (2), s. 191-206
- O'Reilly, K. (2012). *Ethnographic Methods*. Second Edition. London and New York: Routledge.

- Przeclawski, K. (1993). Tourism as a subject of interdisciplinary research. I D. G. Pearce & R. W. Butler (Red.). *Tourism research: Critiques and challenges* (s. 9–19). London: Routledge.
- Sodermann, N. & Snead, S. (2008). Opening the Gap: The Motivation of Gap Year Travellers to Volunteer in Latin America. I K. Lyons & S. Wearing (red.). *Journeys of Discovery of Volunteer Tourism*. Oxon: CABI Publishing.
- Stocker, K. (2005). *“I Won’t Stay Indian, I’ll Keep Studying” : Race, Place, and Discrimination in a Costa Rican High School*. Boulder: University Press of Colorado
- Stoddart, H. & Rogerson, C. (2004). Volunteer Tourism: The Case of Habitat for Humanity South Africa, *GeoJournal*, 60, 311-318.
- Strasser, S. (1999). *Waste and want : A social history of trash*. New York: Metropolitan Books
- Tariq, S. (2020, 14. mars). Frivillig arbeid på barnehjem er skadelig for barna. *Aftenposten*. Henta 14.03.20 frå <https://www.aftenposten.no/meninger/sid/i/pLkbvE/frivillig-arbeid-paa-barnehjem-er-skadelig-for-barna-simran-tariq>
- Tesfai, Aida. (2014). *En antropologisk studie av to frivillige bistandsorganisasjoners intervensjoner i Kenya*. (Masteroppgåve). Universitetet i Bergen: Bergen.
- Towner, J. (1996). *An Historical Geography of Recreation and Tourism in the Western World, 1540-1940*. Chichester: Wiley
- Tuner, Victor W. (1974). *Dramas, Fields, and Metaphors: Symbolic Action in Human Society*. Ithaca: Cornell University Press
- Van den Berghe, P. (1994). *The quest for the Other: Ethnic tourism in San Cristobel, Mexico*. Seattle: University of Washington Press
- Vrasti, W. (2013). *Volunteer Tourism in the Global South: Giving Back in Neoliberal Times*.

(1st ed., Interventions Ser). Oxon & New York: Routledge

Wearing, S. (2001). *Volunteer Tourism: Experiences That Make a Difference*. New York: CABI.

Weber, M. & Parsons, T. (2012). *The Protestant Ethic and the Spirit of Capitalism: Max Weber*. Newburyport: Dover Publications.

Wolf, E.R. (1982). *Modes of Production i Europe and the people without history*. Berkeley: University of California Press

Zahle, J. (2017). Privacy, Informed Consent, and Participant Observation. *Perspective on Science*, 25 (4): 465-487.